109500 - Arbeidsgiveravgift	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	12.12.24 PR	92	Kj nr 882	1 053,71	
109900 - Arbeidsgiveravgift	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	11.10.24 PR	76	Kj nr 868	1 142,04	
111500 - M�rkeavgift	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	05.12.24 AP	5635		207,00	
112008 - Opholdsavgifter ved reise	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	11.11.24 AP	5306		3 339,20	
112008 - Opholdsavgifter ved reise	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	11.11.24 AP	5306		240,00	
112016 - Fakturagebyr	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	05.12.24 AP	5635		1 221,43	
127001 - Konsulentjenester	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Sep/2d	17.09.24 AP	5306		40,00	
127001 - Konsulentjenester	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Sep/2d	17.09.24 AP	4652		11 254,00	
127001 - Konsulentjenester	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	15.11.24 AP	5245		14 115,00	
127001 - Konsulentjenester	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	18.11.24 AP	5303		12 701,00	
127001 - Konsulentjenester	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	08.12.24 AP	5661		41 095,00	
135000 - L�p fra kommuner	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	17.12.24 AP	5894		3 320,55	
142900 - Merverdiavgift som gir rett til mva kompensasjon IA	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	11.11.24 AP	5306		146,57	
142900 - Merverdiavgift som gir rett til mva kompensasjon IA	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	05.12.24 AP	5635		146,57	
142900 - Merverdiavgift som gir rett til mva kompensasjon IA	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	05.12.24 AP	5894		830,14	
172900 - Kompensasjon for merverdiavgift IA Bygland Kommune	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	11.11.24 AP	5306		-416,71	
172900 - Kompensasjon for merverdiavgift IA Bygland Kommune	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Nov/2d	11.11.24 AP	5306		-146,57	
172900 - Kompensasjon for merverdiavgift IA Revnes Hotell AS	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	05.12.24 AP	5635		-416,57	
172900 - Kompensasjon for merverdiavgift IA Revnes Hotell AS	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	05.12.24 AP	5894		-430,14	
195000 - Bruk av bindne driftsfond	40401 - Kulturskule	44007 - Gorriaus oppl�ring av ped personale (383 - Kulturskole	Des/2d	17.12.24 AP	3894		47 500,00	
44008 �vre S�tedal leikarring (underprosjekt Interkommunal kulturskulestilling)							80 391,96	26797,32
Konto	Firma/person	Prosjekt	Funksjon (K)	Period-Bilagsd BA	##	Tekst	Sum	
112000 - Samlepost annet forbruksmateri�ll, v�ret og tjenester	40401 - Kulturskule	44008 - Etablering �vre S�tedal leikarring (65 383 - Kulturskole	Aug/2d	07.08.24 AP	3539	Diresperke	19 039,00	
109900 - Arbeidsgiveravgift	40401 - Kulturskule	44008 - Etablering �vre S�tedal leikarring (65 383 - Kulturskole	Des/2d	12.12.24 PR	92	Kj nr 882	485,61	
102000 - V�rdsf�nd	40401 - Kulturskule	44008 - Etablering �vre S�tedal leikarring (65 383 - Kulturskole	Des/2d	12.12.24 PR	92	Kj nr 882	3 989,96	
109002 - Arb givers andel KLP - pensjon	40401 - Kulturskule	44008 - Etablering �vre S�tedal leikarring (65 383 - Kulturskole	Des/2d	12.12.24 PR	92	Kj nr 882	591,37	
127001 - Konsulentjenester	Kc L�yd Kj�llt Caroll's J�re	44008 - Etablering �vre S�tedal leikarring (65 383 - Kulturskole	Des/2d	30.12.24 AP	6153		5 550,00	
147000 - Overf�ring til andre (private)	S�tedal Sp�lmannsl�g	44008 - Etablering �vre S�tedal leikarring (65 383 - Kulturskole	Sep/2d	11.09.24 AP	6313		75 000,00	

195000 - Bruk av bundne driftsfond	Agder fylkeskommune	40401 - Kulturskule	44008 - Etablering Øvre Setedal leilarring (65 383 - Kulturskole) Des/24	130	Tilskot fra	-75 000,00	29 655,94	9885,313
------------------------------------	---------------------	---------------------	--	-----	-------------	------------	-----------	----------

Grunnlag fakturering INTERKOMMUNAL UNESCO-SATSING I OPPVEKST - GORRLAUS OG INTERKO

Konto	Ansvar	Funksjon	Prosjekt	Bykle	Bygland
175000	40401	383	44000	kr 19 481	kr 19 481
175000	40401	383	44009	kr 150 604	kr 150 604
175000	40401	383	44007	kr 26 797	kr 26 797
175000	40401	383	44008	kr 9 885	kr 9 885
				kr 206 768	kr 206 768

EIT SAMARBEID MELLOM

- DEI TRE KOMMUNANE VALLE, BYGLAND OG BYKLE I ØVRE SETESDAL
- AGDER FYLKESKOMMUNE
- SETESDAL SPELEMANNSLAG

FØREMÅL:

1. MÅLRETTA OG REGELMESSIG OPPLÆRING I FOLKEMUSIKK
- SONG, DANS OG SPEL - I BARNEHAGAR OG SKULAR

2. INTERKOMMUNAL STILLING I FOLKEMUSIKK I
KULTURSKULANE



Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no



Saksmappe: 2025/377
Sakshandsamar: ESE
Dato: 21.08.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
85/25	Kommunestyret	28.08.2025

Innkjøpsreglement for Bykle kommune

Kommunedirektørens si tilråding

Vedlagde innkjøpsreglement vert vedteke som Bykle kommune sitt innkjøpsreglement.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Kommunestyret vedtok 30.01.2025, i sak 3/2025, eit nytt innkjøpsreglement for Bykle kommune. I same vedtak fekk administrasjonen i oppdrag å leggje fram forslag til endringar som kan gjere det enklare å gjennomføre lokale innkjøp. I det nye forslaget er det lagt inn fleire punkt og reglar som støttar opp om slike innkjøp, og eksisterande reglar som styrkjer dette er løfta tydelegare fram i sjølv reglementet

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok 30.01.2025, i sak 3/2025, eit nytt innkjøpsreglement for Bykle kommune. I same vedtak fekk administrasjonen i oppdrag å leggje fram forslag til endringar som kan gjere det enklare å gjennomføre lokale innkjøp.

Vedtaket andre og tredje avsnitt: *«Administrasjonen får i oppdrag å legge frem ny sak ila 2025 med forslag til endringar som kan gjere det lettere å gjere lokale innkjøp.*

Spesielt sett i ljøs av Totalberedskapsmeldinga, ny veileder "Oppskrift for mer lokalmat og lokal drikke", vedtak i sak ps 102/24 og målsettingar i kommuneplanens samfunnsdel.»

Vedtak i ps 102/24: *«Bykle kommune set fokus på landbruksnæringar og auka sjølvforsyning, og koplinga mellom landbruk og reiseliv i åra som kjem.*

Framover vil ein prioritere;

- *Kartlegging av dyrkingspotensial, tilstandsvurdering dyrkamark i dag.*
- *Konkretisere strategiar for aktivering av jordbanken i Bykle.*
- *Sjå på tilskotsordningane for nydyrking og om att-dyrking av gamal innmark.*
- *Sikre dyrkingspotensial for framtida gjennom ny arealdel av kommuneplan.*
- *Stimulere til generasjonsskifte gjennom å tilby ordning for vegvalsrettlegg og drøfting av ulik samdrift/utleige der aktive bønder kan nyttegjere seg ressursgrunnlag til landbruksproduksjon på gardar som ikkje er i aktiv bruk.*
Vurdere om det er grunnlag for eit pilotprosjekt for ny organisering og bruk av innmark i lag med eigarar av bruk som i dag ikkje er i aktiv drift.
- *Slutføre arbeid med Beitebruksplan for optimalisering av bruken av utmarksbeite.*
- *Stø opp om pilotprosjekt som aukar produksjon av nye/andre vekstar, produksjonsformer og å ta i bruk ny teknologi/ utstyr for å auke tilfanget av lokalmat og auka sjølvforsyning.*
- *Revidere innkjøpsreglementet slik at kommunen fremjar produksjon og etterspørsel etter stuttreist / lokalmat i sine innkjøp.*
- *Stø opp om prosjekt som koplar reiseliv og landbruk og synergjar mellom skjøtsel, opplevingar og lokal verdiskaping.»*

Lenker:

Landbruks- og matdepartementet (LMD): [Oppskrift for mer lokalmat og lokal drikke](#)

Bykle kommune – Kommuneplan samfunnsdelen: [bykle-kommune-kommuneplanens-samfunnsdel_020524_4-lav.pdf](#)

Formelt grunnlag

Krava til offentlege innkjøp er regulert i «lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)», samt i «forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)». Lova gjeld alle statlege organ og etatar, fylkeskommunane og kommunane, samt for offentlegrettslege organ, som til dømes underselskap/verksemdar som er eigd og kontrollert av ein kommune.

Det er viktig å understreke at det berre er lukka anbodskonkurransar for anskaffingar opp til 1,3 mill. ekskl. mva. kor kommunen kan velje leverandørane som skal vere med i konkurransen. Administrasjonen meiner at kommunen i dag, så godt som alltid, inviterer lokale verksemdar i lukka anbodskonkurransar, så lenge det finst bedrifter som kan levere dei tenestene eller varene som skal kjøpast inn.

Når verdien av anskaffinga er mellom nasjonal terskelverdi og EØS-terskelverdiar, får forskrifta del 1 og 2 verknad, som mellom anna vil seie at ein må følgje prosedyren for open anbodskonkurranse, som igjen vil seie at konkurransen vert kunngjort i Doffin (nasjonal database for kunngjering av offentlege anskaffingar). Her kan ikkje kommune sjølv velje kven som får levere tilbod (i all hovudsak).

Sjølv om anskaffingsprosessen delvis er underlagd omfattande regulering, har offentlege oppdragsgivarar høve til å leggje til rette for at lokale leverandørar kan vere konkurransedyktige i innkjøpsprosessen. Rettleiaren frå Landbruks- og matdepartementet peikar mellom anna på følgjande, som vi har lagt til grunn i vårt regelverk:

- ✓ Beredskap og forsyningstryggleik: Norske kommunar bør ta omsyn til matberedskap i offentlege innkjøp, sidan Totalberedskapskommisjonen har peika på at den nasjonale matberedskapen er utilstrekkeleg. Pandemi, ras og flaum kan påverke evna til å levere mat til eldre, institusjonar og sjukehus.

- ✓ Klima- og miljøomsyn: Frå 1. januar 2024 skal klima- og miljøomsyn vektast med minst 30 % i offentlege anskaffingar. Lokalproduserte varer kan gi lågare transportutslepp og norsk produksjon har generelt lågt forbruk av plantevernmiddel og lågare klimagassutslepp frå husdyrhald.
- ✓ Nasjonale kostråd: Offentlege innkjøp av mat og drikke bør ta utgangspunkt i dei nasjonale kostråda, og Helsedirektoratet har ein rettleiing som støttar dette.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Å prioritere lokalproduserte varer/tenester i kommunale innkjøp kan medføre noko høgare kostnader, sidan prisnivået ofte er høgare enn hos større nasjonale og internasjonale leverandørar. Samstundes kan slike innkjøp styrkje det lokale næringslivet, skape arbeidsplassar og bidra til auka verdiskaping i kommunen, noko som på sikt kan gi positive ringverknader for lokal samfunnsutvikling.

I tillegg gir kortare transport lågare klimagassutslepp, og lokal produksjon har ofte lågare bruk av plantevernmiddel og betre dyrevelferd, noko som støttar kommunens klima- og miljømål. Støtte til lokale produsentar vil òg kunne styrkje den lokale matberedskapen og redusere sårbarheita ved kriser.

Samla sett kan dette føre til ein moderat auke i innkjøpskostnader, men med tydelege gevinstar for miljø, beredskap og lokal utvikling.

Tilhøve til kommuneplanen

Endringane i regelverket er i tråd med kommuneplanens samfunnsdel.

Kommuneplanen slår blant anna fast at Bykle ønskjer eit meir lønsamt landbruk, auka sjølvforsyning og satsing på lokalmat. Planen vektlegg grøne innkjøp og miljømessig berekraft, som gir eit tydeleg mandat til å prioritere lokale leverandørar. Beredskap og samfunnstryggleik får stor merksemd i planen.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Forslag til nytt Innkjøpsreglement
- 2 Innkjøpsreglement vedteke 30 01 25.pdf

Melding om vedtak blir sendt til:

xx.xx.2025

Innkjøpsreglement for Bykle kommune



BYKLE KOMMUNE

Innhold

1. INNLEIING	3
2. INNKJØPSAVTALAR	3
3. LOKALT NÆRINGS LIV (Nytt)	3
4. FORMÅL OG OMFANG	3
5. KOMMUNEN SINE MILJØKRAV	4
6. FORHOLDET TIL LOV, FORSKRIFTER, PLANVERK, MV.	5
6.1 Lov, forskrifter og tilhøyrande rettleiarar	5
6.2 Grunnleggjande prinsipp for offentlege anskaffingar	5
6.2.1 Forholdsmessighetsprinsippet	6
6.2.2 Konkurransesprinsippet	6
6.2.3 Likehandsamings- og ikkje-diskrimineringsprinsippet	6
6.2.4 Prinsippa om forutsigbarhet og etterprøvbarhet	6
6.3 Hovudgrupper for offentlege anskaffingar	7
6.3.1 Kjøp av varer og tenester under kr 100.000 ekskl. mva.	7
6.3.2 Kjøp av varer og tenester mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva.	7
6.3.3 Kjøp over nasjonal terskelverdi (1,3 mill.) og opp til EØS-terskelverdiar	8
6.3.4 Kjøp over EØS-terskelverdiar	8
6.4 Andre lover, reglement, planverk og rettleiarar som er relevante for innkjøp.....	8
7. GJENNOMFØRING AV ANSKAFFINGSPROSESSEN	9
7.1 Berekne verdien på anskaffinga	9
7.2 Prosedyrane open og avgrensa tilbodskonkurranse (kjøp over 1,3 mill. ekskl. mva.) 9	
7.3 Utarbeiding av konkurransegrunnlag	9
7.4 Utlysing og fristar	10
7.5 Innkjøpsprotokoll.....	10
7.6 Evaluering av tilbod, val av leverandør og eventuell klagehandsaming	10
7.7 Kontrakt	10
7.8 Offentlegheit og journalføring	11
7.9 Konsekvensar ved brot på innkjøpsregelverket	12
8 KVALITETSSIKRING	12
8.1 Innkjøpsfullmakt og -ansvar	12

8.2	Varemottak og kontroll.....	12
8.3	Attestasjon og tilvising	13
8.3.1	Attestasjon	13
8.3.2	Tilvising.....	13

1. INNLEIING

Dei allereie gjeldande lover, forskrifter, rettspraksis og tilhøyrande rettleiarar om offentlege innkjøp, dannar dei grunnleggjande krava for alle kommunen sine innkjøp. Dette reglementet er eit supplement til det eksisterande regelverket. Kommunestyret vedtek innkjøpsreglementet minst ei gong kvar kommunestyreperiode. Kommunen skal årleg offentleggjere ei liste over leverandørar som sel varer og tenester til kommunen for kr 100.000 ekskl. mva. eller meir.

2. INNKJØPSAVTALAR

Bykle kommune er medlem i OFA IKS (Offentleg fellesinnkjøp på Agder) og har innkjøpsavtalar på ei mengde varer og tenester. Det er viktig at tilsette med innkjøpsmynde kjenner til desse avtalane, både når det gjeld type varer og tenester og handlingsrommet utanfor avtalane. Før ein gjer eit innkjøp, skal det alltid undersøkast om Bykle kommune allereie har ein avtale for den aktuelle vara eller tenesta. Oppdatert avtaleportefølje finn du [her](#)¹.

3. LOKALT NÆRINGS LIV (Nytt)

Bykle kommune skal leggje til rette for dialogmøte med det lokale næringslivet på jamleg basis. Føremålet er å bli betre kjende med kvarandre, avklare kommunens behov, gjeldande regelverk og det lokale marknadspotensialet.

Kommunen bør, dersom det er føremålstenleg, ha dialog med den lokale leverandørmarknaden før ei konkret anskaffingsprosess blir gjennomført, så lenge dette ikkje gir enkelte leverandørar ein konkurransefordel eller medfører forskjellsbehandling i strid med regelverket.

Ved anskaffing av mat og drikke, til dømes til arrangement, skal kommunen ta utgangspunkt i rettleiaren frå Landbruks- og matdepartementet «[Oppskrift for meir lokalmat og lokal drikke](#)»² og kommuneplanens samfunnsdel. Desse dokumenta peikar på lokalmat og -drikke sin betydning for totalberedskap, nasjonale kostråd, klima- og miljøomsyn.

4. FORMÅL OG OMFANG

- a) Formålet med reglementet er å sikre at alle innkjøp (varer, tenester, bygge- og anleggskontraktar mv.) til kommunen vert utført i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer om offentlege innkjøp.

¹ [Avtaleportefølje Arkiver - OFA IKS](#)

² [Oppskrift for mer lokalmat og lokal drikke](#)

- b) Innkjøpa til kommunen følgjer prinsippa om konkurranse, likehandsaming og ikkje-diskriminering, forutsigbarheit, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit.
- c) Innkjøpa til kommunen skal gjennomførast på ein slik måte at kommunen sine interesser vert ivaretekne best mogeleg på kort og lang sikt.
- d) Innkjøpsordninga skal vere rasjonell og gi ein effektiv utnytting av kommunen sine ressursar, samt skape tillit hjå tilsette, leverandørar og innbyggjarar.
- e) Lokalt næringsliv vert prioritert så langt det er mogleg innanfor regelverket for offentlege anskaffingar, og så langt som det føreligg konkurransedyktige lokale alternativ, som har tilstrekkeleg kompetanse, f.eks. med omsyn tiltaksklassar etter plan- og bygningslova. Det er berre lukka anbodskonkurransar for anskaffingar opp til 1,3 mill. ekskl. mva. kor kommunen kan velje leverandørane som skal vere med i konkurransen. **Flytta opp frå k)**
- f) Innkjøpsordninga skal sikre at det er reell konkurranse på like vilkår ovanfor alle interesserte leverandørar.
- g) Kommunen sin internkontroll skal sikre at feil vert oppdaga og retta i tide.
- h) Kommunen skal vere transparent i forhold til alle offentlege innkjøp.
- i) Kommunen skal gjere innkjøp i tråd med god forretningsskikk, som igjen inneberer at den skal opptre profesjonelt, sakleg og forsvarleg, særleg med tanke på habilitet og konfidensialitet i forhold til Forvaltningslova. Her viser ein og til kommunen sine retningslinjer for habilitet.
- j) Eit innkjøp kan ikkje delast opp for å omgå regelverket for offentlege anskaffingar. Ved einsarta varer, tenester eller bygge- og anleggskontraktar som kan føre til fleire enkeltkontraktar, skal den samla verdien av desse leggjast til grunn. Ein gjer likevel merksam på at ein *funksjonell* oppdeling av større prosjekt kan vere hensiktsmessig for å tiltrekke fleire **og lokale** tilbydarar, så framt oppdelinga ikkje er gjort for å omgå regelverket.
- k) Under planlegging av det enkelte innkjøp skal det takast omsyn til livssyklusluskostnadar, universell utforming og miljømessige konsekvensar av innkjøp.
- l) Miljøaspektet og klimaaspektet vert teke omsyn til i samband med innkjøp.
- m) Beredskap og forsyningstryggleik bør vektleggjast der det er mogleg, og dette kan gje grunnlag for å prioritere lokale varer og leverandørar der regelverket opnar for det. **(Nytt)**

5. KOMMUNEN SINE MILJØKRAV

- a) Dei følgjande miljøkrava gjeld berre for anskaffingar over kr 100.000 ekskl. mva.
- b) Ved planlegging av den enkelte anskaffing vert det teke omsyn til anskaffinga sine livssyklusluskostnadar og miljømessige konsekvensar.
 - i. Lokalproduserte varer kan ha lågare klimagassutslepp frå transport og liknande. Dette bør vektleggjast der det er relevant og innanfor ramma av gjeldande anskaffingsregelverk. **(nytt)**
 - ii. I alle anskaffingar vert det stilt miljøbaserte kvalifikasjonskrav (leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar). Dette kan dokumenterast i form av eit tredjepartsgodkjent miljøstyringssystem, eller ved at tilbydar svarar på ei miljøerklæring.

- iii. Miljøomsyn skal, der det er mogleg og relevant for anskaffinga, og der det er praktisk mogleg og ikkje medfører openbare ulemper, inngå som eit tildelingskriterium. Miljøkriteriet bør i så fall vektast med minimum 30 % av total vekting. Miljøkriteriet vert vurdert etter leverandøren sine utsleppsnivå.
- iv. Miljøkrav skal, der det er relevant for anskaffinga, innarbeidast i kravspesifikasjonar, normer og beskrivingar. Produkt med positiv miljømerking, miljøvaredeklarasjonar eller liknande skal omtalast der det er relevant.
- c) Miljøkrav skal vere leverandørutviklande og gi tydelege signal til leverandørane om at miljøtilpassing er eit kundekrav.
 - i. Bykle kommune stiller krav til leverandørane sine miljøkvalifikasjonar og prestasjonar, herunder miljøsertifiseringar, eventuelt svar på miljøerklæring.
- d) Bykle kommune skal tilstrebe kostnads- og miljøeffektive anskaffingar, det vil seie anskaffingar som gir høg grad av behovstilfredsstilling og samtidig låg miljøbelastning gjennom heile livsløpet. I tilfelle kor miljøomsyn ikkje vert innarbeida på grunn av budsjettmessige forhold, skal dette grunngjevast.
- e) Effekten av miljøtilpassa innkjøp skal kunne følgjast opp og målast. Dette skal skje ved årleg rapportering av nøkkeltal for miljøtilpassa innkjøp og ved evaluering av utvalde anskaffingar.
- f) Der det er praktisk og økonomisk mogleg vert det stilt krav om nullutsleppsløysingar og fornybare materialar.
- g) Planlegging og investeringar skal som hovudregel ta utgangspunkt i målet om å vere ein nullutsleppskommune i 2050.

6. FORHOLDET TIL LOV, FORSKRIFTER, PLANVERK, MV.

6.1 Lov, forskrifter og tilhøyrande rettleiarar

Krava til offentlege innkjøp er regulert i «lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)», samt i «forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)». Lova gjeld alle statlege organ og etatar, fylkeskommunane og kommunane, samt for *offentlegrettslege* organ, som til dømes underselskap/verksemdar som er eigd og kontrollert av ein kommune. Ein vil og vise til rettleiaren til forskrifta, som er eit nyttig verktøy som utdjupar og eksemplifiserer reglane i forskrifta.

6.2 Grunnleggjande prinsipp for offentlege anskaffingar

Anskaffingslova § 4 legg til grunn følgjande grunnprinsipp:

- Forholdsmessighetsprinsippet
- Konkurransprinsippet
- Likehandsamings- og ikke-diskrimineringsprinsippet
- Forutsigbarhetsprinsippet (forutberegnelighetsprinsippet)

- Etterprøvbarhetsprinsippet

6.2.1 Forholdsmessighetsprinsippet

Kommunen skal gjennomføre konkurransen på ein måte som står i forhold til anskaffinga sin art, omfang, verdi og kompleksitet. Med andre ord så vil krava til korleis kommunen skal gjennomføre konkurransen auke proporsjonalt med den berekna verdien på innkjøpet. F.eks. så bør kommunen kontakte fleire leverandørar viss den berekna verdien er kr 1 mill. ekskl. mva. enn om den er kr 100.000 ekskl. mva., sjølv om begge desse summene er innanfor del 1 i anskaffings-forskrifta.

6.2.2 Konkurransesprinsippet

Over terskelverdiane (1,3 mill. og over) vert konkurranseprinsippet teke omsyn til ved at kommunen kunngjer konkurransen. Under terskelverdiane (mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva.) må kommunen sørge for konkurranse om kontrakten ved å gjere oppdraget kjent for eit rimeleg antal leverandørar, eksempelvis gjennom ein frivillig kunngjering av konkurransen, eller ved å hente inn tilbod frå minimum tre leverandørar (gjerne fleire enn tre, spesielt dess større anskaffinga er, eller dess meir kompleks den er).

6.2.3 Likehandsamings- og ikkje-diskrimineringsprinsippet

Kommunen skal sikre at alle leverandørar vert handsama likt gjennom heile anskaffingsprosessen (likehandsaming). Dette inneberer også at all informasjon som vert gjort tilgjengeleg for éin leverandør, også vert gjort tilgjengeleg for dei andre leverandørane, til same tid, for å unngå at leverandøren som fekk informasjonen først får eit konkurransefortrinn.

Kommunen skal ikkje handsame leverandørar ulikt på bakgrunn av nasjonalitet eller lokal tilhøyrsløse (ikkje-diskriminering). Prinsippet om ikkje-diskriminering er mest aktuelt for anskaffingar kor kommunen kunngjer konkurransen nasjonalt eller innanfor EØS (primært anskaffingar over 1,3 mill.), som igjen avgrensar kommunen sin moglegheit til å veile lokale leverandørar berre på bakgrunn av lokalt nærvær og/eller ønskje om å støtte lokalt næringsliv. Merk at det ikkje er slik for anskaffingar under terskelverdiane.

6.2.4 Prinsippa om forutsigbarhet og etterprøvbarhet

Prinsippet om *forutsigbarhet* inneberer at anskaffingsprosessen skal vere føreseieleg for leverandørane, og skal sikre openheit om alle stadium i prosessen. Prinsippet skal og gjere det mogleg for leverandørane å vurdere om dei vil delta i konkurransen, og at dei skal kunne stole på at dei angjevne opplysningane i konkurransen vert følgt. Dette fordrar at konkurransen er klar og tydeleg, særleg knytte til følgjande forhold:

- Kva anskaffinga gjeld.
- Korleis konkurransen vert gjennomført.
- Kva for krav som gjeld for leverandøren.
- Kva for kriterium som vert lagt til grunn for val av leverandør.
- Omfang og lengde på kontrakten.

Kravet om *etterprøvbarehet* tek i vare leverandøren sin rettssikkerheit og skal gjere det mogleg, både for leverandørar og eventuelle tredjepartar, å sjekke om kommunen har følgd reglane for konkurransen og dermed opptreidd på ein måte som forvaltar samfunnet sine ressursar effektivt. Dette inneberer og at kommunen må kunne dokumentere kva som har skjedd i anskaffingsprosessen og kva for avgjersler som er teke i den. Leverandørar, ålmenta eller tredjepartar, skal også kunne få innsyn i dokument som kan vise korleis anskaffingsprosessen er gjennomført, for å kontrollere at kommunen har følgd regelverket, gitt at reglane i offentleglova tilsei at dei har rett på innsyn.

6.3 Hovudgrupper for offentlege anskaffingar

Lova regulerer kjøp i følgjande hovudgrupper:

- Anskaffingar mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva. (del 1 i forskrifta).
- Anskaffingar over kr 1,3 mill. ekskl. mva. opp til EØS-terskelverdiane (del 1 og 2 i forskrifta).
- Anskaffingar over EØS-terskelverdiane.

Desse gruppene, i tillegg til anskaffingar under kr 100.000, vert omtala i dei neste avsnitta. Viss terskelverdiane vert endra før dette reglementet vert oppdatert neste gong, får kommunedirektøren fullmakt til å gjere ei redaksjonell endring av beløpa utan at reglementet må opp til politisk handsaming.

6.3.1 Kjøp av varer og tenester under kr 100.000 ekskl. mva.

Lova gjeld ikkje når verdien på innkjøpet (varer, tenester, bygge- og anleggskontrakt mv.) er under kr 100.000 ekskl. mva. Likevel gjeld grunnprinsippa om at offentlege innkjøp skal vere rasjonelle, transparente og sikre like vilkår for interessentar.

Innkjøp mellom kr 15.000 og kr 100.000 ekskl. mva. (lokal regel)

For Bykle kommune skal ein, så framt det er føremålstenleg, undersøke prisar frå fleire leverandørar dersom den berekna verdien på innkjøpet overstig kr 15.000 ekskl. mva. Det er elles *ikkje* krav om protokoll eller anna dokumentasjon på slik prisinnhenting.

Innkjøp under kr 15.000 ekskl. mva.

For Bykle kommune er det ikkje eit krav å undersøke prisar frå fleire leverandørar dersom den berekna verdien på innkjøpet er under kr 15.000 ekskl. mva.

6.3.2 Kjøp av varer og tenester mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva.

Når verdien på innkjøp(-et) overstig kr 100.000 får del 1 i forskrifta verknad. Dersom verdien overstig kr 100.000 skal det førast anskaffingsprotokoll (denne kan vere enkel, lenke til malar finn ein i delkapittel 5.5 i dette reglementet). Denne skal beskrive

alle vesentlege forhold og viktige avgjersler gjennom heile anskaffingsprosessen. Grunnen til dette er mellom anna at ein skal sikre konkurranse, som er eit av grunnprinsippa i lova. Ein er altså pliktig å innhente prisar og tilbod frå fleire leverandørar. Det er ikkje eit krav om kunngjering for innkjøp under nasjonal terskelverdi på 1,3 mill.

Dersom estimert verdi overstig 500.000,- må ein også innhente skatteattest (gjeld norske leverandørar). Det *kan* stillast miljøkrav, arbeidsmiljøkrav, krav om at verksemda har lærlingar og liknande. Det er og ein føresetnad at leverandøren har sentral godkjenning i aktuell tiltaksklasse, i dei tilfelle kor dette er relevant for anskaffinga. For meir detaljar om dette, viser ein til anskaffingsforskrifta (del 1) med tilhøyrande rettleiar (kap. 9).

6.3.3 Kjøp over nasjonal terskelverdi (1,3 mill.) og opp til EØS-terskelverdiar

Når verdien av anskaffinga er mellom nasjonal terskelverdi³ og EØS-terskelverdiar (sjå fotnote), får forskrifta del 1 og 2 verknad, som m.a. vil seie at ein må følgje prosedyren for open anbodskonkurranse, som igjen vil seie at konkurransen vert kunngjort i Doffin (nasjonal database for kunngjering av offentlege anskaffingar). Anskaffingsprotokoll er og eit krav, på lik linje som i del 1 i forskrifta. For meir detaljar om dette, sjå anskaffingsforskrifta (del 1 og 2) og tilhøyrande rettleiar (kap. 9 og 10).

6.3.4 Kjøp over EØS-terskelverdiar

Del I og III i lova får verknad når verdien overstig EØS-terskelverdiar. Her er det særleg strenge reglar, m.a. når det gjeld kunngjering. Konkurransen vert kunngjort i Doffin og TED (database for kunngjering av offentlege anskaffingar innanfor EØS).

6.4 Andre lover, reglement, planverk og rettleiarar som er relevante for innkjøp

- Rettleiar om etiske krav i offentlege innkjøp, 2009.
- Rettleiar for kontraktsoppfylging av offentlege anskaffingar.
- Regjeringa sin handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp.
- Offentleglova.
- Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.
- Økonomireglement for Bykle kommune.
- Delegeringsreglement for Bykle kommune.
- Etikkreglement for Bykle kommune.
- Retningslinjer for habilitet for Bykle kommune.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel for Bykle kommune.

³ Varer/teneste-kontraktar: mellom 1,3 mill., og 2,05 mill. ekskl. mva. Alle bygg- og anleggskontraktar: mellom 1,3 mill. og 51,5 mill. ekskl. mva.

- Handlings- og økonomiplan for Bykle kommune.
- Årsbudsjett for Bykle kommune.

7. GJENNOMFØRING AV ANSKAFFINGSPROSESSEN

Innleiingsvis vil ein vise til sjekkliste for anskaffingar over kr 100.000 på www.anskaffelser.no (ekstern lenke), som er Direktoratet for forvaltning og økonomistyring sine fagsider om offentlege anskaffingar.

7.1 Berekne verdien på anskaffinga

Kommunen må foreta ein forsvarleg vurdering av verdien på anskaffinga for å vurdere om anskaffinga kommer over eller under dei aktuelle terskelverdiane, og følgeleg kva for reglar som gjeld. Verdien vert berekna på grunnlag av den samla betalinga ekskl. mva. Den eksakte verdien vil ikkje være kjent på tidspunktet for berekninga, men viss kommunen er i tvil om verdien, bør den take høgde for det i fastsetjinga av anslaget. Om tilboda i etterkant ligger over terskelverdiane vil ikkje kommunen kunne klandrast, såframt den har utført ei forsvarleg skjønnsvurdering. Viss tilboda ligg høgt over anslaga, kan det likevel kunne bli reaksjonar. Det vil vere rasjonelt å bruke første verdianslag som utgangspunkt for summen som vert sett av i budsjettet til den aktuelle anskaffinga.

7.2 Prosedyrane open og avgrensa tilbodskonkurranse (kjøp over 1,3 mill. ekskl. mva.)

Ved ein open tilbodskonkurranse kan alle interesserte leverandørar gi tilbod. Dette er ein eitt-trinns prosedyre kor kommunen må vurdere og evaluere alle tilboda som kjem inn.

Ved ein avgrensa tilbodskonkurranse⁴ kan alle interesserte leverandørar levere førespurnad om å delta i konkurransen. Dette er ein to-trinns prosedyre kor kommunen første gjer ein prekvalifisering, kor berre dei leverandørane som oppfyller kvalifikasjonskrava, vert invitert av kommunen til å delta i konkurransen og kunne gi tilbod.

7.3 Utarbeiding av konkurransegrunnlag

Omfanget av konkurransegrunnlaget vil variere avhengig av type innkjøp og storleiken på innkjøpet. Lovverket setter klare premiss til kva konkurransegrunnlaget skal innehalde. Konkurransegrunnlag vert berre utarbeida for anskaffingar over kr 100.000 ekskl. mva.

⁴ Avgrensa tilbodskonkurranse må ikkje forvekslast med *lukka* tilbodskonkurranse, kor kommunen sjølv kontaktar utvalde leverandørar, noko som berre er aktuelt for anskaffingar under 1,3 mill. ekskl. mva.

7.4 Utlysing og fristar

Lov og forskrift om offentlege innkjøp gir reglar om korleis ein skal kunngjere innkjøp. Følgjande reglar gjeld:

Nasjonal kunngjering: Ved kjøp av varer og tenester over nasjonal terskelverdi (1,3 mill.), men lågare enn EØS-terskelverdiane (sjå § 5-3 i anskaffingsforskrifta), skal innkjøpet kunngjerast i Doffin.

EØS-kunngjering: Ved kjøp av varer og tenester over EØS-terskelverdiane, skal innkjøpet kunngjerast i Doffin- og TED-databasen.

7.5 Innkjøpsprotokoll

I samsvar med lov om offentlege innkjøp skal det førast ein innkjøpsprotokoll over alle kjøp over kr 100.000. Protokollen skal beskrive alle vesentlege forhold og viktige avgjersler som gjennom heile innkjøpsprosessen. Dette for å dokumentere at innkjøpet er basert på konkurranse, og at krava til etterprøvbarheit og forutsigbarheit er teke omsyn til.

Omfanget av protokollen vil variere ut frå om anskaffinga høyrer til del I, II eller III i regelverket. Malar for anskaffingsprotokollar finn ein her ([ekstern lenke](#)). Kommunen kan og velje å nytte eigne malar, såframt dei tilfredsstillar krava i regelverket.

7.6 Evaluering av tilbod, val av leverandør og eventuell klagehandsaming

Innkomne tilbod skal liggje uopna til tilbodsfristen har gått ut. Tilbodsopninga skal skje av minst to representantar ved tidspunkt oppgitt i konkurransegrunnlaget.

Tilbod som vert levert etter fristen vert avvist. Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava, vert avvist med grunngjeving.

Evaluering av innkomne tilbod skal skje i tråd med dei tildelingskriteria som er gjeve i konkurranse-grunnlaget, og etter den relative vektinga som er opplyst om der. Berre informasjon som gjeng fram av konkurransegrunnlaget kan danne grunnlag for val av leverandør.

Etter val av leverandør, skal det gis skriftleg melding med grunngjeving til alle deltakarane som har vore med i konkurransen, og opplyse om frist for å kome med klage eller be om grunngjeving for valet (karenstid). Kontrakt må ikkje signerast før karenstida er gått ut og eventuelle klagar er handsama. For del 3 i regelverket skal karenstida vere minimum 10 kalenderdagar, rekna frå dagen etter kunngjering om val av leverandør (anskaffingsforskrifta § 25-2). Kommunen vurderer at ein må ha same karenstid for del 1 og 2 i regelverket også.

7.7 Kontrakt

Inngåing av kontrakt er mest aktuelt for anskaffingar over kr 100.000 ekskl. mva. Det er ikkje krav om kontrakt om anskaffinga er mindre enn kr 100.000 ekskl. mva., med

mindre dette er føremålstenleg for den aktuelle anskaffinga. Når leverandør er valt vert det laga ei kontrakt på anskaffinga som regulerer avtaleforholdet mellom partane. Kontrakten vert arkivert i kommunen sitt arkiv. Rettleiaren for kontraktsoppfølging av offentlege anskaffingar, framhevar følgjande punkt som bør vere inkludert i ei offentlig kontrakt:

- Beskriving av ytinga: Kva skal leverandøren levere.
- Pris: Pris på vara/tenesta, berekning av pris etc.
- Betaling: Når og korleis skal oppdragsgjevar betale for vara/tenesta.
- Varigheit: Varigheit bør regulerast ved langvarige kontraktar. Ved store og/eller langvarige og komplekse kontraktar må det føreliggje ein framdriftsplan.
- Levering: Stad og tidspunkt for levering av vara/tenesta. Ved langvarige kontraktar kan det vere naturleg å leggje opp til trinnvise leveringar (ev. rapporteringar) i tråd med framdriftsplanen nemnt ovanfor.
- Klausul om løns- og arbeidsvilkår: I samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår §5 – berre aktuelt for kontraktar med verdi over 1,3 mill. ekskl. mva.
- Mislighald: Kva som skjer viss leverandøren ikkje leverer i tråd med kontrakten. Dette kan gjelde både om vara/tenesta er forseinka og om den ikkje held den avtalte kvalitet/omfang. Oppdragsgjevar vil kunne krevje erstatning, dagmulkt, etc., viss forseinkinga utelukkande skuldast forhold på leverandøren si side.
- Oppseiing: Om partane har rett til å seie opp kontrakten, og i så fall på kva for vilkår.

Merk at dette ikkje er ei uttømmande sjekkliste. Dette er snarare punkter som absolutt bør vere i ei kontrakt om offentlig innkjøp. På generelt grunnlag, så er det også veldig viktig at kontrakten er så presist og konkret formulert som mogleg. Det må og leggjast til at omfanget av kontrakten vil variere ut frå kompleksiteten på anskaffinga.

7.8 Offentlegheit og journalføring

Utgangspunktet er at dokumenta er offentlege, men det er tilgang til at tilbodsdocument og protokoll kan vere unntatt offentlegheit inntil val av leverandør er gjort. Etter dette er desse dokumenta offentlege, og unntak må ha særskilt heimel. Her kan for eksempel bestemmingane om teieplikt i § 13 i forvaltningslova, og/eller § 23, 1. ledd i offentleglova vere aktuelle heimlar. Merk at pris- og produktskjema er unnateke offentlig innsynsrett.

Det vil vere god forvaltningsskikk å la aktuelle leverandørar få uttale seg om kva for opplysningar dei meiner bør vere unntatt offentlegheit. Kommunen skal likevel gjere ei sjølvstendig vurdering av om opplysningane ikkje skal vere offentlege.

Eventuelle munnlege opplysningar gjeve i samband med anskaffingsprosessen, som er av betydning for gjennomføringa av anskaffinga, bør skrivast ned og journalførast. Dette er m.a. av omsyn til kravet om etterprøvarheit, god internkontroll og offentleglova.

7.9 Konsekvensar ved brot på innkjøpsregelverket

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA), kan ileggje kommunen eit gebyr på inntil 15 % av verdien på anskaffinga viss nemnda vurderer det dit hen at kommunen har utført ei ulovleg direkte anskaffing. Ein kvar aktør kan melde mistanke om ulovleg direkte anskaffing inn for KOFA.

8 KVALITETSSIKRING

8.1 Innkjøpsfullmakt og -ansvar

Kommunedirektøren har det øvste ansvaret for kommunen sine innkjøp, og at dei til ei kvar tid skjer etter gjeldande regelverk. Kommunedirektøren definerer roller og avgjer plassering av innkjøpsrelatert myndigheit internt i organisasjonen. Tenesteleiarane har delegert innkjøpsansvar innan si resultateining. Vidare kan leiaren gje innkjøpsfullmakt til dei som treng det. Det skal utarbeidast ein skriftleg oversikt over kven som har innkjøpsfullmakt. Det skal likevel ikkje vere tvil om at det faktiske innkjøpsansvaret på ei eining ligg hjå tenesteleiarane. Eventuell inngåing og oppfølging av rammeavtalar per eining, er tenesteleiarane sitt ansvar, jf. administrativt delegasjonsreglement.

Kommunen sin innkjøpskontakt er, i tillegg til kommunen sitt kontaktpunkt inn mot OFA, kontaktpunkt mot andre relevante aktørar innanfor innkjøp som fagområde. Innkjøpskontakten er ikkje formelt involvert i alle kommunen sine innkjøp, men kan gje fagleg støtte ved behov.

Kommunedirektøren er ansvarleg for alle innkjøpsprosessar som gjeld driftskostnader og investerings-kostnader, med mindre anna er særskilt presisert i det enkelte prosjekt. For alle tilbodskonkurransar/ avtalar vil det vere utnemnt ein kontaktperson, f.eks. tenesteleiar, avdelingsleiar eller fagleiar. Denne personen har ansvar for ein stor del av konkurransen og oppfølging av den.

8.2 Varemottak og kontroll

Ved varemottak skal vara kontrollerast mot pakksetel og at vara ikkje har tydelege skader som kan gi grunnlag for reklamasjon. Ved kontroll av pakksetel skal det sjekkast at det er samsvar mellom levert, bestilt og oppført vare og mengde på pakksetel. Dersom leveransen har vesentlege feil eller manglar, skal leverandøren gjevast melding om dette så fort som mogleg.

Den som har tinga vara er ansvarleg for å kontrollere at faktura stemmer med pakksetel. I dei situasjonar der det ikkje er konkrete varer som levert, til dømes straum, telefon, skal det kontrollerast at fakturaen verkar rimeleg. Ved feil i fakturaen skal det utan opphald takast kontakt med leverandør slik at feilen skal rettast gjennom kreditnota eller ny korrigert faktura.

8.3 Attestasjon og tilvising

Det er kommunestyret som gjev kommunedirektør tilvisingsmynde for den kommunale forvaltninga. Kommunedirektøren har høve til å delegere denne mynde vidare.

Hovudregelen er at leiarane for einingane har tilvisingsmynde.

Alle som har tilvisingsmynde har automatisk attestasjonsmynde, men dei kan ikkje både attestere og tilvise på same billag. Ingen skal i noko høve attestere eller tilvise beløp til seg sjølv eller til andre som dei er i eit slikt forhold til som er omtala i forvaltningslovas § 6 (inhabilitet). I slike høve tilviser kommunedirektør for tenesteleiarar og ordføraren for kommunedirektøren.

8.3.1 Attestasjon

Attestasjon av ein faktura vil seie attestasjon av fakturaen i økonomisystemet og kontroll av at:

- Vara/tenesta er levert/utført og priskontrollert
- Originalfaktura ligg føre
- Vara/tenesta ikkje er betalt tidlegare
- Fakturaen er rett kontert.

Feilaktig innkjøp og utbetalingar som skyldast grov uaktsemd frå den som attesterer kan medføre økonomisk ansvar.


8.3.2 Tilvising

Tilvising av ein faktura vil seie kontroll av at:

- Det er budsjettdekning for summen (innanfor netto ramma)
- Beløpet er rett i forhold til avtalar, kontraktar, bestillingar osv.
- Fakturaen er tilstrekkeleg dokumentert, f.eks. i form av fakturagrunnlag/vedlegg
- Nødvendig attestasjon er utført
- Alle rutinar er fylgd.

Feilaktig innkjøp og utbetalingar som skyldast grov aktløyse frå den som tilviser kan medføre økonomisk ansvar.

VEDLEGG: FLYTSKJEMA INNKJØP





Innkjøpsreglement for Bykle kommune

Innhold

1	INNLEIING	3
2	INNKJØPSAVTALAR	3
3	FORMÅL OG OMFANG	3
4	KOMMUNEN SINE MILJØKRAV	4
5	FORHOLDET TIL LOV, FORSKRIFTER, PLANVERK, MV.	4
5.1	Lov, forskrifter og tilhøyrande rettleiarar	4
5.2	Grunnleggjande prinsipp for offentlege anskaffingar	4
5.2.1	Forholdsmessigheitsprinsippet	5
5.2.2	Konkurranseprinsippet	5
5.2.3	Likehandsamings- og ikkje-diskrimineringsprinsippet	5
5.2.4	Prinsippa om forutsigbarheit og etterprøvarheit	5
5.3	Hovudgrupper for offentlege anskaffingar	6
5.3.1	Kjøp av varer og tenester under kr 100.000 ekskl. mva.	6
5.3.2	Kjøp av varer og tenester mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva.	6
5.3.3	Kjøp over nasjonal terskelverdi (1,3 mill.) og opp til EØS-terskelverdiar	6
5.3.4	Kjøp over EØS-terskelverdiar	7
5.4	Andre lover, reglement, planverk og rettleiarar som er relevante for innkjøp	7
6	GJENNOMFØRING AV ANSKAFFINGSPROSESSEN	7
6.1	Berekne verdien på anskaffinga	7
6.2	Prosedyrane open og avgrensa tilbodskonkurranse (kjøp over 1,3 mill. ekskl. mva.)	7
6.3	Utarbeiding av konkurransegrunnlag	8
6.4	Utløysing og fristar	8
6.5	Innkjøpsprotokoll	8
6.6	Evaluering av tilbod, val av leverandør og eventuell klagehandsaming	8
6.7	Kontrakt	9
6.8	Offentlegheit og journalføring	9
6.9	Konsekvensar ved brot på innkjøpsregelverket	9
7	KVALITETSSIKRING	10
7.1	Innkjøpsfullmakt og -ansvar	10
7.2	Varemottak og kontroll	10
7.3	Attestasjon og tilvising	10
7.3.1	Attestasjon	10
7.3.2	Tilvising	11
	VEDLEGG: FLYTSKJEMA INNKJØP	12

1 INNLEIING

Dei allereie gjeldande lover, forskrifter, rettspraksis og tilhøyrande rettleiarar om offentlege innkjøp, dannar dei grunnleggjande krava for alle kommunen sine innkjøp. Dette reglementet er eit supplement til det eksisterande regelverket.

- **Kommunestyret vedtek innkjøpsreglementet minst ei gong kvar kommunestyreperiode.**
- Kommunen skal årleg offentleggjere ei liste over leverandørar som sel varer og tenester til kommunen for kr 100.000 ekskl. mva. eller meir.

2 INNKJØPSAVTALAR

Bykle kommune har innkjøpsavtalar på ei mengde varer og tenester. Kommunen er medlem i OFA (Offentleg fellesinnkjøp på Agder). Det er viktig at tilsette med innkjøpsmynde kjenner til desse avtalane, både med tanke på type varer/tenester samt handlingsrommet utanfor avtalane. Det er viktig å alltid undersøke om Bykle kommune har ein innkjøpsavtale på den aktuelle vara eller tenesta ein planlegg å kjøpe inn.

3 FORMÅL OG OMFANG

- a Formålet med reglementet er å sikre at alle innkjøp (varer, tenester, bygge- og anleggskontraktar mv.) til Bykle kommune vert utført i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningsliner om offentlege innkjøp.
- b Innkjøpa til kommunen følgjer prinsippa om konkurranse, likehandsaming og ikkje-diskriminering, forutsigbarheit, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit.
- c Innkjøpa til kommunen skal gjennomførast på ein slik måte at kommunen sine interesser vert ivaretekne best mogeleg på kort og lang sikt.
- d Innkjøpsordninga skal vere rasjonell og gi ein effektiv utnytting av kommunen sine ressursar, samt skape tillit hjå tilsette, leverandørar og innbyggjarar.
- e Innkjøpsordninga skal sikre at det er reell konkurranse på like vilkår ovanfor alle interesserte leverandørar.
- f Kommunen sin internkontroll skal sikre at feil vert oppdaga og retta i tide.
- g Kommunen skal vere transparent i forhold til alle offentlege innkjøp.
- h Kommunen skal gjere innkjøp i tråd med god forretningsskikk, som igjen inneberer at den skal opptre profesjonelt, sakleg og forsvarleg, særleg med tanke på habilitet og konfidensialitet i forhold til Forvaltningslova. Her viser ein og til kommunen sine retningsliner for habilitet.
- i Eit innkjøp kan ikkje delast opp for å omgå regelverket for offentlege anskaffingar. Ved einsarta varer, tenester eller bygge- og anleggskontraktar som kan føre til fleire enkeltkontraktar, skal den samla verdien av desse leggjast til grunn. Ein gjer likevel merksam på at ein *funksjonell* oppdeling av større prosjekt kan vere hensiktsmessig for å tiltrekke fleire tilbydarar, så framtid oppdelinga ikkje er gjort for å omgå regelverket.
- j Under planlegging av det enkelte innkjøp skal det takast omsyn til livssyklus-kostnader, universell utforming og miljømessige konsekvensar av innkjøp.
- k Miljøaspektet og klimaaspektet vert teke omsyn til i samband med innkjøp.
- l Lokalt næringsliv vert prioritert så langt det er mogleg innanfor regelverket for offentlege anskaffingar, og så langt som det føreligg konkurransedyktige lokale alternativ, som har tilstrekkeleg kompetanse, f.eks. med omsyn tiltaksklassar etter plan- og bygningslova. Det er berre lukka anbodskonkurransar for anskaffingar opp til 1,3 mill. ekskl. mva. kor kommunen kan velje leverandørane som skal vere med i konkurransen.

4 KOMMUNEN SINE MILJØKRAV

- a Dei følgjande miljøkrava gjeld berre for anskaffingar over kr 100.000 ekskl. mva.
- b Ved planlegging av den enkelte anskaffing vert det teke omsyn til anskaffinga sine livssyklus kostnader og miljømessige konsekvensar.
 - i. I alle anskaffingar vert det stilt miljøbaserte kvalifikasjonskrav (leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar). Dette kan dokumenterast i form av eit tredjepartsgodkjent miljøstyringssystem, eller ved at tilbydar svarar på ei miljøerklæring.
 - ii. Miljøomsyn skal, der det er mogleg og relevant for anskaffinga, og der det er praktisk mogleg og ikkje medfører openbare ulemper, inngå som eit tildelingskriterium. Miljøkriteriet bør i så fall vektast med minimum 30 % av total vekting. Miljøkriteriet vert vurdert etter leverandøren sine utsleppsnivå.
 - iii. Miljøkrav skal, der det er relevant for anskaffinga, innarbeidast i kravspesifikasjonar, normer og beskrivingar. Produkt med positiv miljømerking, miljøvaredeklarasjonar eller liknande skal omtalast der det er relevant.
- c Miljøkrav skal vere leverandørutviklande og gi tydelege signal til leverandørane om at miljøtilpassing er eit kundekrav.
 - i. Bykle kommune stiller krav til leverandørane sine miljøkvalifikasjonar og prestasjonar, herunder miljøsertifiseringar, eventuelt svar på miljøerklæring.
- d Bykle kommune skal tilstrebe kostnads- og miljøeffektive anskaffingar, det vil seie anskaffingar som gir høg grad av behovstilfredsstilling og samtidig låg miljøbelastning gjennom heile livsløpet. I tilfelle kor miljøomsyn ikkje vert innarbeida på grunn av budsjettmessige forhold, skal dette grunngjevast.
- e Effekten av miljøtilpassa innkjøp skal kunne følgjast opp og målast. Dette skal skje ved årleg rapportering av nøkkeltal for miljøtilpassa innkjøp og ved evaluering av utvalte anskaffingar.
- f Der det er praktisk og økonomisk mogleg vert det stilt krav om nullutsleppsløysingar og fornybare materialar.
- g Planlegging og investeringar skal som hovudregel ta utgangspunkt i målet om å vere ein nullutsleppskommune i 2050.

5 FORHOLDET TIL LOV, FORSKRIFTER, PLANVERK, MV.

5.1 Lov, forskrifter og tilhøyrande rettleiarar

Krava til offentlege innkjøp er regulert i «*lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)*», samt i «*forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)*». Lova gjeld alle statlege organ og etatar, fylkeskommunane og kommunane, samt for *offentlegrettslege* organ, som til dømes underselskap/verksemdar som er eigd og kontrollert av ein kommune. Ein vil og vise til rettleiaren til forskrifta, som er eit nyttig verktøy som utdjupar og eksemplifiserer reglane i forskrifta.

5.2 Grunnleggjande prinsipp for offentlege anskaffingar

Anskaffingslova § 4 legg til grunn følgjande grunnprinsipp:

- Forholdsmessigheitsprinsippet
- Konkurransesprinsippet
- Likehandsamings- og ikkje-diskrimineringsprinsippet
- Forutsigbarheitsprinsippet (forutberegnelighetsprinsippet)
- Etterprøvbarheitsprinsippet

Desse er omtala i dei neste avsnitta.

5.2.1 Forholdsmessigheitsprinsippet

Kommunen skal gjennomføre konkurransen på ein måte som står i forhold til anskaffinga sin art, omfang, verdi og kompleksitet. Med andre ord så vil krava til korleis kommunen skal gjennomføre konkurransen auke proporsjonalt med den berekna verdien på innkjøpet. F.eks. så bør kommunen kontakte fleire leverandørar viss den berekna verdien er kr 1 mill. ekskl. mva. enn om den er kr 100.000 ekskl. mva., sjølv om begge desse summene er innanfor del 1 i anskaffings-forskrifta.

5.2.2 Konkurransesprinsippet

Over terskelverdiane (1,3 mill. og over) vert konkurransesprinsippet teke omsyn til ved at kommunen kunngjer konkurransen. Under terskelverdiane (mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva.) må kommunen sørge for konkurranse om kontrakten ved å gjere oppdraget kjent for eit rimeleg antal leverandørar, eksempelvis gjennom ein frivillig kunngjering av konkurransen, eller ved å hente inn tilbod frå minimum tre leverandørar (gjerne fleire enn tre, spesielt dess større anskaffinga er, eller dess meir kompleks den er).

5.2.3 Likehandsamings- og ikkje-diskrimineringssprinsippet

Kommunen skal sikre at alle leverandørar vert handsama likt gjennom heile anskaffingsprosessen (likehandsaming). Dette inneberer også at all informasjon som vert gjort tilgjengeleg for éin leverandør, også vert gjort tilgjengeleg for dei andre leverandørane, til same tid, for å unngå at leverandøren som fekk informasjonen først får eit konkurransefortrinn.

Kommunen skal ikkje handsome leverandørar ulikt på bakgrunn av nasjonalitet eller lokal tilhøyrslø (ikkje-diskriminering). Prinsippet om ikkje-diskriminering er mest aktuelt for anskaffingar kor kommunen kunngjer konkurransen nasjonalt eller innanfor EØS (primært anskaffingar over 1,3 mill.), som igjen avgrensar kommunen sin moglegheit til å veile lokale leverandørar berre på bakgrunn av lokalt nærvær og/eller ønskje om å støtte lokalt næringsliv. Merk at det ikkje er slik for anskaffingar under terskelverdiane.

5.2.4 Prinsippa om forutsigbarheit og etterprøvbarheit

Prinsippet om forutsigbarheit inneberer at anskaffingsprosessen skal vere forutsigbar for leverandørane, og skal sikre openheit om alle stadium i prosessen. Prinsippet skal og gjere det mogleg for leverandørane å vurdere om dei vil delta i konkurransen, og at dei skal kunne stole på at dei angjevne opplysningane i konkurransen vert følgt. Dette fordrar at konkurransen er klar og tydeleg, særleg knytte til følgjande forhold:

- Kva anskaffinga gjeld.
- Korleis konkurransen vert gjennomført.
- Kva for krav som gjeld for leverandøren.
- Kva for kriterium som vert lagt til grunn for val av leverandør.
- Omfang og lengde på kontrakten.

Kravet om etterprøvbarheit tek i vare leverandøren sin rettssikkerheit og skal gjere det mogleg, både for leverandørar og eventuelle tredjepartar, å sjekke om kommunen har følgt reglane for konkurransen og dermed opptreidd på ein måte som forvaltar samfunnet sine ressursar effektivt. Dette inneberer og at kommunen må kunne dokumentere kva som har skjedd i anskaffingsprosessen og kva for avgjersler som er teke i den. Leverandørar, ålmenta eller tredjepartar, skal også kunne få innsyn i dokument som

kan vise korleis anskaffingsprosessen er gjennomført, for å kontrollere at kommunen har følgd regelverket, gitt at reglane i offentleglova tilsei at dei har rett på innsyn.

5.3 Hovudgrupper for offentlege anskaffingar

Lova regulerer kjøp i følgjande hovudgrupper:

- Anskaffingar mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva. (del 1 i forskrifta).
- Anskaffingar over kr 1,3 mill. ekskl. mva. opp til EØS-terskelverdiane (del 1 og 2 i forskrifta).
- Anskaffingar over EØS-terskelverdiane.

Desse gruppene, i tillegg til anskaffingar under kr 100.000, vert omtala i dei neste avsnitta. Viss terskelverdiane vert endra før dette reglementet vert oppdatert neste gong, får kommunedirektøren fullmakt til å gjere ei redaksjonell endring av beløpa utan at reglementet må opp til politisk handsaming.

5.3.1 Kjøp av varer og tenester under kr 100.000 ekskl. mva.

Lova gjeld ikkje når verdien på innkjøpet (varer, tenester, bygge- og anleggskontrakt mv.) er under kr 100.000 ekskl. mva. Likevel gjeld grunnprinsippa om at offentlege innkjøp skal vere rasjonelle, transparente og sikre like vilkår for interessentar.

Innkjøp mellom kr 15.000 og kr 100.000 ekskl. mva. (lokal regel)

For Bykle kommune skal ein, så framt det er føremålstenleg, undersøke prisar frå fleire leverandørar dersom den berekna verdien på innkjøpet overstig kr 15.000 ekskl. mva. Det er *ikkje* krav om protokoll eller anna dokumentasjon på slik prisinnhenting.

Innkjøp under kr 15.000 ekskl. mva.

For Bykle kommune er det ikkje eit krav å undersøke prisar frå fleire leverandørar dersom den berekna verdien på innkjøpet er under kr 15.000 ekskl. mva.

5.3.2 Kjøp av varer og tenester mellom kr 100.000 og 1,3 mill. ekskl. mva.

Når verdien på innkjøp(-et) overstig kr 100.000 får del 1 i forskrifta verknad.

Dersom verdien overstig kr 100.000 skal det førast anskaffingsprotokoll (denne kan vere enkel, lenke til malar finn ein i delkapittel 5.5 i dette reglementet). Denne skal beskrive alle vesentlege forhold og viktige avgjersler gjennom heile anskaffingsprosessen. Grunnen til dette er mellom anna at ein skal sikre konkurranse, som er eit av grunnprinsippa i lova. Ein er altså pliktig å innhente prisar og tilbod frå fleire leverandørar. Det er ikkje eit krav om kunngjering for innkjøp under nasjonal terskelverdi på 1,3 mill.

Dersom estimert verdi overstig 500.000,- må ein også innhente skatteattest (gjeld norske leverandørar). Det *kan* stillast miljøkrav, arbeidsmiljøkrav, krav om at verksemda har lærlingar og liknande. Det er og ein føresetnad at leverandøren har sentral godkjenning i aktuell tiltaksklasse, i dei tilfelle kor dette er relevant for anskaffinga.

For meir detaljar om dette, viser ein til anskaffingsforskrifta (del 1) med tilhøyrande rettleiar (kap. 9).

5.3.3 Kjøp over nasjonal terskelverdi (1,3 mill.) og opp til EØS-terskelverdiar

Når verdien av anskaffinga er mellom nasjonal terskelverdi og EØS-terskelverdiar¹ (sjå fotnote), får forskrifta del 1 og 2 verknad, som m.a. vil seie at ein må følgje prosedyren for open anbodskonkurranse,

¹

- Varer/teneste-kontraktar: mellom 1,3 mill., og 2,05 mill. ekskl. mva.
- Alle bygg- og anleggskontraktar: mellom 1,3 mill. og 51,5 mill. ekskl. mva.

som igjen vil seie at konkurransen vert kunngjort i Doffin (nasjonal database for kunngjering av offentlege anskaffingar). Anskaffingsprotokoll er og eit krav, på lik linje som i del 1 i forskrifta. For meir detaljer om dette, sjå anskaffingsforskrifta (del 1 og 2) og tilhøyrande rettleiar (kap. 9 og 10). kap. 9).

5.3.4 Kjøp over EØS-terskelverdiar

Del I og III i lova får verknad når verdien overstig EØS-terskelverdiar. Her er det særleg strenge reglar, m.a. når det gjeld kunngjering. Konkurransen vert kunngjort i Doffin og TED (database for kunngjering av offentlege anskaffingar innanfor EØS).

5.4 Andre lover, reglement, planverk og rettleiarar som er relevante for innkjøp

- Rettleiar om etiske krav i offentlege innkjøp, 2009.
- Rettleiar for kontraktsoppfylging av offentlege anskaffingar.
- Regjeringa sin handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp.
- Offentleglova.
- Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.
- Økonomireglement for Bykle kommune.
- Delegeringsreglement for Bykle kommune.
- Etikkreglement for Bykle kommune.
- Retningslinjer for habilitet for Bykle kommune.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel for Bykle kommune.
- Handlings- og økonomiplan for Bykle kommune.
- Årsbudsjett for Bykle kommune.

6 GJENNOMFØRING AV ANSKAFFINGSPROSESSEN

Innleiingsvis vil ein vise til [sjekkliste for anskaffingar over kr 100.000 på www.anskaffelser.no](http://www.anskaffelser.no) (ekstern lenke), som er Direktoratet for forvaltning og økonomistyring sine fagsider om offentlege anskaffingar.

6.1 Berekne verdien på anskaffinga

Kommunen må foreta ein forsvarleg vurdering av verdien på anskaffinga for å vurdere om anskaffinga kommer over eller under dei aktuelle terskelverdiane, og følgeleg kva for reglar som gjeld. Verdien vert berekna på grunnlag av den samla betalinga ekskl. mva. Den eksakte verdien vil ikkje være kjent på tidspunktet for berekninga, men viss kommunen er i tvil om verdien, bør den take høgd for det i fastsetjinga av anslaget. Om tilboda i etterkant ligger over terskelverdiane vil ikkje kommunen kunne klandrast, såframt den har utført ei forsvarleg skjønnsvurdering. Viss tilboda ligg høgt over anslaga, kan det likevel kunne bli reaksjonar.

Det vil vere rasjonelt å bruke første verdianslag som utgangspunkt for summen som vert sett av i budsjettet til den aktuelle anskaffinga.

6.2 Prosedyrane open og avgrensa tilbodskonkurranse (kjøp over 1,3 mill. ekskl. mva.)

Ved ein open tilbodskonkurranse kan alle interesserte leverandørar gi tilbod. Dette er ein eitt-trinns prosedyre kor kommunen må vurdere og evaluere alle tilboda som kjem inn. Ved ein avgrensa tilbodskonkurranse² kan alle interesserte leverandørar levere *førespurnad* om å delta i konkurransen. Dette er ein to-trinns prosedyre kor kommunen første gjer ein prekvalifisering, kor berre dei

▪ Særlege tenester (t.d. kjøp frå vekst- og attføringsverksemdar): mellom 1,3 mill. og 7,2 mill. ekskl. mva.

² Avgrensa tilbodskonkurranse må ikkje forvekslast med *lukka* tilbodskonkurranse, kor kommunen sjølv kontaktar utvalte leverandørar, noko som berre er aktuelt for anskaffingar under 1,3 mill. ekskl. mva.

leverandørane som oppfyller kvalifikasjonskrava, vert invitert av kommunen til å deltake i konkurransen og kunne gi tilbod.

6.3 Utarbeiding av konkurransegrunnlag

Omfanget av konkurransegrunnlaget vil variere avhengig av type innkjøp og storleiken på innkjøpet. Lovverket setter klare premiss til kva konkurransegrunnlaget skal innehalde. Konkurransegrunnlag vert berre utarbeida for anskaffingar over kr 100.000 ekskl. mva.

6.4 Utlysing og fristar

Lov og forskrift om offentlege innkjøp gir reglar om korleis ein skal kunngjere innkjøp. Følgjande reglar gjeld:

Nasjonal kunngjering: Ved kjøp av varer og tenester over nasjonal terskelverdi (1,3 mill.), men lågare enn EØS-terskelverdiane (sjå [§ 5-3](#) i anskaffingsforskrifta), skal innkjøpet kunngjerast i Doffin.

EØS-kunngjering: Ved kjøp av varer og tenester over EØS-terskelverdiane, skal innkjøpet kunngjerast i Doffin- og TED-databasen.

6.5 Innkjøpsprotokoll

I samsvar med lov om offentlege innkjøp skal det førast ein innkjøpsprotokoll over alle kjøp over kr 100.000. Protokollen skal beskrive alle vesentlege forhold og viktige avgjersler som gjennom heile innkjøpsprosessen. Dette for å dokumentere at innkjøpet er basert på konkurranse, og at krava til etterprøvarheit og forutsigbarheit er teke omsyn til.

Omfanget av protokollen vil variere ut frå om anskaffinga høyrer til del I, II eller III i regelverket. Malar for anskaffingsprotokollar finn ein [her](#) (ekstern lenke). Kommunen kan og velje å nytte eigne malar, såframt dei tilfredsstillar krava i regelverket.

6.6 Evaluering av tilbod, val av leverandør og eventuell klagehandsaming

Innkomne tilbod skal liggje uopna til tilbodsfristen har gått ut. Tilbodsopninga skal skje av minst to representantar ved tidspunkt oppgitt i konkurransegrunnlaget.

Tilbod som vert levert etter fristen vert avvist. Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava, vert avvist med grunngjeving.

Evaluering av innkomne tilbod skal skje i tråd med dei tildelingskriteria som er gjeve i konkurransegrunnlaget, og etter den relative vektiga som er opplyst om der. Berre informasjon som gjeng fram av konkurransegrunnlaget kan danne grunnlag for val av leverandør.

Etter val av leverandør, skal det gis skriftleg melding med grunngjeving til alle deltakarane som har vore med i konkurransen, og opplyse om frist for å kome med klage eller be om grunngjeving for valet (karenstid). Kontrakt må ikkje signerast før karenstida er gått ut og eventuelle klagar er handsama. For del 3 i regelverket skal karenstida vere minimum 10 kalenderdagar, rekna frå dagen etter kunngjering om val av leverandør (anskaffingsforskrifta § 25-2). Kommunen vurderer at ein må ha same karenstid for del 1 og 2 i regelverket også.

6.7 Kontrakt

Inngåing av kontrakt er mest aktuelt for anskaffingar over kr 100.000 ekskl. mva. Det er ikkje krav om kontrakt om anskaffinga er mindre enn kr 100.000 ekskl. mva., med mindre dette er føremålstenleg for den aktuelle anskaffinga. Når leverandør er valt vert det laga ei kontrakt på anskaffinga som regulerer avtaleforholdet mellom partane. Kontrakten vert arkivert i kommunen sitt arkiv. Rettleiaren for kontraktsoppfylging av offentlege anskaffingar, framhevar følgjande punkt som bør vere inkludert i ei offentlig kontrakt:

- Beskriving av ytinga: Kva skal leverandøren levere.
- Pris: Pris på vara/tenesta, berekning av pris etc.
- Betaling: Når og korleis skal oppdragsgjevar betale for vara/tenesta.
- Varigheit: Varigheit bør regulerast ved langvarige kontraktar.
 - Ved store og/eller langvarige og komplekse kontraktar må det føreliggje ein framdriftsplan.
- Levering: Stad og tidspunkt for levering av vara/tenesta.
 - Ved langvarige kontraktar kan det vere naturleg å leggje opp til trinnvise leveringar (ev. rapporteringar) i tråd med framdriftsplanen nemnt ovanfor.
- Klausul om løns- og arbeidsvilkår: I samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår § 5 – berre aktuelt for kontraktar med verdi over 1,3 mill. ekskl. mva.
- Mislighald: Kva skjer viss leverandøren ikkje leverer i tråd med kontrakten? Dette kan gjelde både om vara/tenesta er forseinka og om den ikkje held den avtalte kvalitet/omfang. Oppdragsgjevar vil kunne krevje erstatning, dagmulkt, etc., viss forseinkinga utelukkande skuldast forhold på leverandøren si side.
- Oppseiing: Har noen av partane rett til å seie opp kontrakten, og i så fall på kva for vilkår?

Merk at dette ikkje er ei uttømmende sjekkliste. Dette er snarare punkter som absolutt bør vere i ei kontrakt om offentlig innkjøp. På generelt grunnlag, så er det også veldig viktig at kontrakten er så presist og konkret formulert som mogleg. Det må og leggjast til at omfanget av kontrakten vil variere ut frå kompleksiteten på anskaffinga.

6.8 Offentlegheit og journalføring

Utgangspunktet er at dokumenta er offentlege, men det er tilgang til at tilbodsdokument og protokoll kan vere unntatt offentlegheit inntil val av leverandør er gjort. Etter dette er desse dokumenta offentlege, og unntak må ha særskilt heimel. Her kan for eksempel bestemmingane om teieplikt i § 13 i forvaltningslova, og/eller § 23, 1. ledd i offentleglova vere aktuelle heimlar. Merk at pris- og produktskjema er unnateke offentlig innsynsrett.

Det vil vere god forvaltningsskikk å la aktuelle leverandørar få uttale seg om kva for opplysningar dei meiner bør vere unntatt offentlegheit. Kommunen skal likevel gjere ei sjølvstendig vurdering av om opplysningane ikkje skal vere offentlege.

Eventuelle munnlege opplysningar gjeve i samband med anskaffingsprosessen, som er av betydning for gjennomføringa av anskaffinga, bør skrivast ned og journalførast. Dette er m.a. av omsyn til kravet om etterprøvarheit, god internkontroll og offentleglova.

6.9 Konsekvensar ved brot på innkjøpsregelverket

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA), kan ilægge kommunen eit gebyr på inntil 15 % av verdien på anskaffinga viss nemnda vurderer det dit hen at kommunen har utført ei ulovleg direkte anskaffing. Ein kvar aktør kan melde mistanke om ulovleg direkte anskaffing inn for KOFA.

7 KVALITETSSIKRING

7.1 Innkjøpsfullmakt og -ansvar

Kommunedirektøren har det øvste ansvaret for kommunen sine innkjøp, og at dei til ei kvar tid skjer etter gjeldande regelverk. Kommunedirektøren definerer roller og avgjer plassering av innkjøpsrelatert myndigheit internt i organisasjonen.

Tenesteleiarane har delegert innkjøpsansvar innan si resultateining. Vidare kan leiaren gje innkjøpsfullmakt til dei som treng det. Det skal utarbeidast ein skriftleg oversikt over kven som har innkjøpsfullmakt. Det skal likevel ikkje vere tvil om at det faktiske innkjøpsansvaret på ei eining ligg hjå tenesteleiarane. Eventuell inngåing og oppfølging av rammeavtarar per eining, er tenesteleiarane sitt ansvar, jf. administrativt delegasjonsreglement.

Kommunen sin innkjøpskontakt er, i tillegg til kommunen sitt kontaktpunkt inn mot OFA, kontaktpunkt mot andre relevante aktørar innanfor innkjøp som fagområde. Innkjøpskontakten er ikkje formelt involvert i alle kommunen sine innkjøp, men kan gje fagleg støtte ved behov.

Kommunedirektøren er ansvarleg for alle innkjøpsprosessar som gjeld driftskostnadar og investeringskostnadar, med mindre anna er særskilt presisert i det enkelte prosjekt. For alle tilbodskonkurransar/avtarar vil det vere utnemnt ein kontaktperson, f.eks. tenesteleiar, avdelingsleiar eller fagleiar. Denne personen har ansvar for ein stor del av konkurransen og oppfølging av den.

7.2 Varemottak og kontroll

Ved varemottak skal vara kontrollerast mot pakksetel og at vara ikkje har tydelege skader som kan gi grunnlag for reklamasjon. Ved kontroll av pakksetel skal det sjekkast at det er samsvar mellom levert, bestilt og oppført vare og mengde på pakksetel. Dersom leveransen har vesentlege feil eller manglar, skal leverandøren gjevast melding om dette så fort som mogleg.

Den som har tinga vara er ansvarleg for å kontrollere at faktura stemmer med pakksetel. I dei situasjonar der det ikkje er konkrete varer som levert, til dømes straum, telefon, skal det kontrollerast at fakturaen verkar rimeleg. Ved feil i fakturaen skal det utan opphald takast kontakt med leverandør slik at feilen skal rettast gjennom kreditnota eller ny korrigert faktura.

7.3 Attestasjon og tilvising

Det er kommunestyret som gjev kommunedirektør tilvisingsmynde for den kommunale forvaltninga. Kommunedirektøren har høve til å delegere denne mynde vidare. Hovudregelen er at leiarane for einingane har tilvisingsmynde.

Alle som har tilvisingsmynde har automatisk attestasjonsmynde, men dei kan **ikkje** både attestere og tilvise på same bilag. Ingen skal i noko høve attestere eller tilvise beløp til seg sjølv eller til andre som dei er i eit slikt forhold til som er omtala i forvaltningslovas § 6 (inhabilitet). I slike høve tilviser kommunedirektør for tenesteleiarar og ordføraren for kommunedirektøren.

7.3.1 Attestasjon

Attestasjon av ein faktura vil seie attestasjon av fakturaen i økonomisystemet og kontroll av at:

- Vara/tenesta er levert/utført og priskontrollert
- Originalfaktura ligg føre
- Vara/tenesta ikkje er betalt tidlegare

- Fakturaen er rett kontert.

Feilaktig innkjøp og utbetalinger som skyldast grov uaktsemd frå den som attesterer kan medføre økonomisk ansvar.


7.3.2 Tilvising

Tilvising av ein faktura vil seie kontroll av at:

- Det er budsjettdekning for summen (innanfor netto ramma)
- Beløpet er rett i forhold til avtalar, kontraktar, bestillingar osv.
- Fakturaen er tilstrekkeleg dokumentert, f.eks. i form av fakturagrunnlag/vedlegg
- Nødvendig attestasjon er utført
- Alle rutinar er fylgd.

Feilaktig innkjøp og utbetalinger som skyldast grov aktløyse frå den som tilviser kan medføre økonomisk ansvar.

VEDLEGG: FLYTSKJEMA INNKJØP





Saksmappe: 2020/339
Sakshandsamar: EIT
Dato: 21.08.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
86/25	Kommunestyret	28.08.2025

Omgjering av vedtak om Levekårsråd

Kommunedirektørens si tilråding

Levekårsutvalet er avslutta frå 30.06.25. Vedtaket i PS 73/25 frå 26.06.25 vert oppheva

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka

I kommunestyresak PS 73/25 26.06.25 vart det gjort følgjande vedtak:

«Levekårsutvalet blir avslutta som eit hovudutval 30.06.2025. Levekårsutvalet fortsetter som levekårsråd ut denne kommunestyreperioden med same medlemmar som tidlegare hovudutval. Rådet skal brukast som ei sparringpartner og politisk råd for administrasjonen i spørsmål som gjeld levekår-, oppvekst- og kulturområdet. Leiar av rådet skal ha godtgjering på lik linje med andre rådsleiarar og rådet skal ha antal møte som står i høve til antal saka som fremmast frå rådet sjølv og administrasjonen. Reglementet for levekår må oppdaterast. Kommunestyret ønsker å evaluere rådet i junimøte 2027.»

Det er juridiske utfordringar ved oppretting av råd som er bakgrunnen for denne saka

Formelt grunnlag

[Kommunelova §§ 5-1, 5-2 og 5-7](#)

Vurderingar og konsekvensar

Kommunelova §§ 5-1 og 5-2 gir ei uttømmende oversikt over kva organ ein kommune kan opprette som folkevalde organ, eller andre kommunale organ. Eit levekårsutval er eit folkevald organ etter § 5-1 andre ledd bokstav d. Råd som er nemnt i § 5-2 andre ledd bokstav er lovpålagte medverknadsorgan: eldreråd, råd for personar med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd. Lovkommentaren til §§ 5-1 og 5-2 presiserer at det ikkje er åtgang til å etablere andre typar folkevalde organ enn dei som går fram av disse to bestemmingane, verken som avgjerande, rådgjevande eller konsulterande organ. Ein omdanning frå levekårsutval til levekårsråd vil derfor måtte vurderast nøye opp mot lovens krav til organisering og namngjeving.

Fyrste del av vedtaket i sak PS 73/25 26.06.25 om avslutning av Levekårsutvalet som hovudutval kan bli ståande. Andre del, om oppretting av levekårsråd må anten strykast eller få anna innhald.

Om kommunestyret ønskjer å ha eit ståande levekårsorgan så må det organiserast som utval i lova etter §5-1 andre ledd bokstav d og §5-7 (om man ikkje skal innføre kommunestyrekomitear etter §5-9, men det betyr ein omfattande omorganisering av den politiske styringa av kommunen).

I forarbeidet til kommunelova ([Proposisjon 46 L \(2017-2018\)](#)) står det òg at «*organene skal ha navn som inkluderer lovens betegnelse*». Dette kjem igjen i [retteleieren til konstituerande møte](#) med teksten: «*alle utval i kommunen skal heite noko med utval for eksempel planutval og oppvekstutval*». Eit eventuelt nytt levekårsorgan vil da bli heitande utval, dømesvis Levekårsutvalet, men det kan da vere eit utval med nytt innhald og anna verksemd enn det som har vore tidlegare.

Om administrasjonen skal fremme eit forslag til organisering og reglement for eit nytt levekårsutval så må vedtaket frå 26.06.25 endrast. Kommunedirektøren si tilråding er at det ikkje vert oppretta eit nytt fast levekårsutval, men om det er ønska så kan eit alternativ vedtak vere:

«Vedtaket i PS 73/25 er oppheva. Levekårsutvalet er avslutta som hovudutval. Kommunedirektøren legg fram eit forslag til nytt levekårsutval etter intensjonen i vedtaket i PS 73/25.

Utvalet skal ha med møteverksemd som står i høve til antal sakar som fremmast frå utvalet sjølv og administrasjonen.

Kommunestyret skal evaluere utvalet i junimøte 2027»

Kvifor ikkje erstatte Levekårsutvalet med eit nytt utval

Utval vert oppretta for politisk styring. Kommunestyret har ikkje brukt Levekårsutvalet for politisk styring, til å lage politikk, eller fremme saker. Det er heller ikkje delegert noko myndigheit til utvalet. Administrasjonen kan heller ikkje sjå av vedtaket i sak PS 73/25 at det er ment å endre seg med oppretting av eit nytt politisk organ for levekår.

Det er gjort forsøk på å nytte Levekårsutvalet. Kommunestyret har i fleire omgangar vedteke å auke møtefrekvens til utvalet for å samsvare meir med frekvensen til dei andre utvala og kommunestyret.

Det har òg vert lagt ned arbeid med utvalet for å gjere det meir relevant. Levekårsutvalet hadde to halve dagar (12. juni og 6. november) saman med Jan Inge Tungesvik frå KS, med mål om å kome med konstruktive forslag til delegasjon. Utvalet sitt innspel finn de i saka PS 147/24

Jan Inge Tungesvik summerer i etterkant at det vil handle mykje om kva for ein arbeidsform ein vel, meir enn delegasjon. Han peikar og på at heimkommunen i større grad enn Bykle har gjennomgåande representasjon mellom Kommunestyret og utvalet.

Det er ikkje forventa at eit nytt levekårsutval vil auke produktiviteten frå den som har vore. [Ref. Saksframlegg PS 73/25](#)

Ein mogleg veg vidare

Kommunestyret kan når som helst opprette utval for eit avgrensa tema eller særskild oppgåve og dei lovpålagte medverknadsråda for ungdom eldre og personar med nedsett funksjonsevne dekkjer fleire av tema Levekårsutvalet har hatt. Det er ikkje forventa at eit nytt levekårsutval vil auke produktiviteten frå den som har vore.

Kommunestyret kan fastsette eit gitt antal møter i Eldreråd og Råd for personar med nedsett funksjonsevne på lik linje med Ungdomsrådet, for å auke møtefrekvensen til dei råda. Møteplanen vert lagt fram til handsaming i desember.

Bykle,

kommunedirektøren



Saksmappe: 2024/388
Sakshandsamar: SSH
Dato: 13.08.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
62/25	Formannskap	19.08.2025
87/25	Kommunestyret	28.08.2025

Planstrategi Bykle kommune 2025-2028

Kommunedirektørens si tilråding

I medhald av [Plan- og bygningslova § 10-1](#) blir Planstrategi for Bykle kommune 2025-2028 vedteken med endringar som omtalt i sak og i revidert utkast som følgjer saka.

Formannskap si handsaming av sak 62/2025 i møte den 19.08.2025:

Handsaming

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Vedtak

I medhald av Plan- og bygningslova § 10-1 blir Planstrategi for Bykle kommune 2025-2028 vedteken med endringar som omtalt i sak og i revidert utkast som følgjer saka.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Kommunestyret vedtok i møte 20.03.2025 å legge forslag til planstrategi ut på høyring. Det er kome nokre uttaler som er omtalt i saka. Utkastet til planstrategi er revidert med einskilde endringar som framkjem i saka. Kommunedirektøren innstiller på vedtak med endringane som nemnt i saksutgreiing/vedlegg.

Bakgrunn for saka

Formelt grunnlag

Kommunestyret skal vedta planstrategi for kvar valperiode, i utgangspunktet innan eitt år frå valet. Som opplyst tidlegare har det ikkje vore kapasitet til å få gjennomført dette før no, grunna mellom anna eit omfattande arbeid med ny samfunnsdel til kommuneplan og oppstart av arbeid med ny arealdel til kommuneplan. Planstrategien får såleis ein noko kortare horisont enn ønskjeleg.

Økonomiske verknader og andre vurderingar og konsekvensar

Planstrategien gir føringar for revisjon og utarbeiding av nye planar dei komande åra. Dei fleste vil venteleg bli utarbeidd med eigne ressursar og innafor driftsbudsjettet til ulike tenesteområde. Dersom ein treng ekstra middel vil det bli lagt fram eigen politisk sak i framkant av arbeidet med nye planar.

Mottekne høyringsuttaler, vurdering og tilråding i høve oppfølging mv.

Resymé av innspel (alle uttaler følgjer i si heilheit som vedlegg til saka) med kommunedirektøren si vurdering av oppfølging / endring osb.:

Statens vegvesen (SVV): SVV meiner at planstrategien gir god framstilling av planer og ei god oversikt over utfordringar og planbehov i åra som kjem. Dei har ikkje merknadar til strategien.

Kommunedirektøren sin kommentar: Innspelet blir teke til orientering.

Direktoratet for mineralforvalting (Dirmin): Dirmin opplyser at dei ikkje har hatt samfunnsdelen til høyring. Dei ber kommunen difor vurdere om ein i tilstrekkeleg grad har plangrunnlag for å sikre god og langsiktig forvalting av mineralressursane i kommunen. Dei syner til innspel til planprogrammet for arealdelen der ein peikar på ønskje om meir variert næringsliv, og at det kan vere næringsinteresser knytt til utnytting av mineralressursar, med tanke på masseuttak, og indirekte for indistriell vidareforedling av ressursar, tilgang på byggeråstoff til utbyggingstiltak, utvinning av mineralressursar og bruk av overskotsmasser for redusere trongen for massetak og forlenging av tilgang til grus- og pukkførekomstar for å redusere trongen for massetransport.

Dei tilrår at mineralressursar blir teke med i neste rullering av arealdelen, med overordna føringar for mineralske ressursar og mineralverksemd før neste rullering av arealdelen. I samfunnsdelen bør kommunen gjere greie for tilgangen til byggråstoff og korleis mineralressursane skal forvaltast lokalt.

Kommunedirektøren sin kommentar: Innspelet er aktualisert i høve dialog med Eyde-klynga og av mogleg pumpekraftverksplanar, og i utkastet til Strategisk næringsplan. Ein tilrår at det blir lagt inn ei føring for å arbeide med eit strategisk notat kring mineralressursar og råstoff-forvalting i planstrategien.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE): NVE går igjennom og gir råd i høve planstrategien når det gjeld risiko- og sårbarheit, kunnskapsgrunnlag, klimatilpassing og arealbruk, vassdragsmiljø, verna vassdrag og rikspolitiske liner mv.

I høve klima- og energiplanlegging viser dei til nye nasjonale forventingar til reigonal og kommunal planlegging som mellom anna peiker på at kommunane skal leggje til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling. Dei peikar på at det er viktig å sikre god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn, og at tilgang på kraft og tilhøyrande infrastruktur er premiss for planarbeid knytt til etablering av nye næringsareal. NVE gir fagleg råd om at ein i kommunalt planarbeid vurderer korleis ein kan leggje til rette for ny

fornybar kraftproduksjon, samlokalisering av verksmed med overskotsvarme med aktivitet som har trong for varme og effektiv energibruk i bygningar og sektorar.

NVE viser til sentrale føringar for vidare arbeid med planarbeid og planstrategi, og i sær på at samfunnstryggleik og avklåring av behov for oppdatering og utarbeiding av planar i ljøs av forventa klimaendringar og uønskte hendingar, og behov for revisjon / oppheving av gjeldande planer.

Kommunedirektøren sin kommentar: Det blir justert inn noko i plan for klima- og miljø med sideblikk på NVE si uttale. Det blir lagt inn nye moment i høve kraftinfrastruktur og utvikling av kraftkrevjande næringar og vekselverknadar av verksemdar som kan ha synergjar av samlokalisering.

Agder fylkeskommune (AFK): AFK gir uttrykk for at det er ein godt gjennomarbeida planstrategi. Dei oppmodar kommunen til å sjå på om ein treng alle planane eller om dei kan slåast saman der det kan vere overlapp, og om ein eventuelt kan legge samfunnsdelen til grunn og berre utarbeide handlingsdel t.d. innafor klimapolitikken.

AFK syner til nye mål og føringar frå Regionplan Agder 2030 med mål om reduserte klimagassutslepp, mål i høve sirkulær økonomi og ombruk av ressursar.

AFK er positive til plan for kultur, idrett og fysisk aktivitet / nærmiljøanlegg og viser til den regionale planen for same tema.

AFK er og positive til revisjon av kulturminneplanen med utvida perspektiv til ein plan for kulturarv og opplevingar. Fylkeskommunen viser til Riksantikvaren sin klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021-2030 og dei sin strategi for by- og stadutvikling når det gjeld bevaringsstrategi. Dei opplyser og at det vil starte arbeid med regional strategi for kulturarv 2030- og at ein ser til denne når den kjem i gong.

Kommunedirektøren sin kommentar: Råd vedrørande å berre arbeide med tiltaksplan for klimatiltak er i motstrid med andre innspel frå regionale og nasjonale aktørar. Arbeid med ein eigen klima- og energiplan blir føreslege oppretthalde i planstrategien. AFK sine andre innspel og råd er innarbeidd i revidert forslag til planstrategi.

Statsforvaltaren i Agder (SFA): SFA stør i det vesentlege kommunen sine prioriteringar for planarbeid. Påpeiker at dei ønskjer meir tydleg omtale av at samfunnsdelen skal følgjast opp gjennom den årlege handlings- og økonomiplanen, og at prioriteringane i samfunnsdelen er førande for budsjettarbeidet. SFA oppfattar at det kan vere overlapp på ein del planar og etterspør om nokre bør slåast saman eller at ein klargjer samanheng mellom desse.

SFA er positive til prioritering av plan/strategi for berekraftig hyttebygging, og at kommunen tek eigne grep for denne utviklinga.

Oppmodar til at ROS Agder blir teke inn som regional føring.

SFA vurderer at Folkehelseoversikta har manglar og at einsemd og sosialt utanforskap bør takast meir tak i. Dei sakar at lokale tilhøve blir meir adressert og at ein arbeider med konkrete og målbare tiltak i tema – og handlingsplanar. SFA tilrår at det ikkje blir ein lausriven folkehelsestrategi – og at ein vurderer å innarbeide den som del av heilskapleg planfor oppvekst.

SFA er positiv til bustadsosial plan og viser til den nye Bustasosiallova frå 2023 med føringar for innhaldet i planen.

SFA opplyser at Folkeshelsestrategien for Agder er gått ut og at ein heller bør vise til Regional plan for fysisk aktive liv i Agder 2024-2034 og Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald på Agder 2015-2027 som regionale føringar.

SFA tilrår at ein ser heile kommunen si samla helseteneste i ein heilskap og at helse- og omsorg bør vere i ein plan for kommunen, sjølv om det er eit interkommunalt samarbeid i helsetenesta. Men, at kommunen står fritt til å avgjere dette sjølv.

Avslutningsvis syner SFA til vektlegging av demografi, klima, beredskap og redusert nedbygging av nye naturareal, og gir råd om at kommunen har det med seg i arbeidet med ny arealdel og andre sentrale planar framover.

Kommunedirektøren sin kommentar: Statsforvaltaren sine innspel og merknadar er søkt innarbeidd i revidert planstrategi med m.a. tydeleggjering av

kopling frå kommuneplan til økonomiplan og budsjett, innarbeiding av ROS-Agder og Bustadsosiallova for som føringar. Rådet om å legge folkehelsestrategien i samla plan for oppvekst er føreslege følgd. Basert på rådet om å utarbeide ein plan for samla helse omsorgstenester for Bykle blir også tilrådd følgd.

Oppsummering:

Kommunedirektøren syner til gjennomgangen av innkomne innspel og revidert planstrategi i tråd med vurderingane ovanfor, og tilrår at denne blir godkjent slik.

Tilhøve til kommuneplanen

Planstrategien er lagt opp for å understøtte utpeikte satsingsområde og ulike tema som del er lovpålagte og der ein ser trong for å setje fokus på moglegheiter for utvikling og forbetringar.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Svar på høring av forslag til planstrategi for Bykle kommune..pdf
- 2 Fråsegn til høyring av kommunal planstrategi for Bykle kommune.PDF
- 3 uttale til planstrategi - NVE
- 4 Bykle kommune - Uttale til høring - forslag til planstrategi for Bykle kommune.PDF
- 5 Uttalelse - høring - Bykle - planstrategi 2025 - 2028.pdf

Melding om vedtak blir sendt til:

PLANSTRATEGI – BYKLE KOMMUNE
PERIODEN 2025-2028

Revidert etter høyring

Innhald

Innleiing	5
Kva er ein planstrategi?	5
Heimelsgrunnlag:	7
Innhaldskrav:	7
Verknad:	7
Prosess:	7
Vurdering av planbehovet i valperioden:	7
Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging	8
Regionale føringar og forventingar – Regionplan Agder 2030	8
Andre sentrale regionale føringar / planar er:	9
Regional struktur for samhandling –#vårt Agder	9
Megatrender – tenkje globalt – handle lokalt	10
Kommuneplanen for Bykle – samfunnsdelen	11
Kunnskapsgrunnlaget og sentrale utviklingstrekk	11
Samandrag av situasjon og utviklingstrekk	11
Samandrag av kunnskapsdelen i Bykle kommunes samfunnsdel:	12
Samandrag av satsingsområda i ny samfunnsdel	13
Operasjonalisering – plannivå/ -type	14
PLANSTRATEGI FOR BYKLE KOMMUNE 2025-2028	15
Plansystem	15
Planressursar	15
Planoversikt og forslag til planstrategi	15
Omtale av dei ulike planane i planstrategien	18
INTERKOMMUNALE PLANAR	18
Digitaliseringsstrategi	18
Interkommunal ruspolitisk handlingsplan	18
ROS Setesdal	18
OVERORDNA KOMMUNALE PLANAR	18
Kommuneplan samfunnsdel med arealstrategi	18
Kommuneplan arealdel	19
Sti- og løypeplan	19
Handlingsprogram / økonomiplan og budsjett	19
Samfunnstryggleik - risikoanalyse for kommunal beredskap	19
Kommunal beredskapsplan	19
Plan for kommunal kriseleiing	20

Strategisk næringsplan	20
Plan for reiseliv og besøksforvalting.....	20
Heilskapleg plan for oppvekst	20
Helse- og omsorgsplan	21
Plan for helsemessig og sosial beredskap	21
Pandemi og smittevernplan	21
Alkoholpolitisk retningslinje	21
Plan for miljøretta helsevern	21
Kommunedelplan for kultur, idrett og fysisk aktivitet.....	21
Kulturarv, kulturminneplan og opplevingar	22
Hovudplan kommunale vegar	22
Plan for kommunale bygg og anlegg	22
Klima og energiplan.....	22
Trafikksikkerheitsplan.....	22
Arbeidsgjevarstrategi	23
Eigarskapsmelding.....	23
Eigarstrategi.....	23
HMS og internkontroll	23
STRATEGISKE NOTAT	24
Bustadpolitikk og bustadsosial plan	24
Landbruksstrategi.....	24
Beitebruksplan.....	24
Digitalisering- og innovasjonsstrategi.....	24
Strategi for utvikling av nettkapasitet og kraftkrevjande etableringar	24
Strategi for meir berekraftig hyttebygging.....	25
Offentlege innkjøp - varer og tenester	25
Kommunikasjonsstrategi	25
Strategi for mineralressursar og ressursforvalting	25
TILTAKSPLANAR	25
Handlingsplan for idrettsanlegg, kulturbygg og nærmiljøanlegg	25


Innleiing

Kommunedirektøren legg fram forslag til kommunal planstrategi basert på nyleg vedteken samfunnsdel av kommuneplan og kunnskapsgrunnlaget som vart utarbeidd i 2024.

Behovet for nye planar og revisjon av planverk har utgangspunkt i kommuneplanen, og regionale, nasjonale føringar og forventingar – og ikkje minst ytre faktorar og megatrendar som kommunen ønskjer å ha eit proaktivt forhold til.

Kommunen er ein generalistkommune - nokre planer gjeld berre eigen kommune, og andre omhandlar interkommunale tema og tenester.

Kva er ein planstrategi?



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Kommunestyret skal gjennom kommunal planstrategi ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal bli revidert i valperioden.

Planstrategien er eit verktøy for å vurdere kommunen sitt plansystem, planressursar og samla planbehov knytt til kommunedelplanar, tema- og sektorplanar.

Den kommunale planstrategien er retningsgjevande for arbeidet i kommunen i åra framover. Kva utviklingstrekk ser vi, og kva behov leier utviklinga til? Kva planverk treng kommunen for å møte framtida?



Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men syner kort sagt kva planverk kommunen treng for å møte utfordringar og moglegheiter i Bykle i åra som kjem.

For ikkje å gjere planleggingsarbeidet meir omfattande enn ønskt er det også viktig å ha eit kritisk blick på kva planar vi faktisk treng. Behovsstyrt planlegging føreset at vi veit noko om dagens situasjon i kommunen, kva utvikling som er venta og kva politikk som er ønskt.

Figur 1 henta frå heftet; Kommunal planstrategi - rettleiar Miljøverndepartementet. Figur 2 er henta frå Lom kommune sin planstrategi

Heimelsgrunnlag: Kommunal planstrategi er forankra i Plan- og bygningslova (pbl) § 10.1:

Kommunestyret skal minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Grunna kapasitetsutfordringar kjem den litt forsinka – og ein får såleis litt kortare varigheit (resten av valperioden).

Innhaldskrav: Kommunen skal ta stilling til og vedta om gjeldande kommuneplan eller delar av han rullerast – og ha eit underlag som viser føresetnadane for vurdering av planbehov. Planstrategien bør omfatte drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, mellom anna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Verknad: Vedteken planstrategi er retningsgjevande for kommunen si prioritering av planoppgåver.

Prosess: Kommunen innhentar synspunkt frå nabokommunar og regionale styresmakter som del av arbeidet. Forslaget til vedtak i kommunestyret skal vere gjort kjent minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming og vedtak av planstrategien.

Vurdering av planbehovet i valperioden: I den kommunale planstrategien er det fleire moment knytt til kommunen sitt plansystem og andre planer som det er aktuelt å vurdere:

Tema og sektor(fag)planer - lovpålagte og ikkje lovpålagte. Kven skal vidareførast, utgå eller må/bør ein utarbeide som nye i kommunestyreperioden?

Kommunedelplanar, tematiske og/eller geografiske / areal -delar av kommunen. Kva/kven skal bli vidareførte, inngå i arealdelen eller utgå i kommunestyreperioden?

Når skal vi utarbeide tematiske kommunedelplanar? Er det særleg viktige politikkområde eller tema med behov for sterk grad av medverknad frå befolkning og rørte myndigheiter?

Er det større reguleringsplanar (områderegulering) /kommunedelplanar (areal) som kommunen skal utarbeide sjølv eller i samarbeid med andre myndigheiter / nabokommunar eller private.

Er det interkommunale og regionale planer der kommunen skal bidra med planinnsats i kommunestyreperioden?

Ein kan og vurdere kommunen sitt samla plansystem og om vi kan gjere forenklingar og forbetringar i plansystemet.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme en berekraftig utvikling i hele landet, jf. plan- og bygningsloven §§3-5 og 6-1.

For perioden 2023-2027 har regjeringa vektlagt fem hovudområdet:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Andre sentrale statlege/nasjonale føringar og retningslinjer

- Statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging

Samla oversikt over Nasjonale føringar og planoppgåver finn ein [her](#).

Regionale føringar og forventingar – Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder 2030 Regionplan Agder 2030 er eit overordna strategisk styringsdokument for utviklinga av heile Agder. Planen skildrar dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for landsdelen, eit ønska framtidsbilete for 2030 og kva som skal til for å nå konkrete mål.

Hovudmålet til planen er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk og berekraftig region i 2030. Det inneber:

- å bruke heile Agder, og sørge for at utviklinga kjem alle delar av Agder til gode.
- å samarbeide om å nå FN sine berekraftsmål på regionalt og lokalt nivå.
- arbeide kunnskapsbasert og målretta for å forbetre levekåra gjennom langsiktig og heilskapleg levekårssatsing.
- redusere klimautslepp på Agder med minst 45% innan 2030.
- nytte moglegheitene som digitalisering gir.

Regionplan Agder 2030 har 5 satsingsområde:

- Attraktivt og miljøvenleg Agder
- Berekraftig verdiskaping
- Utdanning, kompetanse og deltaking
- Mobilitet
- Kultur

Andre sentrale regionale føringar / planar er:

- Regional plan for mobilitet
- - Regional plan for fysisk aktive liv i Agder 2024-2034
 - Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald på Agder 2015-2027
- Frivilligstrategi for Agder 2022-2030
- Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald på Agder 2015-2027
- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Agder 2022-2027
- Energiplan for Agder
- Regional plan for innovasjon og berekraftig verdiskaping Agder 2015-2030
- Kompetansestrategi Agder 2030.
- ROS Agder

Fylkeskommunen si heimeside har samla oversyn over [regionale planar og strategiar](#).

Regional struktur for samhandling –#vårt Agder

Målet er å etablere fleire arbeidsplassar, betre levekåra for utsette grupper og å lykkast med omstillinga til eit samfunn med lågare utslipp av skadelege klimagassar. Vi kallar det #VårtAgder. Samhandlingsstruktur og korleis ein skal operasjonalisere dette ligg [her](#).

Det er og samarbeidsavtale mellom Fylkeskommunen og den einskilde kommune som peikar ut sentrale tiltak og tema ein vil arbeide med i fellesskap komande år.

Agder fylkeskommune er regional planmynde og kan gje faglege råd, og har høve til å gripe gjennom motsegn på utvalde tema innafor fortløpande arealplanlegging i kommunane, dersom ein ikkje ivaretek nasjonale eller regionale interesser.

Megatrender – tenkje globalt – handle lokalt

På globalt og nasjonalt nivå møter storsamfunnet ei rekke «megatrender» som påverkar måten vi lever, jobbar og tenkjer. Det er:

- demografiske endringar som påverkar aldersberekvna i samfunnet
- klima- og naturutfordringar som påverkar arealbruk, naturmangfald og beredskap
- energiutfordringar som påverkar tilgang på kraft og straumprisar
- sosial ulikskap som påverkar tilgang til og bruk av offentlege tenester
- mindre økonomisk handlerom som krev tøffare prioriteringar.

På lokalt nivå speglar desse trendane seg i form av utfordringar knytt til lokalisering og leveranse av offentlege tenester, kompetanse og rekruttering, fleire eldre og eit behov for tilgjengelege bustader i sentrumsområda, næringsutvikling og tilgang på kraft og ein større del menneske med behov for komplekse helsetenester.

Alle utfordringane påverkar korleis ein skal prioritere i økonomi- og handlingsplan, og handlingsrommet til andre satsingar eller ønska prosjekt.

Kommunen sin økonomi og evne til å løyse oppgåver i samspel med lokalsamfunnet, nabokommunar og myndigheiter er ein viktig del av ei berekraftig utvikling for Bykle.

Eit godt planverk vil danne viktige styringsgrunnlag for arbeid i ønskja retning.

Kommuneplanen for Bykle – samfunnsdelen

Denne bolken gir eit resymé av kommuneplanen. Heile planen finn du [her](#)

Visjon: “Bykle ser langt”

Bykle kommune legg langsiktige perspektiv til grunn for samfunnsutvikling og tenesteproduksjon.

I det ligg m.a. att:

- Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på forvaltning av dei store naturområda og -verdiane i kommunen av omsyn til framtidige generasjonar.
- Bykle kommune sikrar ein berekraftig økonomi med inntekter frå lokal verdiskaping basert på lokale fortrinn i tillegg til kraftinntekter
- Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på lokalsamfunnsutvikling og tenesteyting som gjer det attraktivt og godt å bu i Bykle heile livet
- Bykle kommune vil samarbeide og samskape

Kunnskapsgrunnlaget og sentrale utviklingstrekk

Med utgangspunkt i at kommunen i første år av valperioden har arbeidd ut ny samfunnsdel til kommuneplan har ein eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som peikar både på viktige utfordringar og mogleheitsrom ein har peika på som viktig framover.

Samandrag av situasjon og utviklingstrekk

- **Sosial berekraft:** Positiv folketalsutvikling, men utfordringar med små einingar og utanforskap.
- **Økonomisk berekraft:** Solide inntekter fra vasskraft, men press på kraftinntektene.
- **Natur og miljømessig berekraft:** Store naturverdiar og utfordringar med hyttebygging og reiseliv.

Bykle kommune fokuserar på langsiktig utvikling, berekraft og samarbeid for å sikre et godt samfunn for både fastbuende og tilreisande.

Samandrag av kunnskapsdelen i Bykle kommunes samfunnsdel:

Sosial berekraft

- **Positiv folketalsutvikling:** Auke i både fødselsoverskott og netto tilflytting.
- **Gode oppvekstvilkår:** Ungdata-undersøkelser viser gode forhold for barn og unge.
- **Utfordringar:** Små eininga kan føre til utanforskap og einsemd. Fallande forventa levealder for menn. Auke i tal eldre, behov for velferdsteknologi og lokal mobilisering.

Økonomisk berekraft

- **Kraftkommune:** Solide inntekter fra vannkraft, men press på inntektene.
- **Næringsliv:** Høg sysselsettingsgrad, men sårbarheit i reiseliv og bygg/anlegg.
- **Arbeidsmarknaden:** Høg andel tilsatte i privat sektor, men utfordringer med rekruttering og kompetanse.

Natur og miljømessig berekraft

- **Store naturverdiar:** 63% av arealet er varig verna, i tillegg har ein viktige villreinområde.
- **Hyttebygging:** Viktig for næringsliv, men aukende fokus på bærekraftige løysninger.
- **Klimautfordringar:** Auka risiko for ekstremvær, behov for robust infrastruktur og god arealplanlegging.

Samfunnstryggleik og beredskap

- **Klimaendringar:** Auka fare for flom og skred/ras, behov for betre overvannshandtering.
- **Infrastruktur:** Sårbarheit knytt til digital infrastruktur og samfunnskritiske tenester.
- **Hyttebygging:** Krev koordinering mellom utbygging/arealplanlegging og teknisk infrastruktur.

Samandrag av satsingsområda i ny samfunnsdel

I kommuneplanen har kommunestyret peika ut desse 4 satsingsområda for åra som kjem:

1. **Kvalitet i kommunale tenester:**

- Styrke kvaliteten i primæroppgåver og lovpålagte tenester.
- Fokus på faglege kvalifikasjonar og profesjonsutdanningar ved rekruttering.
- Prioritere systematisk folkehelsearbeid og tidleg innsats for barn og unge.

2. **Stadutvikling i Bykle:**

- Utvikle Bykle kyrkjebygd med vekt på bustadattraktivitet og næringsutvikling.
- Sikre rimelege bustader og eldretilpassa einingar i sentrum.
- Utvikle lågterskel møteplassar og sambruk av bygg.

3. **Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden:**

- Utvikle Hegni og aktivitetsaksen langs elva opp til sentrum og skisenteret.
- Samarbeide med Statens vegvesen for å utvikle eit trygt og gåvennleg Hovden sentrum.

4. **Eit meir variert næringsliv:**

- Strategisk arbeid for å styrke næringslivet og legge til rette for nyetableringer.
- Utnytte bransjeeffekten av å være kraftkommune.
- Vidareutvikling av fjellandbruket med nisjeproduksjon tilpassa klimaendringar.

Arealstrategiar

- **Sosial berekraft:** Vidareutvikling av Bykle kyrkjebygd og Hovden med bustader, handel og møteplassar.
- **Økonomisk berekraft:** Legge til rette for næringsareal og kraftkrevjande etableringar.
- **Miljømessig berekraft:** Forvalte areala i et generasjonsperspektiv og sikre miljømessig berekraftige utbyggingsformer.

Operasjonalisering – plannivå/ -type

Med utgangspunkt i nasjonale og regionale føringar og ny samfunnsdel av kommuneplanen føretek ein vurdering om korleis dei nye satsingsområda kan bli følgd opp med tiltak i handlingsdelen (økonomiplan/budsjett), eller om det er behov for nye eller endra strategiar eller temaplanar.

Operasjonalisering av samfunnsplanlegging kan bli iverksett både gjennom eigne planar og på verksemdsnivå i kommunen.

Meir eintydig definisjon av plantypar kan gi meir effektivitet i planprosessar og lette diskusjonane omkring kva slags planverktøy som er det mest nyttige for å løyse den aktuelle utfordringa.

Følgjande definisjonar blir lagt til grunn for tematisk samfunnsplanlegging framover:

Temaplan er det mest omfattande planverktøyet og skal både ha mål og tiltak, og kan ha strategiar og/eller satsingsområde. Temaplan vil gjennom definerte tiltak ha meir direkte økonomiske konsekvensar enn strategiane. Kommunedelplanar følgjer plan- og bygningslova sine prosesskrav til høyring og medverknad. Andre temaplanar kan ha enklare opplegg for medverknad og høyring.

Strategi tek tak i ei konkret utfordring eller eit tema ein ønskjer meir kunnskap om og aktuelle vegval. Strateginotat vil normalt vere meir overordna enn temaplanar, og skal vise retning for ønskt utvikling eller konkretisering av satsingsområde/tiltak innafor eit avgrensa tema.

Handlingsplan er definert som ein plan som berre omhandlar tiltak for oppfølging av ein vedteke strategi eller plan, eller delar av desse. Eller det kan gjelde oppfølging av samfunnsområde der utfordringar og mål er klarlagde gjennom politiske vedtak eller andre overordna føringar, f.eks. kommuneplanen sin samfunnsdel eller delar av denne. Handlingsplanar vil derfor i hovudsak bli vedteke av hovudutval eller formannskap.

Retningsline er tilrådingar for praksis som gjev støtte til avgjerder, og dei skal vere basert på beste tilgjengelege kunnskap.

Rutine beskriv oppgåver eller aktivitetar i ein prosess. Skildringa inneheld formål, omfang, ansvar, beskriving av aktiviteten samt eventuelle fristar.

PLANSTRATEGI FOR BYKLE KOMMUNE 2025-2028

Plansystem

Bykle kommune har i dag ikkje samla oversikt over gjeldande og vedtekne planar på heimesida.

Alle arealplanar ligg tilgjengeleg på arealplaner.no og det er lenke til heimesidene i samband med høyring av nye reguleringsplanar og kommuneplan mv.

Planressursar

Bykle kommune vil ha eige fagmiljø for utarbeiding og handsaming av eigne planar i perioden.

Kommunen vil auke kapasitet med rekruttering og vidareføre supplering av kompetanse og kapasitet gjennom tenestekjøp etter behov.

Ein er open for samarbeid med nabokommunar om styrking av fagmiljø med kompetanse og kapasitet.

Planoversikt og forslag til planstrategi

Oversikta viser eigne vedtekne og gjeldande planar og styringsdokument og planar ein har slutta seg til gjennom interkommunale samarbeid. Arealplanar (utover kommuneplanen sin arealdel) er ikkje omtalt nedanfor – men alle gjeldande reguleringsplanar finn ein i planoversikta arealplaner.no

Plannemning	vedteke	gjeldande til	Årstal oppstart -revisjon/ rullering/ endring oppstart
Interkommunale planar			
Digitaliseringsstrategi Setesdal	2019	2025	(?)
Interkommunal ruspolitisk handlingsplan for Bykle og Valle	2024	2027	2027
Alkoholpolitiske retningslinjer i Setesdal	2024	2027	
Risiko- og sårbarheit Setesdal (ROS Setesdal)	2020		2025
Overordna kommunale planar			
Planstrategi	2019	2023	2025
Kommuneplan samfunnsdel med arealstrategi	2024	2034	2028
Kommuneplan arealdel	2018	2030	2025
Sti- og løypeplan (del av arealdel)	2018	2030	2025
Handlingsprogram/ økonomiplan og budsjett	2024	2025-2028	årleg
Plan for kommunal kriseleing	2023		2025
Samfunnstryggleik - ROS og beredskapsplan	2020		2025
Plan for helsemessig og sosial beredskap	2017		2025
Temaplanar / kommunedelplanar			
Strategisk næringsplan	-		2025
Plan for reiseliv og besøksforvaltning	-		2026

Plannemning	vedteke	gjeldande til	Årstal oppstart -revisjon/ rullering/ endring oppstart
Heilskapleg plan for oppvekst Inkludert folkehelsestrategi	-		2025
Helse, pleie og omsorgsplan - Bykle	-		2025
Beredskapsplan helse Bykle og Valle	2019		
Pandemiplan	2016		
Smittevernplan	2014		
Tuberkuloseplan	2017		
Plan for kommunal atomulykkeberedskap	Usikker		2027
Kommunedelplan for kultur, idrett og fysisk aktivitet /nærmiljøanlegg	-	-	2026
Kulturarv og opplevingar, kulturminneplan	2016	2019	2026
Hovudplan for kommunale vegar	-		2026
Hovudplan for vatn og avlaup	2025	2034	2025
Plan for kommunale bygg og anlegg	-		2025
Berekraft – klima og energiplan,	-		2026
Trafikktryggleiksplan	2021	2025	2026
Arbeidsgjevarstrategi / Personalpolitisk plan	2024 2013	2030	2026
Eigarskapsmelding og eigarstrategi	2021		2025
HMS og internkontroll			kontinuerleg
Strategiske notat			
Bustadpolitikk og bustadsosial-plan			2026
Landbruksatsing og auka sjølvforsyning	2024	2027	
Beitebruksplan	starta		2025
Digitaliserings- og innovasjonsstrategi			2026
Nettkapasitet, nye næringar og etablering av større kraftkrevjande verksemdar,			2026
Berekraftig hyttebygging			2026
Offentlege innkjøp – varer og tenester			2026
Kommunikasjonsstrategi			2025
Kartlegging av mineralressursar, grus og pukkførekomstar, og ressursforvalting, utnytting og potensial for foredling.			
Tiltaksplanar			
Handlingsplan for idrettsanlegg, kulturbygg og nærmiljøanlegg. (Spelemiddel-prioritering)	2025	2029	årleg
Plansystem			
Alle tematiske og politisk vedtekne planar skal leggst på heimesida til kommunen.			2026

Plannemning	vedteke	gjeldande til	Årstal oppstart -revisjon/ rullering/ endring oppstart
Arealplanar – skal vere tilgjengelege på kartinnsynsløysing/ planportal.			Fortløpande

Omtale av dei ulike planane i planstrategien

INTERKOMMUNALE PLANAR

Digitaliseringsstrategi

Kommunal digitaliseringsstrategi må basere seg på den nasjonale digitaliseringsstrategien, som legg vekt på brukarvennlege tenester, betre dataflyt, innovasjon og tryggleik. Vi må utvikle digitale løysingar som er enkle, effektive og sikre, samtidig som samarbeid mellom offentlege aktørar blir styrka. For å lukkast må kommunen investere i teknologi, kompetanse og infrastruktur. Dette krev langsiktig økonomisk planlegging, der ein balanserer investeringar med effektiviseringsgevinstar. Digitalisering kan gi kostnadsreduksjonar på sikt, men krev ressursar til utvikling og omstilling i starten. Ei berekraftig digital omstilling føreset gode økonomiske prioriteringar, der kommunen sikrar både økonomisk kontroll og framtidsretta tenester. Ein har ikkje drøfta om digitaliseringsstrategien i Setesdal skal reviderast i fellesskap. Kommunane har nyleg gått inn i IKT-Agder, og ein bør eventuelt sjå til tilsvarande planverk og kommunane i IKT-Agder-samarbeidet og den nasjonale strategien som er kome i mellomtida. Digitaliseringsstrategien må eventuelt samordnast med samarbeidet vi er del av no

Interkommunal ruspolitisk handlingsplan

En interkommunal rikspolitisk handlingsplan er et samarbeid mellom fleire kommunar for å handtere rusmiddelproblematikk på ein heilskapleg og effektiv måte. Planen inneheld strategiar og tiltak for å førebyggje og redusere rusmiddelmisbruk, samd å gi støtte og behandling til dei som trenger det.

ROS Setesdal

NY ROS Setesdal blir lagt fram i lag med dei andre kommunane i 2025.

OVERORDNA KOMMUNALE PLANAR

Kommuneplan samfunnsdel med arealstrategi

Kommuneplanen er den viktigaste planen for Bykle kommune og ligg til grunn for all anna planlegging. Samfunnsdelen gir retning for langsiktig utvikling av Bykle og definerer satsingsområde som skal ha særleg prioritet i valperioden.

Samfunnsdelen skal følgjast opp gjennom årleg handlings- og økonomiplan, prioriteringane i samfunnsdelen er og førande for budsjettarbeidet årleg.

Kommunen leverer tenester og utfører forvaltningsoppgåver på ei rekke område. Satsingsområda i samfunnsdelen erstattar ikkje det løypande arbeidet kommunen gjer på alle desse områda, men peiker på kva område som skal ha særskilt prioritet i denne planperioden. Arealstrategiane i samfunnsdelen gir bestilling til oppfølging av samfunnsdelen i arealplanane, først og fremst til rullering av kommuneplanens arealdel.

Kommuneplan arealdel

Arealdelen i kommuneplanen skal bygge på mål og strategiar frå samfunnsdelen i kommuneplanen. Samfunnsdelen av kommuneplanen blir vedteken hausten 2024, og vil difor gje viktige føringar for arbeidet med arealdelen. Gjeldande arealdel vart vedteken i februar 2019. I åra etter har det kome nye signal både frå statleg og lokalt hald, mellom anna i høve til klima- og naturkrisa. Dette vil vere med å prege planprosessen. Ny planperiode vil vere 2025-2035. Arbeidet er starta, planprogram er vedteke, og det er varsla oppstart.

Sti- og løypeplan

Arbeidet med sti- og løypeplan er del av revisjonen av kommuneplanen sin arealdel og følgjer som egen del/ vedlegg. Kommunen vil også samhandle med Fylkeskommunen om pilot i Agder innanfor besøksforvaltning saman med destinasjonsselskap, verneområdeforvaltinga mv.

Handlingsprogram / økonomiplan og budsjett

Kommunen utarbeider fireårige økonomiplanar og årlege budsjett. Kommuneplanen sin samfunnsdel er førande for desse.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vedtakast med økonomisk balanse, og byggje på realistiske forventningar om utviklinga i inntekter og utgifter. Kommunelova er heimelsgrunnlag.

Økonomiplanlegging skal bidra til ressursane blir nytta på best mogleg måte, og er grunnlaget for at tenestetilbodet tilpassa utviklinga i innbyggjarane sine behov og kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Samfunnstryggleik - risikoanalyse for kommunal beredskap

Ei overordna risikoanalyse gir kommunen eit grunnlag for å identifisere og vurdere truslar og sårbarheiter som kan påverke tryggleik og samfunnsfunksjonar. Analysen omfattar både naturfarar, teknologiske hendingar, helseutfordringar og menneskeskapte truslar. Målet er å forstå risikoar, prioritere førebyggjande tiltak og sikre god beredskap. Dette krev tverrfagleg samarbeid, oppdaterte risikovurderingar og klare handlingsplanar for å redusere konsekvensane av uønskte hendingar. Økonomisk må kommunen finne ei balansert tilnærming mellom investeringar i førebygging og kostnader knytt til krisehandtering. God risikostyring kan redusere skadeomfang og spare ressursar på lang sikt.

Kommunal beredskapsplan

Kommunal beredskapsplanlegging følgjer lovverk som sivilberedskapslova og smittevernlova, og har som hovudmål å vere budd og sikre befolkninga si tryggleik ved å handtere uønskte hendingar som naturkatastrofar og pandemiar og ulike kriser. Planen kartlegg sannsynet for ulike hendingar og deira påverknad, og utviklar tiltak for å redusere risiko og konsekvensar. Den inkluderer prosedyrar for krisehandtering, ressursoversikt, varslingslister, evakueringsplanar og informasjon til befolkninga. Samarbeid med nødetatar og regelmessig øving er avgjerande for ein rask og koordinert respons. Øvingar og oppdatering av planen er avgjerande for å sikre rask og koordinert respons. Økonomisk må kommunen balansere investeringar i førebygging og beredskap med andre samfunnsbehov. Tidlege tiltak kan redusere framtidige kostnader og sikre ein meir robust og motstandsdyktig kommune.

Plan for kommunal kriseleiing

Planen for kriseleiing er ein overordna plan for beredskapen i kommunen som, saman med underliggjande beredskapsplanar, skildrar korleis kommunen skal handtere uønska hendingar. Kommunen sitt ansvar i ein krisesituasjon er å delta i arbeidet med skadeavgrensande tiltak for å sikre menneskjer, miljø og økonomiske verdiar. Det kan også vere situasjonar der kommunen sjølv er ansvarleg for å handtere hendingar t.d. ved smitteutbrot e.l. Det vil venteleg bli behov for oppdatering av planen i sameheng med revisjonen av ROS-Setesdal

TEMAPLANAR / KOMMUNEDELPLANAR

Strategisk næringsplan

Strategisk næringsplan tek utgangspunkt i samfunnsdelen av kommuneplan for Bykle, som har større breidde i næringslivet som eitt av fire satsingsområde. Næringsplanen skal operasjonalisere mål og føringar og korleis ein best kan løyse desse oppdraga. Via eit kunnskapsgrunnlag vil kommune trekke opp overordna og strategiske val for korleis kommunen vil arbeide med næringsutvikling framover. Det bør gi ein føreseieleg næringspolitikk, skildre mål og tiltak i planperioden, og gir føringar for bruk av næringsmidlar. I tillegg gjere tydleg kommunen si rolle i arbeidet med næringsutvikling framover.

Plan for reiseliv og besøksforvaltning

Reiselivet brukar fellesgode som natur, kultur og levande lokalsamfunn for å skape opplevingar og verdiar. Besøksforvaltning handlar om kva reiselivet skal bidra med for utviklinga av reisemålet, . kva som er rett besøk, på rett stad og til rett tid. Målet er å finne heilskaplege løysingar som sikrar at som tek omsyn til lokale interesser og bidreg positivt til utviklinga av staden, innanfor grensene til det naturen, landskapet og miljøet tålar, samtidig som det gir grunnlag for sunn næringsdrift og lokal verdiskaping og styrkt besøksattraktivitet.

Heilskapleg plan for oppvekst

Heilskapleg plan for oppvekst skal være eit overordna styringsdokument for oppvekstområdet i Bykle kommune. Hovudformålet er å sikre oppfølging av kommuneplan sin samfunnsdel, sentrale føringar og reformer. Planen skal ha fokus på samhandling og førebyggjande arbeid og dekke heile løpet frå «første 1000 dagar» og til fylte 18 år. Planen skal og ivareta lovkravet om førebyggjande plan etter barnevernlovgivinga.

signeEtter råd frå Statsforvaltar blir Folkehelsestrategi ein integrert del av denne planen, og den skal konkretiserer korleis kommunen vil arbeide systematisk med folkehelsearbeidet.. Den kan og peike på korleis satsingane skal operasjonaliserast i anna planverk og i ulike tenester med særleg fokus på levkår, frivilljugheit, folkehelse, mangfald og inkludering i denne og andre temaplanar det er aktuelt. Det må og arbeidast med tiltak og ein handlingsdel for folkehelsefeltet som del av dette.

Helse- og omsorgsplan

Helse- og omsorgsplan skal være eit overordna styringsdokument for helse- og omsorgsområdet i Bykle kommune. Planen skal sikre føreseielegheit for brukarar og tilsette, struktur, tilpassing til framtidige behov, kvalitetsforbetring, ressursfordeling og medverking. Planen gir retning for utvikling og levering av tenester, hjelpe med å møte framtidige utfordringar- som aldrande befolkning og auka behov for helse og omsorgstenester. Planen skal setje mål for kvalitetsforbetring, prioriterer ressursbruk og involverer innbyggjarane i utforminga av tenestene. Eigne delplanar kan vere aktuelle for spesifikke tenester.

Plan for helsemessig og sosial beredskap

Lov om helsemessig og sosial beredskap pålegg kommunane å utarbeide beredskapsplan for helse- og sosialtenestene dei er ansvarlege. Forskrift frå Sosial- og helsedepartementet har utfyllande krav til beredskapsplanlegginga og beredskapsarbeidet. Føremålet er å verne befolkninga sitt liv og helse og medverke til at nødvendig helsehjelp og sosiale tenester blir ivareteke under krig og ved kriser og katastrofar i fredstid. Planen frå 2017 har trong for revisjon.

Pandemi og smittevernplan

Pandemiplanen er frå 2016 og smittevernplanen er frå 2014. Både har trong for revisjon.

Alkoholpolitisk retningslinje

Alkoholpolitiske retningslinjer er ein del av den heilskaplege rusmiddelpolitiske handlingsplanen for kommunen. Desse skal gje rammer for handsaming av saker etter alkoholova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande oversyn over kva som vert lagt til grunn ved handsaming og vedtak i slike saker. Kommunen skal forvalte tildeling og oppfølging av sal- og skjenkeløyve på forsvarleg måte. Dokumentet er kommunen sine retningslinjer for handsaming av sals- og skjenkeløyve og er bindande for all sakshandsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve.

Plan for miljøretta helsevern

Følgjer av lovpålagte plan- og tilsynsstrategiar. Plan for miljøretta helsevern har som føremål å fremje folkehelse og medverke til gode miljømessige forhold, og å sikre befolkninga mot faktorar i miljøet.

Kommunedelplan for kultur, idrett og fysisk aktivitet

Kultur, idrett og fysisk aktivitet er viktige faktorar for livskvalitet, folkehelse, samfunnsutvikling og identitet. Vi ønskjer å vidareutvikle eit attraktivt, inkluderande og berekraftig kultur- og fritidstilbod for innbyggjarar og besøkjande. Planen byggjer på tidlegare satsingar, men speglar òg nye behov, og satsingar. Planen skal setje mål for anleggsutbygging og sikring av areal til fysisk aktivitet/nærmiljøanlegg. Den vil innehalde statusoversikt, vurdere behov på kort og lang sikt, lokalisering av anlegg og aktivitetsområde skal visast på kart. Andre anlegg som kommunen er involvert i eller samarbeider med og som er viktige for å sikre levande kultur- og idrettsarenaer som arbeidar for mangfald, trivsel og vekst i lokalsamfunnet kan og bli omtalte.

Kulturarv, kulturminneplan og opplevingar

Kulturminneplanen gir kommunen oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, og planlegg forvaltninga av desse. Kulturminna er spor etter tidlegare menneske. Kulturarv omfattar både immaterielle og materielle minne. Kulturmiljø er område med fleire kulturminne, inkludert naturelement med kulturhistorisk verdi. Kulturminna - arven byggjer identitet og stadkjensle, og er viktige for reiselivet. Samarbeid mellom ulike næringar, inkludert kulturfeltet, er viktig for å utvikle gode produkt og opplevingar som også bidreg til verdiskaping lokalt. Planen skal omhandle dette. Planen skal ha sideblikk på regional strategi for kulturarv Agder 2030, og Riksantikvaren sin strategi for kulturmiljøforvaltning og bevaringsstrategien under by- og stadutvikling.

Hovudplan kommunale vegar

Hovudplan for kommunale vegar skal synleggjere status på kommunale vegar og behovet ein ser for utbetring framover. Planen skal vere eit styringsdokument for å gjere dei rette investeringane til rett tid. Planen skal også innehalde handlingsplan med planlagde tiltak i åra framover med tilhøyrande budsjett.

Hovudplan vatn- og avlaup

Hovudplan VA skal synleggjere dagens anlegg, behov for utbetring av desse, og tiltak for å auke kapasitet og leveringstryggleik på kort og lang sikt. Planen skal vere eit styringsdokument for å gjere rette investeringar og utbetringar til rett tid. Inkludert i hovudplanen ligg også handlingsplanar med opplisting av planlagde tiltak i åra framover med tilhøyrande budsjett.

Plan for kommunale bygg og anlegg

Bykle kommune har ein omfattande bygnings- og anleggsmasse. Denne planen skal gi kommunen ein oversikt over desse bygga og anlegga og status på desse. Planen er eit styringsdokument for kortsiktig og langsiktig vedlikehald. Planen skal også omfatte ein handlingsplan med tiltak i åra framover med tilhøyrande budsjett.

Klima og energiplan

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing gir føringar for arbeidet. Klima- og energiplanen vil omfatte kunnskap om klimagassutslepp fordelt på kjelder med direkte utslepp av klimagassar og sektorar i kommunen. Den skal og gi informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi, og tilgangen på energiresursar. Framskriving av utsleppa for ti år, mål for utsleppsreduksjon, mål for effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging vil vere ein del av planen. Tema som risiko- og sårbarheit, klimaendringar, klimatilpassing og arealbruk, samfunnstryggleik og miljø vil bli omtalt der det ikkje fell innanfor andre planer. Det vil og vere ein tiltaksdel.

Trafikksikkerheitsplan

Det følgjer og av folkehelselova og plan- og bygningslova at kommunen har eit ansvar for å førebyggje skader og ulykker lokalt. Trafikktryggingsarbeid handlar om å redusere risikoen for skadar og ulykker blant alle trafikanter i alle aldrar, auke trafikktryggleiken og bidra til å nå nasjonale mål. Kommunen har særleg ansvar for kommunalt vegnett og trafikktryggleiken langs desse vegane. Trafikktryggleik handlar om å kunne bevege seg trygt på vegane og i nærmiljøet, anten ein er fotgjengar, syklist eller bilist. Planen dannar grunnlaget for fysiske tiltak, opplæring og haldningsskapande arbeid.

Arbeidsgjevarstrategi

Arbeidsgjevarstrategien gir retning for kommune sin arbeidsgjevarpolitikk fram mot 2030

Den skildrar konkrete mål, innsatsområde og forventningar til utvikling og ivaretaking av rollene som organisasjon, arbeidsgjevar og arbeidstakar. Strategien skal være dynamisk og vert endra ved behov. Bykle kommune prioriterer desse områda: arbeidsmiljø, kompetanse, rekruttere og behalde kompetanse medarbeidarar , partsamarbeid, god leiing, nyskaping og utvikling. Personalpolitisk-plan er del av arbeidsgjevarstrategien – denne skal reviderast. Ein del av reglementa er frå 2013 og treng oppdatering.

Eigarskapsmelding

Bykle kommune skal i medhald av kommunelova § 26-1 minst ei gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som kommunestyret skal vedta. Eigarutgreiinga omfattar alle kommunen sine heil- og deleigde aksjeselskap, interkommunale føretak, vertskommunesamarbeid og andre verksemdar. Føremålet med eigarskapsmeldinga er å vere open om kommunen si verksemd, gje oversyn over eigarinteresser og prinsipp for styring, og etterleve kommunelova. Meldinga skal vere det overordna politiske styringsinstrumentet. Ein grunnleggjande føresetnad for ei aktiv eigarstyring, er at kommunen har klare prinsipp for eigarstyring og følgjer opp selskapa på ein god måte.

Eigarstrategi

Ein eigarstrategi kan innehalde forventningar og mål for eigenkapital, lønsemdskrav, oppfølgings- og investeringsbehov, resultatkrav, rolleavklaringar, retningslinjer for styresamansetjing og samhandling, rutinar ved val av revisor, og forventningar til samfunnsansvar og berekraft. Eigarstrategiane skal sikre at selskapa oppfyller eigarane sine mål og legg grunnlaget for god styringsdialog. Kommunestyret fastset og reviderer eigarstrategiane i kvar valperiode.

HMS og internkontroll

Arbeidsgjevaren er ansvarleg for eit forsvarleg arbeidsmiljø i samsvar med arbeidsmiljølova, og skal ivareta helse, miljø og tryggleik (HMT) for arbeidstakarane. Arbeidstakarane skal også aktivt medverke. HMT-arbeidet omfattar rettar og plikter for både partar. Arbeidsgjevaren skal ha kunnskap om krav og sikre systematisk HMT-arbeid i samarbeid med tilsette og verneombod. HMT-handboka gir oversikt over mål og systematisk arbeid i Bykle kommune, inkludert rutinar og retningslinjer. Kommunen nyttar elektronisk HMT-handbok og Compilo kvalitetshandbok/internkontrollsystem for lokale rutinar og retningslinjer. Systemhandboka omfattar retningslinjer, rutinar, skjema og rettleiingar, og korleis internkontroll av HMT blir utført.

STRATEGISKE NOTAT

Bustadpolitikk og bustadsosial plan

Kommunen har regulerte bustadfelt, og stor utbod av utleigebustader. Kommunen påverkar samla bustadmarknad og det er behov for fleire leilegheiter for andre enn kommunalt tilsette. Kommunen har trong for ein bustadpolitikk som drøftar bustadtype (einebustad/konsentrert utbygging med fleirmannsbustader), aldersvennlege bustader, ungdomsbustader og meir konsept som fremjar sosial interaksjon og fellesskap mellom generasjonar, og gjerne berekraftig byggeri i både sentra. Ein bør og drøfte ulike konsept for spreidd bustadbygging - småbruksprosjekt eller liknande som fremjar meir miljøvennlege løysingar for dei som vil bu nær på natur og ha høve til sjølvhushald og dyrking/husdyrhald. Bustadsosial-lova av 2023 gir føringar for innhaldet i planen.

Landbruksstrategi

Kommunestyret vedtok i 2024 ein eigen strategi for landbruksnæringane, auka sjølvforsyning og kopling mellom landbruk og reiseliv i åra som kjem. Strategien tek både opp dyrkings- og beiteressursar, tilskottsordningar, aktivering av samla ressursgrunnlag på bruk som ikkje er i drift, og pilotsatsingar for auka produksjon av nye /andre vekstar, produksjonsformer og å ta i bruk ny teknologi og utstyr for å auke tilfanget av lokalmat og auka sjølvforsyning. I strategien ligg og føringar for meir fokus på innkjøp av kortreist mat.

Beitebruksplan

Beitebruksplanen er ein presentasjon av beiteareala i kommunen og bruken av desse til beiting med husdyr. Den dokumenterar omfang og verdi av noverande bruk, historisk bruk og gir føringar for framtidig bruk. Beitebruksplanen syner verdien utmarksbeite i Bykleheiane har for norsk matproduksjon og kulturlandskap i innmark og utmark. Planen synleggjer viktige og naudsynte omsyn kommunen må ha med seg opp i framtidig arealforvaltning, opp mot andre interesser og brukarar av utmarka framover.

Digitalisering- og innovasjonsstrategi

Kommunane må kontinuerleg vurdere nye måtar å løyse oppgåver på. Innovasjon kan vere nye eller endring i tenester, arbeidsprosessar eller kommunikasjonsmatar. Gjennom ein eigen strategi kan ein setje fokus og skape handlingsrom, utvikle kultur for innovasjon, og legge føringar for raskt og innovasjon og digitalisering innafor prioriterte område. Samarbeid, automatisering og kunstig intelligens vil vere del av dette .

Strategi for utvikling av nettkapasitet og kraftkrevjande etableringar

For å få eit breiare arbeidsliv vil kommunen setje fokus på lokale fortrinn med mykje kraftproduksjon og kompetansemiljø relatert til dette. Kommunen vil gjennom samarbeid med regionale og nasjonale aktørar styrke attraktiviteten for slike etableringar gjennom å auke tilrettelegging av nettkapasitet og utvikling av næringsareal for slike etableringar av nye kraftkrevjande verksemdar. Strategien må peike ut retningar for korleis ein skal innrette arbeidet framover i lag med kraftselskap, netteigar og regionale styresmakter og verkemiddelapparat. Synergjar av samlokalisering i samband med tilrettelegging for meir fornybar energiproduksjon og utvikling av nye næringsområde vil bli ein del av dette.

Strategi for meir berekraftig hyttebygging

Det er mange tema og tiltak som er aktuelle å gå inn i for meir berekraftig utvikling av fritidsbustader i kommunen. Det vere seg krav og tilpassingar til landskap og omgjevnader- og forhold til stadutviklinga bygg og arkitektur, fellesskap og organisering, energi/ressursbruk, infrastruktur/veg/vatn/straum, mobilitet/transport, arealbruk/økologi og prinsipp for framtidig hyttebygging i kommunen.

Offentlege innkjøp - varer og tenester

Dei allereie gjeldande lover, forskrifter, rettspraksis og tilhøyrande rettleiarar om offentlege innkjøp, dannar dei grunnleggjande krava for alle kommunen sine innkjøp. Dette reglementet er eit supplement til det eksisterande regelverket. Bykle kommune har innkjøpsavtalar på ei mengde varer og tenester. Kommunen er medlem i OFA (Offentleg fellesinnkjøp på Agder). Det er viktig at tilsette med innkjøpsmynde kjenner til desse avtalane, både med tanke på type varer/tenester samt handlingsrommet utanfor avtalane. Det er viktig å alltid undersøke om Bykle kommune har ein innkjøpsavtale på den aktuelle vara eller tenesta ein planlegg å kjøpe inn.

Kommunikasjonsstrategi

Kommunelova gir kommunen ansvar for å informere om den kommunale verksemda. Kommunikasjonsstrategien følgjer statlege prinsipp for offentlig kommunikasjon og er forankra i grunnlova § 100 om ytringsfridom og rett til tilgang til offentlig informasjon. Kommunikasjonsstrategien gir retning for utviklinga av kommunen sin kommunikasjon og omdømmebygging. Kommunikasjonsstrategien bygger på offentliglova, personalpolitisk plattform, etisk standard og politisk reglement. Nye plattformar og nye media overtek i stadig større grad for tradisjonell massekommunikasjon og informasjon. Kommunikasjon må også tilpassast innbyggjarane sine krav til informasjon og føretrekte kanalar.

Strategi for mineralressursar og ressursforvaltning

Det synest å vere trong for å setje fokus på potensialet som ligg i mineralressursar, grus og pukkførekomstar, og ressursforvaltning, utnytting og potensial for foredling med sideblikk på innspel i høyringa, utkast til strategisk næringsplan og dialog med ulike aktørar.

TILTAKSPLANAR

Handlingsplan for idrettsanlegg, kulturbygg og nærmiljøanlegg

Handlingsprogrammet for utbygging, kostnadsoversikt for drift og vedlikehald, og ei uprioritert liste over langsiktige behov skal også vere med følgjer opp kommunedelplanen for kultur, idrett og fysisk aktivitet. Handlingsplanen rullerer kvart fjerde år, men kan reviderast årleg for å tilpasse nye prosjekt og prioriteringar. I Bykle har kommunestyret praksis med årleg revisjon av handlingsplan for idrettsanlegg, kulturbygg og nærmiljøanlegg i samband med budsjett og økonomiplan.

Prioriteringane avgjer kva for prosjekt og område som kan få støtte. Desse prioriteringane ligg til grunn for tildeling av spelemidlane frå Norsk Tipping.

VEDLEGG 1:

Planar som gjeld innanfor tenestene skule og barnehage;

Årsplan for Bykle og Fjellgardane barnehage (årleg)

Handlingsplan med rutinar for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle barnehagebarn i Bykle kommune (årleg?)

Kompetanseutviklingsplan for barnehagane i Bykle (2023-2027)

Verksemdsplan for barnehagane i Bykle kommune (årleg)

Plan for overgang barnehage – skule i Bykle kommune (årleg)

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle (årleg)

Rettleiar for eit godt skulenærvær i grunnskulen i Bykle kommune (årleg)

Kompetanseutviklingsplan for grunnskulane i Bykle kommune (2004-2006)

Verksemdsplan for Fjellgardane skule (årleg)

Verksemdsplan for Bykle barne- og ungdomsskule (årleg)

I tillegg har vi fem lokale forskrifter;

- Forskrift om hovudmål
- Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa
- Forskrift om skulefritidsordninga
- Forskrift om skulereglar og organisering av skuledemokrati
- Forskrift om skulerute

Vi har og eit sett med vedtekter;

- Vedtekter for barnehagane i Bykle kommune



Statens vegvesen

BYKLE KOMMUNE

Sarvsvegen 14

4754 BYKLE

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Marita Schei Beisland /
47442271

Vår referanse:
25/101859-2

Dykkar referanse:
2024/388-3

Vår dato:
09.05.2025

Svar på høyring av forslag til planstrategi for Bykle kommune.

Vi viser til brev med høyring, datert 08.04.2025.

Saken gjeld rullering av kommunens planstrategi

Kommunal planstrategi er eit viktig verktøy for å klargjere områder der kommunen skal sette inn sine ressursar for å ta kommunen i ønska retning i åra som kjem. Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan, men eit hjelpemiddel for kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunens behov.

Planstrategien er også eit eigna verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplanar, tema- og sektor(fag)planar.

Behovet for nye planar og revisjon av planverk er basert på kommuneplanen, regionale og nasjonale føringar og forventingar, samt ytre faktorar og megatrender som kommunen ønskjer å ha eit proaktivt forhold til.

I møte 20.03.2025 vedtok kommunestyret at forslag til planstrategi for Bykle kommune 2025–2028 skal leggjast ut på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 10–1. Kommunestyret bad også høyringsinstansane vurdere behovet for ein heilskapleg plan for pleie og omsorg, samt ein eigen plan for helsetenesta.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Langsævn 4
4846 ARENDAL

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Enklare reisekvardag og auka konkurranse for næringslivet
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Meir for pengane

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Statens vegvesen si rolle i denne saka er som statleg fagmyndigheit, og som vegeigar og forvaltar av riksveg 9.

Våre merknadar til planforslaget

Statens vegvesen meiner at planstrategien gir ei god framstilling av dei planane som inngår i strategien, dei utfordringane kommunen står overfor, og dei satsingsområda som skal prioriterast dei kommande åra. Dokumentet er ryddig, strukturert og lett å lese.

Bykle har to tettstader, og kommunen vil leggje til rette for vidareutvikling av både Bykle kyrkjebygd og Hovden med bustader, handel, møteplassar og gå venlege sentrum. For Bykle kyrkjebygd skal ein leggje vekt på bustadattraktivitet, nærings- og attraksjonsutvikling. Dette inkluderer sikring av rimelege bustader og eldretilpassa einingar i sentrum, samt utvikling av lågterskel møteplassar og sambruk av bygg. For Hovden er det planlagt å utvikle Hegni og aktivitetsaksen langs elva opp til sentrum og skisenteret.

Konsentrert bygging på mindre stader vil leggje til rette for meir sykling og gåing til kvardagslege gjeremål, noko som også er positivt frå eit folkehelseperspektiv. Der det blir lagt til rette for spreidd bustadbygging, vil det vere viktig å ivareta trafikktryggleiken og sikre trygge skulevegar, i tråd med måla i Nasjonal transportplan om at barn og unge skal kunne bevege seg trygt i nærmiljøet og kunne gå og sykle til skulen på trygge skulevegar.

Dokumentet gir etter vår meining ei god oversikt over utfordringane i kommunen og dei planane kommunen prioriterer i åra som kjem. Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteken 15. oktober 2024, og set mål for dei viktigaste utfordringane kommunen står overfor.

Arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen er i gang. Vi har gitt innspel til oppstart av arealdelen med vårt brev datert 20. desember 2024, og til høyring av samfunnsdelen med vårt brev datert 27. juni 2024.

Vi har ingen vesentlege merknader til kommunal planstrategi.

Med helsing

Erling B. Jonassen
Seksjonsleiar

Marita S. Beisland

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Bykle kommune
Rådhuset
4754 BYKLE

Dato: 08.05.2025
Vår ref: 25/02431-2
Dykkar ref: 2024/388-3

Fråsegn til høyring av kommunal planstrategi for Bykle kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 8. april 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om planen

Kommunal planstrategi for Bykle kommune 2025-2028 er lagt ut til høyring. Planstrategien byggjer på samfunnsdelen til kommuneplanen, som vart vedteke i oktober 2024, og har som mål å understøtte satsingsområda som er vedteke der. Bykle kommune fokuserer på langsiktig utvikling, berekraft og samarbeid for å sikre eit godt samfunn for både fastbuande og tilreisande.

Fråsegn frå DMF

DMF har ikkje hatt kommuneplanen sin samfunnsdel for Bykle på høyring, og har dermed ikkje gitt innspel til den planen. I arbeidet med planstrategien bør det gjerast ei vurdering av om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikre god og langsiktig forvaltning av kommunen sine mineralressursar.

Det vart i oktober 2024 varsla om oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel for Bykle kommune. Arealdelen er eit viktig verktøy for å synleggjere viktige mineralressursar og mineraluttak i tråd med nasjonale mål og forventningar. DMF ga fråsegn til oppstartsvarelet og høyring av planprogrammet til arealdelen, 12.12.2024, der vi viste til nasjonale føringar for mineralressursar i planarbeid, oversikt over registrerte mineralførekomstar i kommunen samt oversikt over masseuttak i drift og områder sett av til råstoffutvinning. Vi ser at planstrategien viser til megatrendar, der ein skal tenkje globalt og handle lokalt når det gjeld blant anna klima, natur og arealbruk. Kommunen ønsker og eit meir variert næringsliv. Slik vi òg la til grunn i uttale til arealdelen, kan det vere næringsinteresser knytt til utnyttinga av mineralressursar, både direkte ved det enkelte masseuttak og indirekte ved ulike typar industriell vidareforedling av ressursane. Tilgang på byggeråstoff er nødvendig for å kunne realisere planlagde utbyggingstiltak. Ved større utbyggingssjorsjekt er det viktig



at mineralske massar av god kvalitet blir vunne att som byggeråstoff framfor å bli permanent deponert. Auka bruk av overskotsmassar kan redusere behovet for å opne nye masseuttak, forlenge varigheita av tilgangen til grus- og pukkførekomstar og redusere behovet for massetransport. Vi ser at *Forvaltningsrevisjonen for Bærekraft i Agder fylkeskommune*, tek opp masseforvaltning med fokus på gjenbruk av overskotsmassar og relevansen av å utarbeide masseforvaltingsplanar på tvers av prosjekter. Dette kan vere nyttige verkemiddel for å avklare moglegheiter og rammar for ein meir sirkulær bruk av mineralressursar.

Planstrategien gjer greie for at det er planlagt oppstart av ny revisjon av samfunnsdelen i 2028. DMF tilrår at temaet mineralressursar blir teke med ved rullering av neste samfunnsdelen, slik at det blir lagt overordna føringar for mineralske ressursar og mineralverksemd før neste rullering av arealdel. Kommunen bør i samfunnsdelen gjere greie for tilgangen til byggeråstoff og korleis mineralressursane skal forvaltast lokalt.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Vedlegg:

Fråsegn til høyring av kommunal planstrategi for Bykle kommune

Mottakarar:

Bykle kommune

Rådhuset

4754 BYKLE

Kopi til:

BYKLE KOMMUNE
Sarvsvegen 14

4754 BYKLE

Vår dato: 08.05.2025

Vår ref.: 202508876-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2024/388-3

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs uttale - Offentleg ettersyn - Forslag til planstrategi for 2025-2028 - Bykle kommune

Vi viser til brev datert 08.04.2025. Saka gjeldt høyring av forslag til planstrategi for Bykle kommune for perioden 2025-2028.

Om NVEs oppgåver og sektorinteresser

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har òg ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs rolle i kommunal planlegging er i hovudsak knytt til arealbruk, og rammene for NVEs forvaltningsoppgåver går fram av rettleier [2/2017 - Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområde i arealplanlegging](#). Det er viktig at kommunen forankrar viktige omsyn for arealbruken i kommunal planstrategi.

NVEs råd og innspel til planstrategien

NVE har utarbeidd ein [kartbasert veileder for kommuneplanens arealdel](#) som går stegvis gjennom våre fagområde. Rettleiaren kan vere eit nyttig hjelpemiddel for å få oversikt over kva forhold som må avklårast vidare.

ROS og oppdatert kunnskapsgrunnlag

I samband med planprosessen, skal kommunen utføre overordna ROS-analyse for heile kommunen. Gode risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) er grunnleggjande for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit. Vi føreset at kommunen i ROS-arbeidet sikrar at ny og oppdatert kunnskap om fare for flaum, skred, erosjon og overvatn blir nytta, og at dette blir lagt til grunn for arealplanlegginga.



NVE oppmodar kommunen til å vurdere om tidlegare vedtekne arealplanar som med dagens kunnskap om klimaendringar, naturfare og vassdragsmiljø ikkje ville blitt godkjent for utbygging. Kommunen bør ta stilling til om desse tidlegare vedtekne arealplanane skal opphevast eller endrast.

Klimatilpassing og arealbruk

Det er viktig å ta omsyn til klimaendringar og klimatilpassing i samfunnsplanlegginga. Tilstrekkeleg sikkerheit mot naturfarar som flaum, skred og overvatn er viktig i den samanhengen. Klimaendringane aukar sjansane for ekstremvêr og naturfare. Det blir utfordringar knytte til både for mykje og for lite vatn. Vi må særleg førebu oss på meir styrtregn og overvatn, fleire og større regnflaumar, høgare havnivå og fleire jord-, flaum- og sørpeskred.

Den beste måten å førebygge skadepotensialet av flaum og skred på er gjennom kartlegging, god arealplanlegging og sikring i kommunane. Det er viktig at kommunen har god kunnskap om område som er sårbare for flaum og skred, og at de har gode lokale beredskapsplanar. Det er viktig at kommunen ikkje bygger ned naturlege flaumvegar, og ikkje aukar andelen tette overflater ved utbygging.

I utbyggingsområde bør overvatn handterast på overflata. Vi tilrår at det blir teke utgangspunkt i dei naturlege vassvegane. Det må setjast av store nok samanhengande areal i utbyggingsområde til å vareta trygg bortleiing av overvatnet på overflata i framtida.

Arealstrategien bør vere tydeleg på at bekker ikkje skal lukkast og sjå på moglegheiter for å opne lukka bekker.

Sikring mot naturfare og god overvass- og vassdragsforvaltning er eit viktig bidrag for å oppnå fleire av FNs berekraftmål, som berekraftige byar og lokalsamfunn, og stoppe klimaendringane.

Vassdragsmiljø

I «kampen om areala» erfarer NVE at det nokre gonger vert planlagt utfylling i vassdrag. Oftast ved planlegging og utføring av infrastrukturtiltak, men også ved fortetting og transformasjon i sentrumsområde.

NVE meiner at arealstrategiar bør ha mål om å unngå utfylling og inngrep i vassdrag. I tillegg til å redusere nedbygging av vassdragsnatur bør arealstrategien omtale restaurering av vassdrag og spesielt opning av vassdrag (elver, bekker).

Vassdraga er viktige transportårar for vatnet si reise mot havet, både i periodar med lite (tørke) og mykje avrenning (flaum), og klimaendringane styrkar trongen for ei heilskapleg forvaltning av vassdraga.

Både små og store vassdrag med tilhøyrande randsone har viktige funksjonar som leve- og ferdselsområde for mange plante- og dyreartar. Inngrep i og langs vassdrag kan gi store tap av habitat, og svekke dyre- og planteliv, økosystem og landskapsverdiar.



Verna vassdrag

Det er verna vassdrag i kommunen: [021/1 Njardarheim - NVE](#), og delvis: [016/3 Dalåi - NVE](#) og [019/6 Åmdalsvassdraget ovf. Borsæ og Foluvatnet - NVE](#).

[Dei rikspolitiske retningslinene](#) for verna vassdrag skal leggjast til grunn når kommunen skal fastsette føresegner til planen. Ein skal unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø. Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekker, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m bredde på sidene av desse. Tiltak må ikkje kome i konflikt med vernegrunnlaget for vassdraget. Verna område kan visast som omsynssone *bandlegging etter anna lovverk*.

Energianlegg og energibruk

Klima- og energiplan i kommunen skal etter planstrategien rullerast/endrast i 2026.

I [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) er det fleire forventningar knytt til klima og energi. Mellom anna skal kommunane leggje til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling. Det er viktig å sikre god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn (forventning nr. 32). Tilgang på kraft og tilhøyrande infrastruktur er ein premiss for planarbeid knytta til etablering av nye næringsareal.

NVE oppmodar kommunane til å vurdere korleis kommunalt planarbeid kan leggje til rette for:

- Ny fornybar kraftproduksjon
- Samlokalisering av verksemd med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme
- Effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar

Vi ser òg nytta av at kommunen merker av energianlegg i kommuneplanens arealdel. På [NVE Temakart](#) kan de søkje opp utbygde og planlagde nettanlegg, vasskraftanlegg, vindkraftanlegg og solkraftanlegg. I NVEs kartbaserte rettleiar er det berre nettanlegg som er synlege.

Det vart i 2023 lagt fram ein [Handlingsplan for energieffektivisering i alle deler av norsk økonomi - regjeringen.no](#). Rolla til kommunane vert framheva i handlingsplanen.

Kommunen har ei sentral rolle i arbeidet for meir energieffektivitet og meir fleksibel energibruk gjennom rolla som planmyndigheit, innkjøpar, byggherre, tilretteleggjar og koordinator. Val som vert gjort i arealplanlegginga vil leggje grunnlaget for energibruk òg framover i tid.

Forslag til statlege planretningslinjer for klima og energi som har vore på [høyring](#) våren 2024 inneheld fleire konkrete retningslinjer knytt til samfunns- og arealplanlegginga i kommunen.



Viktige føringar i arbeidet med planstrategien

Kommunen viser til FNs berekraftsmål og [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 \(regjeringen.no\)](#) som viktige føringar i arbeidet med arealplanlegging. Det er positivt at kommunen legg desse nasjonale forventningane og berekraftsmåla til grunn for planarbeidet.

NVE vil òg vise til [Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag - Lovdata](#) og [Klimaprofil Agder - Norsk klimaservicesenter](#) som viktige føringar i arbeidet med arealplanlegging.

Vi viser til [Rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#). Kapittel 2.6 gir rettleiing til korleis omsyn til samfunnstryggleik kan innarbeidast i den kommunale planstrategien. I kapittel 2.12 er det peika på at det er viktig med oppdaterte planar.

I [Statlig planretningslinje for klimatilpasning](#) kap. 4.3 står det mellom anna at:
«Kommunal og regional planstrategi skal omtale behovet for oppdatering av eksisterende eller utarbeiding av nye planer, i lys av forventede klimaendringer og tidligere uønskede naturhendelser. I planstrategien skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer et behov for oppheving eller revisjon av gjeldende planer.»

I Stortingsmeldinga [Meld. St. 26 \(2022-2023\) Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn](#) er det fleire stader peika på at det er viktig med oppdaterte arealplanar, mellom anna på s. 49-50.

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar. Der er det også retta merksemd på oppdaterte planar som viktig verkemiddel. Regjeringa har forventning om at planer må være oppdaterte (forventing nr. 2, 4 og 47).

Regjeringa viser fleire tydelege forventningar knytt til klima, natur og miljø for framtida, og samfunnstryggleik og beredskap (forventing nr. 59, 63, 65, 66 og 67).

Regjeringa har òg tydelege forventningar på energifeltet, mellom anna i forventing nr. 31, 32 og 46.

Vi tilrår at føringane blir lagde til grunn for det vidare arbeidet med planstrategien.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Naturfarerapporter som er registrert hos NVE finn de her: [Bykle kommune - NVE](#).



Meir informasjon

Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finst på NVEs internettsider for [arealplanlegging](#). Her er informasjonen og rettleiinga lagd opp etter plannivå. Vi vil spesielt nemne [kartbasert rettleiar for kommuneplanen sin arealdel](#) og [kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Desse nettsidene blir oppdaterte når nye verktøy ligg føre. Vi viser mellom anna til nytt [aktsemdkart for snøskred 2023](#). Dette har ei ny og betre modellering, og er landsdekkjande.

På nettsida [NVEs naturfarewebinar](#) finn de webinar om flaum og skred i kommuneplanar.

Kommunen kan søkje NVE om [økonomisk støtte](#) til kartlegging og sikring mot naturfare. Støtta til kartlegging og sikring gjeld område der det i dag finst eksisterande busetnad.

Nettsida [Enkel planlegging](#) gir god rettleiing til strategisk kommuneplanlegging for distriktskommunar.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

BYKLE KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I AGDER



BYKLE KOMMUNE
Sarvsvegen 14
4754 BYKLE

Dato: 06.05.2025
Vår ref: 25/14395-3
Dykkar ref: 2024/388-3
Saksbeh.: Silje Utne Bjørke

Bykle kommune - Uttale til høring - forslag til planstrategi for Bykle kommune

Syner til oversending frå 08.04.25.

Bykle kommune har oversendt forslag til kommunal planstrategi for Bykle 2025-2028.

Forslag til planstrategi er godt gjennomarbeida og eit oversiktleg dokument. Planstrategien er basert på nyleg vedteke samfunnsdel til kommuneplanen og kunnskapsgrunnlaget som vart utarbeida i 2024. Det står at det er viktig å ha eit kritisk blikk på kva for nokre planar ein faktisk treng i planstrategien.

Som nemnd har kommunen nyleg vedteke samfunnsdelen, og legg opp til ein revisjon med oppstart i 2028. Dette vil vere eit godt grep for å sikre forankring hos de nye kommunestyret. Kommunen har nyleg varsla oppstart av arbeidet med revisjon av arealdelen. Vi syner til innspel til saka i eige uttale.

Det generelle inntrykket er at det er svært mange planer som planleggast, også nye planer de neste åra. Nokre av planane har til dels overlappende tema, og vi ber kommunen vurdere om nokre av planane med fordel kan slåast saman.

Berekraft – klima og energiplan

Kommunen legg opp til å utarbeida ny plan for Berekraft – klima og energi med oppstart i 2026. Dersom Bykle kommune vurderer at samfunnsdelen gir tilstrekkeleg retning for den kommunale klimapolitikken, kan det være tilstrekkeleg (og mest nyttig) å utarbeide ein konkret handlingsplan. Handlings- og økonomiplanen med klimabudsjett kan være eit godt verktøy for å følge opp klimapolitikken i kommunen.

Nye mål og føringar i Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder 2030 med regional planstrategi ble vedteke i oktober 2024. Føremålet med planen er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lavutsleppssamfunn med gode levekår. Den oppdaterte planen inneheld nokre nye mål og føringar. Konkret syner vi til desse:

- 1.9. I 2030 har Agder redusert direkte klimagassutslipp med 55 prosent i forhold til referanseåret 2017, og i 2050 er Agder et lavutslippssamfunn der direkte klimagassutslipp

Besøksadresse:
,
Postadresse:
Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

Telefon:

E-post:

Org.nr.:
921 707 134
Nettstad:
Web

- er redusert med over 90 prosent. (2024).
- 2.6. Agder er omstilt til en mer sirkulær økonomi, der gjenbruk og ombruk av ressurser prioriteres. (2024)

Kommunedelplan for kultur, idrett og fysisk aktivitet/nærmiljøanlegg

Fylkeskommunedirektøren er positiv til revisjon av kommunedelplanen. Ved revisjon av kommunedelplanen bør kommunen sjå til Regional plan for fysisk aktive liv på Agder 2024 – 2034.

Kulturarv og opplevingar – kulturminneplan

Kommunen har ein eigen kulturminneplan frå 2016 som inkluderer mesteparten av kulturminne som er i kommunen. Fylkeskommunedirektøren meiner det er positivt at kommunen legger opp til ein revisjon av planen i denne planperioden.

I arbeidet anbefaler vi at Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021-2030, Riksantikvarens strategi, faglige anbefalinger for by- og stedsutvikling blir lagt til grunn og riksantikvarens bevaringsstrategi.

Fylkeskommunen arbeidet med ny regional strategi for kulturarv 2030. Det er uklart når strategien vil være ferdig, men vi ber om at planarbeidet blir sett i samanheng med den regionale strategien.

Med helsing

Silje Utne Bjørke
rådgjevar
Samfunn, plan og miljø

Brevet er godkjend elektronisk.

Kopi til: STATSFORVALTEREN I AGDER
STATENS VEGVESEN



BYKLE KOMMUNE

Sarvsvegen 14
4754 BYKLE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Dag Petter Sødal, 38 17 61 81

Statsforvaltarens uttale til forslag til planstrategi 2025 – 2028 for Bykle kommune

Vi viser til brev datert 08.04.2025 om høyring av forslag til planstrategi 2025 – 2028 for Bykle kommune.

Overordna vurdering

Som kommunen sjølv peikar på, er Bykle noko seint ute med dette arbeidet. Samstundes gjev det nyleg slutførte arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen eit godt grunnlag for arbeidet med planstrategien. Det er fint at Bykle refererer til kunnskapsgrunnlaget, satsingsområda og arealstrategien frå samfunnsdelen i planstrategien. Dersom det kunne gis ei meir direkte grunngeving for at dei planane som no prioriterast i strategien også er dei som best svarer på måla i samfunnsdelen, hadde dette styrka kommunens arbeid enda meir. Statsforvaltaren ser at mange kommunar nå vedtar noko kortare planstrategiar etter valet, med vekt på de mest overordna planane. Så blir dette følgt opp ved å ha eit fullstendig planregister som vedlegg til den årlege handlings- og økonomiplanen, som oppdaterast årleg. Bykle kan vurdere å gå i denne retninga til neste revisjon.

Vi kan i det vesentlege støtte kommunen sine prioriteringar for planarbeidet. Det er fint at Bykle legg opp til ny rullering av samfunnsdelen etter neste kommuneval. Revisjon av arealdelen er i gang, og ulike beredskapsorienterte planer er prioritert for revisjon i 2025. Det bør kome tydeleg fram i planstrategien at samfunnsdelen skal gjennomførast ved hjelp av den årlege handlings- og økonomiplanen, og at prioriteringane i samfunnsdelen er førande for budsjettarbeidet.

Kommunen har mange planar med tilgrensande tema, og kan vurdere om det er mogeleg å slå saman nokon av desse, eller tydeleggjere korleis dei heng saman til eit samla oversiktleg planverk.

Vi meiner det er positivt og viktig at Bykle vil prioritere arbeidet med berekraftig hyttebygging i 2026. Dei nye planretningslinjene gir strammare rammer for hyttebygging framover. Det synest rimeleg sikkert at ein kommune som Bykle vil vere tent med å vere tidleg ute og ta eigne grep om denne utviklinga. Målet må vere å sikre næringsaktivitet på sikt utan å bygge ned ny natur i noko omfang.



Som ein konkret merknad til oversikten over statlege og regionale føringar på side 6, vil vi be om at ROS Agder tas med som regional føring. Det er og vedteke nye «*Statlige planretningslinjer for klima og energi*» i 2024, som erstattar dei frå 2018. Vi minner også om at kommunen sin overordna beredskapsplan skal være oppdatert til ei kvar tid, og reviderast minimum årleg.

Nærare vurdering av arbeidet med folkehelse

Bykle kommune har ei [folkehelseoversikt](#) frå 2024. I dokumentet blir det gitt ei god innføring i folkehelse som tema, og dessutan hensikta og formål med oversikta.

Oversikta dekkjer mange av dei lovpålagde tema. Det er eit tydeleg fokus på sosial ulikskap i helse, og lesaren blir gitt ein innføring i samanhengane mellom ulike faktorar og utvikling av helse. Men oversikta har fleire manglar, og det blir vist statistikk for nokre tema utan at funna blir beskrivne eller vurderte. Dette gjeld spesielt for faktorar under tema oppvekst og levekårsforhald, og helserelatert åtferd. Det er i liten grad gjort ei tolking av årsaksforhold og potensielle konsekvensar av funna. Prosessen med å samle inn, arbeide med og vurdere data skal føra til at kommunen identifiserer folkehelseutfordringane sine. Dette skal vera utgangspunktet for kommunen sine vidare prioriteringar i folkehelsearbeidet.

Bykle skil seg markant frå Agder og landet elles med talet på ungdom som oppgjer å bli mobba minst kvar 14. dag. Likevel er det inga vurdering av mogleg årsaksfaktorar eller potensielle konsekvensar som kjem fram av oversikta. Det same gjeld for delen ungdom som oppgjer å ha stole. Her skil Bykle seg også markant frå Agder og landa elles, i negativ retning. Sjølv om det er eit lite elevtal som kan føra til store utslag i statistikken, er dette funn som bør vurderast. Utfordringar med sosial utanforskap og mobbing i Bykle er kjend både gjennom media og klagesaker til Statsforvaltaren. Dette er eit viktig folkehelse tema som i større grad bør omtalast i oversikta.

Det er positivt at Bykle har hatt eit folkemøte om folkehelse som har gitt innbyggjarane høve til å seia noko om kva som er viktig for dei. Ettersom einsemd og utanforskap var dei faktorane som flest meinte hemmar folkehelsa i Bykle under folkemøtet om folkehelse i 2023, er dette utfordringar kommunen bør prøva å finna data på, slik at ein kan følgja utviklinga over tid. Kommunen kan generelt bruka fleire datakjelder og innhenta meir informasjon i oversikta si.

Dokumentet folkehelseoversikt minner innleiingsvis meir om ein folkehelsestrategi enn ei oversikt. Det blir vist til tilrådde tiltaksområde som skal komma fram av ein eigen folkehelsestrategi. Det er ikkje direkte feil å ha dette i folkehelseoversikta, men oversikta skal leggja grunnlaget for val av mål, strategiar og tiltak for folkehelsearbeidet. Dette skal vera ein tverrfagleg og tverrsektoriell prosess og bør forankrast politisk. Dette følgjer av rettleier for systematisk folkehelsearbeid ([Systematisk folkehelsearbeid - Helsedirektoratet](#)).

Kommunen drøftar i liten grad funna frå folkehelseoversikta i [planstrategien](#). Det kjem fram av folkehelseoversikta at utanforskap og einsemd var dei faktorane som flest meinte hemma folkehelsa i Bykle, under folkemøtet om folkehelse i 2023. Dette får likevel lite merksemd. Det blir i planstrategien peika på gode forhold for barn og unge. Funna som viser mobbing og utfordringar i det sosiale miljøet blir i liten grad adressert. I samfunnsdelen har kommunen som mål å prioritera systematisk folkehelsearbeid, tverrfagleg samhandling og tidleg innsats for barn og unge, og å utvikla lågterskel møteplassar, m.a. gjennom samlokalisering og sambruk av bygg. Statsforvaltaren legg til grunn at desse måla vil bli følgde opp med konkrete og målbare tiltak i tema- og handlingsplanane.



Kommunen har plan om å utarbeida ein folkehelsestrategi. Det er ikkje eit krav å ha ein eigen strategi eller plan for folkehelsearbeidet. Det kan likevel vera fordelar ved å ha ein eigen strategi, men det er samstundes viktig at folkehelseaspektet blir integrert i dei andre kommunale planane, slik at strategien ikkje blir ein lausriven del av det heilskaplege arbeidet i kommunen.

Vi tilrår vidare at folkehelsestrategien sjåast i samanheng med kommunens nye Heilskapleg plan for oppvekst, som kommunen planlegg å utarbeida i 2025. Bykle har også utarbeidd Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i 2024/2025, som ikkje er med i oversikten i forslaget til planstrategi. Statsforvaltaren meiner det uansett er viktig at kommunen held fram med eit målretta arbeid mot mobbing, og at dette vert med i den nye planen. Det er elles bra at heilskapleg plan for oppvekst fokuserer på de 1000 første dagane, og til fylte 18 år. Planen skal også ivareta lovkravet om en forebyggande plan etter barnevernlovgivinga.

Det er positivt at det blir lagt opp til å utarbeida ein bustadsosial plan, der kommunen ønskjer å drøfta bustadtype, aldersvennlege bustader, ungdomsbustader og konsept som fremjar sosial interaksjon og fellesskap mellom generasjonar. Statsforvaltaren ønskjer i den samanheng å minna om ny Bustadsosial lov frå 2023, som stiller krav til innhaldet i planen.

Vi vil også gjera kommunen merksame på at folkehelsestrategien for Agder, som det blir vist til blant sentrale regionale føringar, er gått ut. Denne er langt på veg erstatta av Regional plan for fysiske aktive liv i Agder 2024-2034, og Regional plan for likestilling, inkludering og mangfold på Agder 2015-2027 (Lim-planen).

Til det konkrete spørsmålet i høringsbrevet om innretting av planane på helsefeltet, har vi landa på at det mest fornuftige er å sjå heile kommunens helseteneste i en heilskap. Difor heller vi mot at helse og omsorg bør være i same plan, sjølv om det er eit interkommunalt samarbeid om helsetenesta. Her er sjølv sagt kommunen fri til sjølv å velje eigne løysingar, eller ta kontakt med vår helseavdeling om det er ting å drøfte nærare.

Avslutning

Statsforvaltaren har nyleg gitt Bykle skriftlege innspel til både oppstart og høyring av samfunnsdelen, og vi har delteke i nettverksmøter med fleire kommunar og fylkeskommunen om arbeidet med samfunnsdelen dei siste to åra. Vi reknar difor med at Bykle er vel informert om Statsforvaltarens vektlegging på overordna nivå av tema som demografi, klima, beredskap og ikkje minst arbeidet for redusert nedbygging av nye naturareal. Vi gjev derfor ikkje nye omfattande innspel her, men viser til vanleg kontakt i arbeidet med ny arealdel, og ev. andre sentrale planar.

Vi ønsker Bykle lukke til med det vidare planarbeidet. Vi er opne for kontakt undervegs i prosessane så langt kapasiteten rekk.

Med helsing

Thomas Christian Kiland-Langeland (e.f.)
fung. seksjonsleder plan
Miljøvern avdelingen

Dag Petter Sødal
spesialrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Agder fylkeskommune

Postboks 788 Stoa

4809

ARENDAL



Saksmappe: 2021/292
Sakshandsamar: SSH
Dato: 19.08.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
63/25	Formannskap	19.08.2025
88/25	Kommunestyret	28.08.2025

Revidert utkast strategisk næringsplan - høyring

Kommunedirektørens si tilråding

Utkast til strategisk næringsplan blir lagt ut til høyring. Det blir lagt opp til to grendemøte, eitt på Hovden og eitt i Bykle i samband med høyringa.

Formannskap si handsaming av sak 63/2025 i møte den 19.08.2025:

Handsaming

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Vedtak

Utkast til strategisk næringsplan blir lagt ut til høyring. Det blir lagt opp til to grendemøte, eitt på Hovden og eitt i Bykle i samband med høyringa.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Arbeidet med strategisk næringsplan har gått over tid.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret la premissane for utforminga av næringsplan i sak 53/21, vedtak 29.04.2021. Eit utkast til plan var ute på høyring våren 2023, men kom ikkje til politisk slutthandsaming.

Etter vedtak av ny samfunnsdel av kommuneplan i 2024, er arbeidet med næringsplan teke opp att med sideblikk på ny kommuneplan. Revidert planforslag er supplert med eit kunnskapsgrunnlag for å kunne peike ut forslag til grep og tiltak, og det er snevra inn til å gjelde meir konkret næringstematikk. Kommunedirektøren innstiller på at revidert planforslag blir lagt ut til høyring.

Formelt grunnlag

Kommunestyret vedtok oppstart av planarbeidet i 2021. Planarbeidet har gått over tid og med skifte i bemanning, og planprosessen er tilpassa at det i mellomtida er vedteke ny samfunnsdel av kommuneplan. I framlegg til ny planstrategi 2025-2029 er det lagt til grunn at næringsplanen skal vedtakast som temaplan.

Kommunedirektøren føreslår at det blir gjennomført to grendemøte i samband med høyringa. Endeleg planutkast blir handsama i etterkant av høyringa.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Sjølve planen medfører ikkje konkrete økonomiske forpliktingar, men vil vere utgangspunkt for økonomiske prioriteringar og drøftingar i komande års budsjett- og økonomiplan-arbeidet.

Tilhøve til kommuneplanen

Strategisk næringsplan er lagt opp med sideblikk på nyleg vedteken samfunnsdel av kommuneplanen. Næringsplanen tek utgangspunkt i satsingsområda frå denne – samtidig som det blir føreslegne gjennomgåande og eigne tema innafor næringsutviklingsarbeidet for å understøtte dei overordna målsettingane for kommunen si utvikling.


Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Strategisk næringsplan - handlingsdel Strategisk næringsplan - høyringsutkast 2025



Bykle ser langt
- og handlar no!

Strategisk næringsplan for Bykle kommune

2025-2035

Høyringsutkast

Innleiing

Den nye kommuneplanen har som eitt av fire satsingsområde å utvikle eit breiare næringsliv!

Gjennom samanstilling av eit kunnskapsgrunnlag om næringsliv, moglegheiter og utfordringar, kjem det fram at det vil vere viktig å gjere næringslivet lokalt meir robust framover.

Bykle kommune sitt fokus innanfor næringsutvikling vil difor vere; omstilling, auka lønsemd og vekst i eksisterande næringsliv, samt vekst gjennom tilrettelegging for nye bransjar/etableringar og nye næringar. som tek utgangspunkt i dei fortrinna som finst her. Tilgjengeleg kraft er sentralt. I tillegg kjem klima, natur, kultur og geografisk plassering.

Næringsstøtte blir føreslege meir retta inn mot eksisterande verksemdar med vekstpotensial, strategiske nyetableringar og fellestiltak som styrkar attraktiviteten.

Bykle kommune har ambisjonar om å vere framoverlente og gode på å legge til rette for næringsutvikling. For å lukkast er det viktig å være tett på næringslivet, tilpasse seg raskt og sørge for kort veg mellom idé og handling.

Vi håpar næringsplanen blir eit godt verktøy, og at vi bruker fellesskapet sine ressursar til beste for å sikre berekraftig vekst og verdiskaping framover!

Innleiing.....	1
Samandrag	3
Forming av næringsplan.....	4
Kunnskapsgrunnlaget i kortversjon	5
Privat næringsliv i kommunen	5
Agder fylkeskommune – næring og verdiskaping	8
Korleis rigge seg best på næringsutvikling?	8
Gode råd frå ekspertpanelet!	9
Kommuneplanen sin samfunnsdel	10
Strategisk næringsplan - handlingsdel.....	10
Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida	10
Eit meir variert næringsliv	11
Stadutvikling i Bykle	11
Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden	12
Vidareutvikling av fjellandbruket	12
Organisatorisk grep i arbeidet med næringsutvikling.....	13
Bruk av økonomiske verkemiddel til næringsutvikling.....	14
Rekruttering, kompetanse og arbeidskraft	15
Infrastruktur og mobilitet	16
Næringsareal, tomter og lokale	17
Resultat-/ effektmål - næringsarbeidet innan 2035.....	18

Samandrag

Bykle har tre store hjørnesteinsverksemdar både i omsetning og tal arbeidsplassar. Ein av desse er knytt til besøksnæringane. Store delar av næringslivet kommunen er og knytt til omgrepet besøksattraktivitet gjennom utbygging og vedlikehald av fritidsbustader, overnatting, aktivitetar og handel mot dei besøkande. Dette er næringar som tradisjonelt har varierende lønsemd. Næringane gir sårbarheit for konjunktursvingingar og manglande heilårs besøksattraktivitet. Med ein så stor del av næringslivet retta mot den lokale besøksattraktiviteten må dette naturleg også ha fokus i det vidare næringsarbeidet.

Landbruksnæringane har ein særleg posisjon basert på at dei er stadbundne og nyttar lokale naturressursar, og har potensial for å auke sjølvforsyninga av mat lokalt framover.

Kraftverksbransjen er også viktig for kommunen i form av verdiskaping direkte og indirekte – og i høve lokale arbeidsplassar.

Det har vore nokre mindre etableringar av verksemdar i kommunen dei siste åra – men det har ikkje gitt vesentleg vekst i tal arbeidsplassar. Dei fleste etableringane sel varer og tenester til lokalmarknaden, såleis er vekstpotensiale avgrensa.

Gjennomgang av verkemiddelbruken syner at ein har hatt lite kommersielt fokus i tildelingane og lite vekt på effekt i tal arbeidsplassar og verdiskapingspotensial. Dette gir grunnlag for dreining mot meir effektiv og målretta bruk av næringsramma framover.

Kommunar som er gode på å leggje til rette for næringsutvikling, bidreg til at verksemdar får viktige konkurransefortrinn. For å lukkast er det viktig å være tett på næringslivet, tilpasse seg raskt og sørge for kort veg mellom idé og handling og å vidareutvikle ein samskapingsskulturen med ulike ansvar, roller og aktørar.

Kommuneplanen har som mål å gjere næringslivet i Bykle meir robust gjennom å auke breidda. Det kan vere å understøtte vekst og auka lønsemd i det eksisterande næringslivet. Dei som har størst vekstpotensial har gjerne marknad utover kommunegrensene. Ein ser også trong for å initiere og leggje til rette for nye etableringar som kan medverke til større breidde i næringslivet. For å oppnå dette må kommunen dreie sitt næringsarbeid til meir rådgjeving og formidling av regionale og nasjonale ordningar og apparat til dei som ønskjer vekst og styrkt lønsemd. Kommunen ser også at ein har ei tilretteleggjarrolle i høve innovasjon og attrahere nye større etableringar på område der kommunen har særlege fortrinn – som kraftkrevjande verksemdar.

Handlingsdelen er lagt opp for å stø opp under satsingsområda i kommuneplanen, konkretisere og utdjupe korleis kommunen vil arbeide med næringsutvikling framover.

Bykle kommune sitt hovudfokus i arbeidet med næringsutvikling framover vil vere å leggje til rette for vekst i lokale verksemdar med vekstpotensial, innovasjon og nye etableringar innanfor nye framveksande næringar.

Forming av næringsplan

Kommunestyret la premissane for utforminga av næringsplan i sak 53/21, vedtak 29.04.2021. Eit utkast til plan var ute på høyring våren 2023, men kom ikkje til politisk slutthandsaming.

Etter vedtak av ny samfunnsdel av kommuneplan i 2024, er arbeidet med næringsplan teke opp att med sideblikk på denne. Revidert planforslag er supplert med eit kunnskapsgrunnlag for å kunne peike ut forslag til grep og tiltak, og det er snevra inn til å gjelde meir konkret næringstematikk.

Næringsplanen tek utgangspunkt i satsingsområda i kommuneplanen og skildrar tiltak som inneber eit meir heilskapleg og langsiktig arbeid for å nå målsettingane.

Det er gjennomført 2 politiske verkstader med kommunestyret, og ein dag med eit ekspertpanel i 2024/2025, for å kome fram til føreslegne prioriteringar, grep og ordlyd i handlingsdelen slik ein no legg den fram.

Næringsplanen har som ambisjon om å omsetje dette til handling innafor næringsarbeidet i kommunal regi. Det blir føreslege å vri fokus og ressursbruk mot eit langsiktig arbeid for å skape vekstgrunnlag for vekst og auka lønsemd, og tilrettelegging for nye næringar og etableringar som ikkje finst i dag.

Gjennom en heilskapleg plan, utettervendt arbeidsform, tydelege retningslinjer for lokale støtteordningar og samarbeid med andre virkemedelaktørar skal kommunen ta initiativ og koordinere innsats for næringslivet framover.

Kunnskapsgrunnlaget i kortversjon

Kunnskapsgrunnlaget i si heilheit med tabellar og talgrunnlag og utdjupande tekst følgjer som uttrykt vedlegg.

Privat næringsliv i kommunen

Arbeidsliv og sysselsetting

Trass i sterke nasjonale trendar som dreg folk og arbeid ut av distrikta, står det bra til med befolkningsutviklinga og arbeidslivet i Bykle.

Sysselsetjinga er høg og deltaking i arbeidslivet i Bykle fungerer godt også sett i forhold til samanliknbare kommunar og distrikt. Bykle har høgare del tilsette i privat sektor enn snittet for Agder. Dette er eit positivt utgangspunkt som ein må søkje å vidareføre og vidareutvikle.

Frå 2016 til 2023 har det vore ein auke på 37 arbeidsplassar, tilsvarande 5,9 % auke

Flest arbeider innanfor bygg og anlegg, dernest overnatting, servering, varehandel og Industri. Dei største private verksemdene er Hovden hytteservice AS, Hovden Alpin Resort AS og Bykle Vindu AS.

Det er 28% innpendling og 20% utpendling til og frå kommunen. Ein har felles bu- og arbeidsmarknad med Valle og øvre Telemark (sterkt påverka av ei entreprenørverksemd).

Føretaksform, arbeidsplassar, lønsemd og lokalisering

Det er 419 registrerte verksemder i Bykle. Av desse er 135 aksjeselskap (AS), 7 verksemder med delt ansvar (DA), 107 enkeltpersonføretak (ENK) og 17 kommersielle under-einingar.

I følgje «Proff forvalt» er det sidan 2019 etablert 93 AS og ENK verksemder i Bykle kommune. 13 av dei har pr i dag (2023) tilsette og 20 av dei har pr i dag omsetting. Alle har eit, i all hovudsak, lokalt marknadsfokus. Det er altså ikkje etablert verksemder i denne perioden med et marknadsfokus ut av kommunen/regionen.

Verksemdene som er organisert som aksjeselskap sysselset flest – med om lag 114 i og kring Bykle og 299 i og kring Hovden.

Det er tre gangar så mange tilsette i privat verksemd på Hovden som det er i resten av Bykle.

Dei fleste landbruksverksemdene er organisert som enkeltpersonføretak og ligg i midtre og nedre del av kommunen

Lønsemda for verksemdene i nedre del av kommunen, viser positiv utvikling gjennom dei siste 4 åra. Verksemdene med adresse Hovden, viser nedgang i lønsemd dei siste to åra, og har høgare variasjon. Dette kan nok knytast til at store delar av omsetninga er knytt til besøkande, turistar og hyttebuar. Omsetnad og lønnsamheit vil i denne marknaden vere meir konjunkturutsett.

Bransjar og næringsstruktur

Store delar av næringslivet Bykle kommune er knytt til omgrepet besøksattraktivitet gjennom utbygging og vedlikehald av fritidsbustader og overnatting, aktivitetar og handel mot dei besøkande. Dette er næringar som tradisjonelt har varierende lønsemd og lågt lønnsnivå. Næringane gir sårbarheit for konjunktursvingingar og i høve sysselsetjing.

I privat næringsliv er bygge og anleggsverksemd den største enkelt bransjen, men slår en saman handel, tenesteyting, hotell og servering så utgjer det til saman ein omtrent like stor kategori.

Bygg og anlegg, (med unntak for Hovden Hyttetervice AS), handel, tenesteyting, overnatting og servering har alle sin marknad lokalt. Dei er helt avhengige av besøksattraktivitet.

Hjørnesteinsverksemdene

Bykle vindu AS er den viktigaste enkeltverksemd i Bykle når det gjeld både omsetnad og tal tilsette.

Hovden Hyttetervice AS er den viktigaste enkelt verksemd på Hovden når det gjeld omsetnad. Både verksemdene rettar seg mot marknader som i all hovudsak går ut av kommunen. Det er ei viktig erkjenning av at verksemdar med marknad utover eigen kommune er viktig for vekst og stabilitet.

Hovden Alpin Resort AS er et konsern som driv med mange aktivitetar retta mot eigedomsutvikling og besøkande. Dei representera den viktigaste verksemda på Hovden i tal tilsette og er sentral for utvikling av Hovden som destinasjon og reisemål.

Lokalt – eksternt marknadsfokus

Verksemdar med ei besøksrelatera marknad har stor tyding for næringslivet på Hovden. I tillegg leverer fleire av verksemdene i Bykle også til den besøksrelatera marknaden både i Bykle og på Hovden. Sett bort frå bygg og anleggsverksemdene er det knytt varierende til svak lønsemd til dei besøksrelatera verksemdene.

Bygg og anleggsverksemdene er avhengig av ein fortsett utbygging av fritidseiningar for å oppretthalde tal tilsette og lønsemd.

Felles for alle verksemdar som har ein lokal og besøksrelatera marknad er at auke i tal besøkande og ytterlegare utvikling mot heilårsdestinasjon venteleg vil medføre auka omsetning og lønsemd.

Disponering av kommunale ressursar til lokalt næringsarbeid

Disponibel ramme næringsutvikling blir nytta til å dekke drift av næringskontor, kontingentar interesseorganisasjonar (som t.d. LVK og USS), tilskott til jordbruk, skogbruk og næringsutvikling og ymse søknadar til prosjekt, arrangement, destinasjonsmarknadsføring, aktivitetar i regi av næringslag og ulike organisasjonar. Kommunen nyttar næringsramma til eit breitt tilfang av tiltak som har fått støtte. Nokon faste og mange enkelståande tiltak og søknadar knytt til verksemdar og arrangement.

Næringsramma til næringsutvikling er disponert som følgjer:

Strategisk næringsplan 2025-2035

Område	2025	2026	2027	2028
Ramme næringsutvikling	22 600	17 400	16 900	17 600
herav Destinasjon Hovden	2 333	2 333	2 333	2 333
herav Løypekjøring	4 288	4 288	4 300	4 300
herav Hovden skigymnas AS	7 500	7 500	7 500	7 500
herav Setesdal interkommunale politiske r	1 300	1 300	1 300	1 300
Disponibel ramme næringsutvikling	7 179	1 979	1 467	2 167

Tal i 1000.

Oppstillinga viser at det meste av næringsmidlane er bundne opp. Ramma er kvart år gjenstand for politisk handsaming og vil kunne variere frå år til år. Økonomiplanen legg opp til å redusere ramma i forhold til tidlegare år ytterlegare i åra som kjem.

Ambisjonar og lokalt handlingsrom for næringsarbeidet må ta utgangspunkt i økonomiske realitetar, og ev politiske prioriteringar/omprioriteringar.

Effekt av kommunal næringsstøtte

I forhold til bruk av næringsstøtte til nye etableringar er det eintydig at støtte til AS gir høgast avkastning og størst sannsynlegheit for vekst i tal tilsette. Det synast som om lønsemd er betre i selskap som ikkje har motteke støtte knytt til etablering. Her må ein samstundes nemne at tal i tabellen er låge og tilfældigheiter kan fort gi utslag som ikkje er representative.

I Bykle kommune er etableringshyppigheita god, men som i det større bildet for Norge har vi for få verksemdar som veks seg store, og som bidrar til auka breidde i næringsstrukturen.

Det er ikkje etablert verksemdar med eit marknadsfokus ut av kommunen dei seinare åra.

Av lokal og regional næringsretta støtte har mesteparten historisk vore løyvd til landbruk, reiselivet, og eksisterande næringsliv i form av støtte til enkelt verksemdar, næringslaga, marknadsrådet og arrangement. Kommunen har prioritert lågterskeltilbod og 1.line for søknadar som ikkje fell innfor regionale og nasjonale ordningar, der det er høgare krav til vekst, lønsemd og innovasjon. Det er og avgrensa midlar tilgjengeleg til etableringsstøtte for nye verksemdar.

I arbeidet med utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget tyder det på at støtte til nye næringsetableringar ikkje har gjeve stor effekt i høve tal arbeidsplassar eller vekst i eksisterande verksemdar. Det er heller ikkje noko som tyder på at det har gitt monaleg effekt for auka breidde i næringslivet, men det er gjerne etablert supplerande tenester og utvida lokale tilbod til eksisterande næringsstruktur.

Skal ein oppnå auka bredde i næringslivet i kommunen så må innsats leggjast inn mot å auke innovasjonsevna, og arbeide for å tiltrekke seg etablering av ny type verksemd.

Truleg vil det og vere viktig å rettleie gründerar inn på Innovasjon Norge sporet for å løfte ambisjonsnivået til fleire i startfasen.

For å auke effekten av lokale løyvingar bør ein truleg prioritere vekst verksemdar med potensiale til auka sysselsetting og lønsemd, og arbeid /støtte til nye etableringar av strategisk tyding – nye næringar for å breidde ut og få eit meir robust næringsliv over tid.

Ringverknadsanalyse – hyttebygging

Basert på ringverknadsanalysen for hyttebygging utarbeidd av Oxford Reserach AS, er det eintydig på at hyttebygging har monaleg tyding og næringsmessige ringverknadar for heile næringslivet i kommunen. Ho slår og fast at hyttebygginga styrker den lokale økonomien, skapar arbeidsplassar og genererer inntekter,

og at omfanget er relatert til val av utbyggingstakta framover. Dette må ein ta politisk stilling til og avstemme mot ulike berekraftsomsyn m.a. i samband med ny arealdel og omfang på byggeområde til fritidsbustadar i komande periode.

NHO - kommunebarometer

Bykle kjem godt ut av denne rangeringa i NHO sitt kommunebarometer på næringsliv. Kommunen skil seg ut på nokre parametarar som:

- Næringsliv. Det er liten variasjon i næringslivet og kommunens sitt kjøp av tenester frå private i prosent av brutto driftsutgifter er låg.
- Kompetanse. Vi har relativt låg del med fagbrev, men relativt høgt m.o.t til del med høgare utdanning, Innanfor kategorien teknisk og naturvitskapleg utdanning er scoren høg.
- Kommuneøkonomi. Med høgast administrasjonskostnad pr person av alle kommunar i fylket kjem me dårleg ut i denne kategorien.

På alle andre indikatorar for kommuneøkonomi kjem Bykle kommune ut blant dei aller beste.

Agder fylkeskommune – næring og verdiskaping

Agder fylkeskommune arbeider for vekst og sysselsetting og berekraftig verdiskaping, med fokus på samhandling og kompetansedeling.

Fylkeskommunen har fem plantema ein vil arbeide med framover:

- Entreprenørskap, næringsutvikling og nyskaping
- Forsking og utvikling
- Reiseliv
- Landbruk og marine næringar
- Innovasjon i offentleg sektor

Alle dei fem satsingsområda er relevante for Bykle, og ein må peike på nokre satsingar der ein kan få regional drahjelp då lokale prosjekt kan understøtte ønskja utvikling i alle / fleire delar av Agder.

Korleis rigge seg best på næringsutvikling?

Ulike utgreiingar syner at ein må ha felles oppfatning av kvar næringsarbeidet skal gå ut på, og lukke gapet mellom forventingane til næringslivet og kva dei kan vente av kommunale bidrag og oppfølging framover.

Ein merkar seg og tydinga av å ha ein optimistisk utviklingsorientert kultur, og at kommune kan vere initiativtakar og ta i ei rolle i høve mobilisering.

Undersøkingar gir grunnlag for å vurdere å innrette verkemiddelbruken sterkare mot verksemder og etableringar med eit vekstfokus og eit vekstpotensial.

Kommunen kan medverke til næringsutvikling, men hovudoppgåva fell til verksemder og gründerar sjølve.

Kommunen kan drive med aktiv tilrettelegging, støtte og bistand knytt til prosessar, etablering, innovasjon og vekst. Næringsavdelinga kan og drive med rettleiing og kopling til kompetanse og kapital.

Bykle kommune vil samarbeide og samskape.

Basert på dette synest det aktuelt å:

- Fokuserer meir på entreprenørar med stort kommersialiserings- og vekstpotensial, framfor fokus på tal nyetableringar.
- At næringsutviklingsrolla blir meir koordinering av møteplassar og som tilretteleggjar og dørøpnar mot aktørar som kan hjelpe lokale verksemder til å vekse gjennom kunnskapsdeling, - utvikling og ikkje minst innovasjon gjennom å legge til rette for samskaping med større eksterne drivarar.

Gode råd frå ekspertpanelet!

I arbeidet med næringsplan inviterte vi til eit ekspertpanel og eit dagsmøte med dei. I etterkant har vi festa oss særleg med følgjande råd:

1. Folk er vår viktigaste ressursen for vekst og utvikling. Gjer kvarandre gode gjennom framsnakk. Arbeid aktivt med ein positiv samhandlingskultur mellom næringsliv og kommunen. Løft gjerne næringsforeiningane som talerøyr inn.
2. Mobilisering og rask handling gir utviklingskraft! Syn fram resultat av gjennomføring og samhandlingsdynamikken!
3. Auk effekten av det vi alt har investert i av infrastruktur. Styrk det vi har av næringsliv, og legg til rette for meir differensiert arbeidsliv framover.
4. Ver tydelege på kvar vi vil og ta nasjonal posisjon på område der vi har særlege fortrinn både innafor kraft og naturressursar, og kulturarv.
5. Sats på vidareutvikling av reiselivet, landbruk og lokalmat og meir nytting av lokale ressursar.
6. Sats på det ein alt er sterk på og spiss pengebruken til færre og større prosjekt. Invester i det som kan utløyse meir! Sats på «mindre» store nye etableringar – dei er store i vår målestokk.
7. Jakt gjerne nye næringar og etableringar – men ikkje gløym dei vi alt har!
8. Styrk kunnskapen om støtteregulverk og ordningar. Bruk handlingsrommet for lokale innkjøp ved offentlege anskaffingar. Følg opp dei som mottok støtte og om utviklinga går som ønskjeleg!
9. Bruk nærleik, små forhold og korte liner for involvering som eit fortrinn. Felles rekruttering i Bykle og Valle vil tene oss i same lokale arbeidsmarknad.
10. Ver særeigen og synleg for å styrke attraktiviteten både for arbeide, bu og vitje kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke 15. oktober 2024.

Kommunen sin visjon er; «Bykle ser langt»!

Dei prioriterte satsingsområda i kommuneplanen er:

- Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida
- Eit meir variert næringsliv
- Stadutvikling i Bykle
- Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden

Satsingsområdet; eit meir variert næringsliv, vart utdjupa med konkretisering/ prioritering av:

- Strategisk arbeid med korleis kommunen mest målretta kan nytte sin innsats for å styrke næringslivet og legge til rette for nyetableringar.
- Utnytte bransjeeffekten av å vere kraftkommune
- Pådrivar for å få forsterka nettkapasitet og tilgang til energi frå dagens lokale kraftproduksjon for å legge til rette for kraftkrevjande næring
- Pådrivar og fasilitator for vidareutvikling og organisering av fjellandbruket med nisjeproduksjon tilpassa klimaendringar, ny teknologi, nydyrking og bruk av areal som er gått ut av produksjon.
- Pådrivar for gul stripe til Haukeli for å understøtte RV9 som transportkorridor med tilknytning til E134 og framtidig høgfartsbane

Strategisk næringsplan - handlingsdel

Handlingsdelen tek utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og byggjer opp om dei strategiske målsettingane frå kommuneplanen og drøftingane i politiske verkstader i planprosessen.

Tiltaksdelen er omfattande og langsiktig. Grepa innafor næringsutviklingsområdet er forsøkt knytt til dei enkelte satsingsområda i kommuneplanen der det er naturleg, nokon av tiltaka er felles og er skildra som eigne satsingar, eller meir gjennomgåande tema.

Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Kommunens næringsarbeid skal vere tufta på kunnskap om kva som gir størst moglegheit for å få mest att for ressursbruken. Vekst blir skapt i og av næringslivet. Kommunen kan hjelpe som initiativtakar, koordinator og gjennom å leggje til rette. Dialog og samhandling er heilt sentralt for å bidra til vekstkultur og dynamikk mellom kommunen og dei private aktørane.

Tiltak

1. Verksemdsbesøk som rullerande aktivitet. Representasjon og deltaking i lag med verksemdar på viktige arrangement og arenaer.
2. Lett tilgjengeleg informasjon og oppdaterte lokale støtteordningar, med digital søkeside. Styrkt fokus på kvalitet og rutinar i sakshandsaming og i tenestene vår. Meir krav til søknadar og formalitetar, og meir vekt på kommersiell vurdering / prioritering.
3. Styrkt fokus på rolle og funksjon på rettleiing, kompetanseformidling, og aktivitetar som aukar bruken av regionale og nasjonale støtteordningar og verkemiddelapparatet.

Bykle kommune vil samarbeide og samskape.

4. Kurs og arrangement for næringslivet med sikte på kompetanseheving som er aktuelt. T.d. offentlege innkjøp, miljøsertifisering, HMT og kvalitetssystem.
5. Etablere «Bykle-konferansen» som årleg møteplass for lokalt næringsliv, politikarar, og eksterne kommersielle interessantar / ressursmiljø, FOU / akademia og regionalt verkemiddelapparat.
6. Årleg brukarundersøking – om næringslivet si oppfatning av næringsarbeidet til kommunen.
7. Årleg politisk temamøte om næringsutvikling der ein tek utgangspunkt i spørjeundersøking, rapport over tiltak og effektar gjennom året.
8. Landbruksnæringane skal følgjast opp med relevant kompetanse og rådgjeving tilpassa fjell-landbruket og måla om auka sjølvforsyning.
9. Etablere «lokal doffin» for utlegging av oppdrag for å fremje lokale handel av varer og tenester.

Eit meir variert næringsliv

Eit meir variert næringsliv inneber fleire verksemder og gründerar med eit marknadsfokus ut av kommunen, fleire kompetansesarbeidsplassar og meir vekst og gjerne nyskaping hjå eksisterande næringsliv. Vi må spille på våre særegenheit og styrkar for å tiltrekke oss nye verksemder gjennom samskaping med lokale og eksterne aktørar. Vekst blir skapt i og av næringslivet. Kommunen kan hjelpe som initiativtakar, koordinator og tilretteleggjar. Det er viktig å finne ein tenleg lokal struktur og arbeidsform i næringsutviklingsarbeidet som første line og tilretteleggjar.

Tiltak

1. Næringsarbeidet skal bidra til å skape meir innovasjon, vekst og variasjon i næringslivet, gjennom vidareutvikling av ein samskapingskultur med hjørnesteinsverksemdene og ulike bransjar i kommunen, og med eksterne aktørar, regionalt verkemiddelapparat, FOU-miljø og finansieringsaktørar.
2. Arbeide aktivt for å tiltrekke seg nye verksemder som kan nyttiggjere seg dei fortrinna me har i kommunen. Skape eit breiare næringsliv – gjennom etableringar og nye type verksemder/næringar som ikkje finst lokalt i dag, som kraftkrevjande verksemder og nye framveksande næringar
3. Arbeidet med heile næringslivet i kommunen for styrkt robustheit og lønsemd i ulike bransjar, men med eit særleg fokus på følgjande områder: Eksisterande næringsliv; turisme/besøksnæringen, bygg og anleggsbransjen, kraftbransjen og landbruket.
4. Rekruttere fleire kompetansesarbeidsplassar til kommunen gjennom å ha møteplassar, og revitalisere co-works lokalitetane og stimulere til eksterne (hytte-Byklarar og statlege regionale offentlege verksemder andre) medverkar til at fleire kan bu og arbeide lokalt.
5. Samskaping og relasjonsbygging med eit breitt kontaktnett for å styrke samarbeidet mellom lokale aktørar og eksterne ressursar og miljø.
6. Kompetanseformidling: gjennom eigne tilsette og i samarbeid med eksterne aktørar frå akademia, næringsliv og offentlege aktørar formidle spisskompetanse og relevante fagmiljø til lokale verksemder.
7. Arbeide langsiktig og med kontinuitet for å sikre at involverte i prosessar har insitamant og motivasjon for å delta på heile reisa, og at kommunen følgjer på tilsvarande.
8. Etabler eit næringsfond som risikoavlasting og investering i nye verksemd, eller ved utviding av eksisterande verksemder, for å sikre og utløyse vekst i verksemder av strategisk tyding. Formidle eventuelle case /lokale verksemder i utviklingsprosessar til privat investorar etter avtale.

Stadutvikling i Bykle

Bykle bygd på rein kraft er næringslaget sitt slagord, men og eit omgrep kommunen vil stø opp om. For å auke utviklingstakta i kyrkjebygda må kommunen ta ei meir aktiv rolle. Dette inneber mellom anna å prioritere arbeid med følgjande tiltak:.

Tiltak

1. Leggje til rette for auka nærings- og bustadattraktivitet med eit sentrumsbygg med næringslokale og bueiningar
2. Målretta prosjektarbeid for besøksattraktivitet med utgangspunkt i utvikling av landbruks- og reiselivs relaterte opplevingar og dei stadbundne natur- og kulturressursane;

Bykle kommune vil samarbeide og samskape.

- a. kulturarv- og besøksattraksjonar med spikarmatte-/stoppeffekt,
 - b. turveggar, kultursti, badeplass/ badstoge, fiskeplassar m.v.
3. Ha ei pådrivar og koordinerande rolle for etablering av fleire kraftkrevjande verksemdar og eit større næringsareal kring Bykjilsmoen.
4. Ilag med Otra Kraft AS, Å energi AS, Statnett og Glitre nett, arbeide for å skape eit lokalt økosystem for innovasjon og nyetableringar innanfor kraftteknologi og kraftkrevjande nye verksemdar.
5. Involvere lokale entreprenørar, kapital, og akademia om innovasjonar og etablering av nye verksemdar.
6. Medverke til attraksjonsutvikling – med kraftopplevingsstader, og formidle kunnskap om kva produksjon av fornybar kraft har betydd og betyr i det grønne skiftet.
7. Koordinering av ulike prosjekt som gir auka styringsfart og positive næringsmessige ringverknadar.

Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden

Reiselivsnæringa er den største næringa i kommunen i omsetning og tal arbeidsplassar, og har store lokale ringverknadar for beslektede næringar. Næringane har og høg verdi for bu- og besøksattraktiviteten. Vekst i reiselivsnæringa framover må skje innfor rammene av nasjonale føringar og forventningar til natur og arealbruk. Auka besøksattraktivitet må vere tufta på ivaretaking av natur, dyreliv, kultur og miljø og lokalbefolkninga si "tolegrense". Det inneber at reiselivet må utviklast med vekt på sosial, økonomisk og miljømessig berekraft og innfor tolegrensene til både befolkning og villrein. Reisemålsutviklinga må og understøtte ønskja bidrag til samfunnsutviklinga, og at reiselivet blir meir robust med styrkt lønsemd. Utjamning av sesongsvingingar og styrke heilårs sysselsetting kan vere stikkord. Andre kan vere destinasjonsleiing, strategisk reisemålsutvikling, og marknadsutvikling for morgondagens turistnæring med høg økonomisk verdi og lågt klima-avtrykk. Ein vil leggje vekt på at det er «kassapunkt» knytt til nye tilretteleggingstiltak og tilbod.

Tiltak

1. Utarbeide ein reiseliv/-målsstrategi for Hovden som heilårs destinasjon og heile kommunen som turistkommune. I dette ligg mellom anna;
 - a. Utvikling av aktivitet og opplevingsstilbod, besøksattraksjonar og nye reisemålsprodukt.
 - b. Besøksforvaltning - opplevingsutvikling og kanalisering av ferdsle
 - c. Utvikle Bykle som arrangementskommune
 - d. Arbeide for at private aktørar etablerer bubil-camping og tilhøyrande tilbod
 - e. Sentrumsutvikling med handel og småbutikkar og ulike sentrumstilbod
2. Innovasjon i reiselivsnæringane - marknadsutvikling.
3. Utvikling av Hegni som portal til Hovden og sentrum og ulike infrastrukturtiltak som offentleg toalett og parkeringsplassar ved viktige utfartspunkt.

Vidareutvikling av fjellandbruket

Dei stadbundne næringane nyttar lokalt ressursgrunnlag. Framtidas landbruk (jord- og skogbruk) er berekraftig og bidreg til auka sjølvforsyning i kommunen.

Tiltak

1. Følgje opp strategi for landbruksnæringane med m.a.:
 - a. Stø opp om å utvikle landbruket og oppmuntre til nye nisjenæringar som utnyttar potensialet i dei stadbundne ressursane på ein berekraftig måte, gjennom kompetanseutvikling om nye driftsmetoder og implementering av ny teknologi.
 - b. Stø opp om pilotprosjekt som aukar produksjon av nye/andre vekstar, produksjonsformer og bruk av teknologi for å auke tilfanget av lokalmat og auka sjølvforsyning Iverksette prosjekt og rådgjeving for meir aktiv beiteforvaltning, stimulere til generasjonsskifte for å ha aktiv bruk av all innmark, sikre dyrkingspotensial og dyrkamark i dag, og konkretisere strategiar for aktivisering av jordbanken framover. Fremje forsøk med ulik organisering der aktive bønder kan nytte seg ressursgrunnlag i landbruksproduksjon på gardar som i dag ikkje er i aktiv bruk/hevd.

- c. Stø opp om prosjekt som koplar reiseliv, anna næringsliv og landbruk, synergjar mellom skjøtsel, opplevingar og lokal verdiskaping, og deltaking i lokalmatsatsingar og regionale matprosjekt.
- d. Halde på, og vidareutvikle gode tilskotsordningar til landbruket.

Organisatorisk grep i arbeidet med næringsutvikling

Aktørar, roller og samskapingskultur

Fellesnemnaren for å oppnå vekst, auka variasjon i næringslivet, fleire kompetansearbeidsplassar og fleire nye etableringar med eit marknadsfokus ut av kommunen, er fornying og utvikling. Kommunen må arbeide målretta og langsiktig for å skape betre grunnlag for innovasjon. I det ligg også å byggje eit samskapingsmiljø med ulike kompetanse, kontaktnett, kapital, kontinuitet og kultur for vekst. Samla utviklingskapasitet er summen av samskapinga ein får til med ulike offentlege og private aktørar, og at det er god samhandling mellom politisk og administrativt nivå.

Kommuneleiinga – politisk og administrativt vil vidareføre etablert praksis med bedriftsbesøk jamleg for å avdekke behov og idear til vekst i ulike verksemder.

Omdømebygging og synlegheit eksternt er viktig for å vere ein attraktiv distriktskommune som trekker til seg nye etableringar og verksemder. Kommunen kan ta ei slik rolle framover.

I kunnskapsgrunnlaget peika ein på rolla som produsentar og entreprenør har, og som er særleg viktig at kommunar i distrikta nytta meir aktivt. I det kommunale næringsarbeidet er det særleg rolla som 1.line næringsavdelinga dekkar. Det blir ytt tenester med rådgjeving, koordinering og tilrettelegging og sakshandsaming knytt til næringssaker. Ein peika og på det samla tilbodet av verkemiddelapparat regionalt (som Driv Agder, Innovasjon Noreg, Pågang næringshage, Kompetansefonda i Agder, Agder fylkeskommune, SIVA osv) som kapasitet til å drive rettleiing og formidling av kompetanse og ordningar. Tenestekjøp og bruk av næringshagar, og utviklingsselskap kan vere supplement til lokal 1.line.

Det kommunale næringsarbeidet blir føreslege dreia til meir fokus på arbeid med samla utviklingskapasitet, og meir aktiv bistand til små verksemder med rådgjeving og aktiv oppfølging av utviklingsprosjekt i verksemdene.

Ein legg og opp til meir formidlings-rolle for kompetanseutvikling for næringslivet som felles kurs og fagtilbod og arrangement, og innretta mot enkeltverksemder, verkemiddelapparat og ordningar. Kommunen skal aktivt formidle ordningar som Skattefunn, IFU og OFU-avtalar, SMB-program og -kursrekker for dei dette kan vere aktuelt for.

Kommunen vil invitere til og gjennomføre infomøter for næringslivet lokalt 3 gongar i året framover med aktuelt fagleg program. Det er eit mål at verkemiddelapparatet medverkar til å stø opp om og gjere etablerte verksemder meir robuste – og at råd og rettleiing kan vere nyttig. I tillegg vil det vere viktig å arbeide for å breie ut arbeidsmarknaden og at veksten kjem i privat sektor, og at ein utløyser synergjar og ringverknadar gjennom å stimulere til rekruttering og samhandling mellom ulike verksemder som treng fleire hender.

Ein ser og at lågtterskeltilbodet i kommunen kan bli meir viktig framover, og at næringsavdelinga meir aktivt kan bistå mindre verksemder med rådgjeving i arbeid med forretningsplan og dokumentarbeid slik at dei treff i høve eksterne støtteordningar. Det kan vere nyttig for verksemder å få bistand med tilrettelegging og koordinering av dialogen i høve det regionale verkemiddelapparatet med såkalla «Jungel-hjelp» både for nyetableringar og eksisterande verksemder. Samstundes som ein vil fasilitere og hjelpe er det viktig at det ligg kommersielle prinsipp og at ein har kritisk blick på støttenivået når det gjeld økonomiske verkemiddel frå kommunen si side. Der kommunen ikkje har relevant bransjekunnskap kan ein vurdere tenestekjøp for å bistå aktørar effektivt.

Det kommunale selskapet Bykle og Hovden Vekst (BHV) har allereie i dag mandat og en vedteken strategi som underbygger dei sin posisjon i arbeidet med næringsutvikling i kommunen. BHV er i dag ein viktig aktør til gjennomføring av eigedomsutvikling, gjennomføre store prosjekt, styre kommunale verksemder, og bidra med profesjonalitet i utvikling av større verksemder i kommunen. BHV ein aktør som eventuelt kan tilleggjast eit utvida oppdrag i næringsarbeidet framover. Kommunen og styret i BHV har god eigardialog.

Bykle kommune vil samarbeide og samskape.

Strategisk næringsplan 2025-2035

Ein ser det som aktuelt å løfte ulike satsingar / prosjekt framover i regi av BHV og/ eller kommunen sjølv, som:

- Arbeid med å auke innovasjonsevna hjå næringslivet
- Attrahere kompetansearbeidsplassar til kommunen og stimulere til nyetableringar i lag med kommunal tilrettelegging av areal og infrastruktur.
- Drive fram eit prosjekt med tanke på etablering av kraftkrevjande verksemdar og ei klynge rund rein kraft.
- Forvalte eventuelt lokalt investeringsfond / risikokapital til investeringar i lokale verksemdar og satsingar på vegne av kommunen.

Bruk av økonomiske verkemiddel til næringsutvikling

I frå drøftinga av kunnskapsgrunnlaget legg ein til grunn ønske om at næringsramma framover blir disponert etter desse føringane:

- Støtte til næringsutvikling skal verte tufta på ei kommersiell fagleg vurdering:
 - Prioritering av støtte til eksisterande verksemdar med potensial til vekst og auka verdiskaping, inkludert å oppretthalde gode lokale ordningar for vidareutvikling av landbruksnæringane.
 - Søkningar som ikkje har eit kommersielt føremål skal ikkje prioriterast
 - Oppdaterte retningslinjer som er målretta for å spisse bruken av næringsramma, der ein trekker ut kostnader til omsetteleg lausøyre, og innarbeide føringar for ev tilbakebetaling ved opphøyr / tak for samla støtte og andre relevante vilkår.
- Tydlegare differensiering til ulike satsingar og næringsområde, og mellom nyetableringar og verksemdar med vekstkraft og vekstpotensial, og fellessøknadar til arrangement og prosjekt. Balansere og vurdere om spiremiddelordning skal vidareførast eller om ein skal meir kommersielle organisasjonsformer (AS) og verksemdar med mål om fleire tilsette. Vurdere om ein skal øyremerke delar av ramma mellom bransjar.
- Kommunen framover vil legge til rette for å ta ei rolle i høve risiko-avlasting med utgangspunkt i at verksemdar i distrikt har eit svakare kommersielt utgangspunkt enn meir sentralt plasserte verksemdar som treng investorkapital og/eller bankfinansiering. Det er eit mål å avsette øyremerke midlar til langsiktige innsatsområde / prosjekt for større etableringar og satsingar.
- Avstemme samla innsats på reiselivsrelaterte løyvingar og drifta av fellesgode-infrastruktur opp mot andre næringar og langsiktig ønskjer om breiare næringsliv / omstilling til andre og nye framveksande næringar.
- Vurdere endra prioritering/innsats i dei ulike kommunale selskapa for å frigjere middel til nye og andre satsingar/investeringar.
- Lage einskaplege føringar for eigeninnsats/dugnadsinnsats som del av kostnadsgrunnlag ved støtte til arrangement – Vektlegge påreknelege næringsmessige ringverknadar i vurderinga av støtte.
- Vurdere om omdømebygging bør vere ei satsing for å styrke attraktivitet og rekruttering i komande år.
- Nytte kommunen si innkjøpsmakt og handlingsrom til å understøtte og ettersørje lokale varer og tenester, og slik auka lokal berekraft.
- Arbeide meir med å utløyse regionale verkemiddel og ordningar før ein nyttar lokal næringsramme.

Næringsavdelinga skal bistå slik at dei regionale verkemiddelordninga blir nytta før søknad til kommunen . Støtte til ny etablering skal prioriterast mot verksemd med vekstpotensial, auka verdiskaping og sysselsetting, og eit marknadsfokus ut av kommunen.

Grunnlaget i kompetansedelen talar for å vri den kommunale verkemiddelbruken mot tiltak av nytte for heile næringslivet for å skape eit felles og betre grunnlag for vekst og nyskaping. For å stø opp under endra fokus i arbeidet med næringsutvikling der fleire av tiltaka inneber prosess og prosjektarbeid over fleire år. Det kan skje innafor driftsramma til næringsavdelinga og ev øyremerka prosjekt i næringsramma framover.

I arbeidet med å skape innovasjon, vekst og nye etableringar vurdere ein at det er trong for meir risikokapital til etableringar. Risikokapital bør komme frå både kommunen og private aktørar. Slike investeringar bør gjerast basert på en kommersiell vurdering og etter strategiske og politiske føringar.

Bykle kommune vil samarbeide og samskape.

Tiltak:

1. Avstemme hovudprinsipp for fordeling / bruk av næringsfondet og disponering til næringsutvikling/næringsramme.
2. I framtidige budsjett føreslår ein at næringsramma blir tydlegare med fordeling av ramme til ulike innsatsområde innafor næring og øymerke rammer til prosjekt og satsingar relatert til føringane frå strategisk næringsplan. Vurdere ein forholdsmessigheit mellom rammer og bransjar i fordeling av poster.
3. Avspegle innsatsområda frå strategisk næringsplan sin handlingsdel med å plukke/prioritere tiltak med prosjektramme i årlege budsjett.
4. Utarbeidast og revidere alle ulike tilskottsreglement for disponering og løyvingar frå næringsramma, slik at dei understøtter føringane frå strategisk næringsplan. Innarbeide tak og reglar for støttenivå og samla støtte til einskildpersonar og føretak, jf. EØS-støtteregulverk. Innarbeide vilkår for varigheit og eventuell tilbakebetaling ved sal/oppheving innafor ei periode etter støttmottak.
5. Arbeide med å etablere eit fond for risikoavlasting – investering i lokale større etableringar/utviding av verksemdar.
6. Revidere kommunalt innkjøpsreglement med tanke på lokal innkjøp av varer og tenester så langt konkurranseregelverket tillèt, og slik fremjar produksjon og etterspørsel etter stuttreist / lokalmat i sine innkjøp. Vurdere etablering av lokal-Doffin-side for å fremje lokal verdiskaping og kjøp av varer og tenester.

Rekruttering, kompetanse og arbeidskraft

Trass låg arbeidsløyse har Bykle kommune også utfordringar knytt til utanforskap. Gjennom «Brynje prosjektet» er det et sterkare fokus på å hindre fråfall frå skole og styrke menneskers moglegheit for å kome inn i, eller tilbake til lønna arbeid og arbeidslivet. Dette arbeidet er viktig og vi må nytta forventet vekst til å få fleire ut av utanforskapet.

Samtidig opplev næringslivet utfordringar med å skaffa arbeidskraft, kvantitativt og kvalitativt. I kommunen skårar me lågt på lærlingar og yrkesfagleg kompetanse, medan me med fordel kan få fleire med høgare utdanning, særleg innan tekniske fag. Det er og låg del kvinner i tradisjonelle mannsdominerte bransjar som bygg og anlegg. Me må samarbeida på tvers for å sikre tilgang til tilstrekkeleg og riktig kompetanse.

Tiltak

1. «Heimte». I samarbeid med ungdomsrådet skal kommunen bidra til et årleg arrangement for utflytta ungdommar og dei som fortsett bur i kommunen der fokus er på arbeidsmoglegheiter og bulyst.
2. Bykle kommune skal i samarbeid med næringslivet og Setesdal interkommunale politiske råd arbeide for å ta imot minst 1 nye trainee kvart år.
3. Samarbeide med næringslivet om å utvikle en felles profilering av bo- og arbeidsattraktivitet i Bykle. Delta på arrangement for studentar, karrieredagar, utdanningsmesser og rekruttering saman med lokalt næringsliv for å sikre relevant fagkompetanse og arbeidskraft. Vurdere felles rekrutteringsportal og stillingsbank innanfor bu- og arbeidsmarknadsregionen for kommunane og lokalt næringsliv.
4. Auke tal nye lærlingar i kommunen og fremje lærlingordningane for næringslivet. Bykle kommune skal utgreie behovet for felles bustadtilbod for lærlingar i lag med lokale næringsaktørar. Eventuelt vurdere butilbod for unge og yngre tilflyttarar for skape godt bumiljø og inkludering.
5. Fremje lokalt næringsliv og arbeidsliv med tanke på rekruttering og relevante utdanningsval. Fokuserer fagbrevsutdanningar som sal, service og matfag i lag med lokalt næringsliv med unge stolte ambassadørar på utdanningsmesser osb. Vere aktiv med å tilby praksisplassar for studentar ved samarbeidande universitet som UIA og NMBU som innsal og langsiktig rekruttering til småkommunar.
6. Leggje til rette for auka bruk av samlingsbaserte og fleksible – ev. desentralisert utdanningstilbod på høgskole/universitetsnivå saman med UIA og andre institusjonar. Formidling av relevante kurs og sertifiseringar for lokalt næringsliv.
7. Nytte stipendordning til målretta stimulering til utdanning relatert til lokalt næringsliv sitt behov.

Bykle kommune vil samarbeide og samskape.

8. Alle verksemdar skal få informasjon og kunnskap om regelverk og støtteordningar knytt til å ta i bruk personar som er i utanforskap, samt oppmode arbeidsgjevar til å nytte moglegheitsrommet i eksisterande verkemidlar. Setje fokus på innsats for at flyktningar sin arbeidsressurs blir utløyst i meiningsfylt arbeid.
9. Leggje til rette for kjennskap til lokalt arbeidsliv og kunnskap om næringslivet og lokale moglegheiter i grunnskulen, og fremje grunderskapsopplæring med ungt entreprenørskap.
10. Vurdere lokal studielån- ordning – på nivå med staten og kommunar i Nord-Noreg.

Infrastruktur og mobilitet

Velfungerande infrastruktur fremjar gode kommunikasjons- og logistikk-løysningar, trygg og effektiv transport for næringslivet og andre. Det er avgjerande for bu- og besøksattraktivitet, men og for næringsattraktivitet.

Spele på dei stadbundne ressursane og fortrinna med lokal kraftproduksjon – og få til etableringar nær produksjonsstaden. I dag er mangel på tilgjengeleg kraft og tilhøyrande nettkapasitet ei utfordring som ein må finne moglege løysingar på for å kunne tiltrekke seg nye verksemdar.

Satsing på utsleppsfrie løysingar for maskiner, utstyr og transport er ein del av det grønne skiftet. Betre og meir miljøvennleg kollektivtilbod og transportløyser vil venteleg understøtte berekraftssatsingar.

Transportkorridorar og reiseruter til og frå kontinentet og mellom sør- aust- og vestlandet vil styrke kommunen sin attraktivitet som reisemål og som stad for nye næringsetableringar.

Tiltak

1. Vidareføre påverknadsarbeidet med gul midtstripe på RV 9 frå Hovden til Haukeli.
2. Stø opp om i arbeidet med transportkorridoren E 134 mellom Oslo og Bergen og knutepunkt Haukeli.
3. Stø opp om ulike reiseruter og transportkorridorar av tyding for vegtrafikanter i og gjennom kommunen, som Dalen – Brokke- Suleskard og Rv 42 Arendal- Evje – Tonstad.
4. Gang-sykkelvegar og sykkelrute 3-satsing vil vere viktig for reiselivet framover.
5. Tilgong til straum er føresetnad og kritisk for nyetableringar. Samarbeide med Glitre Nett, Statnett og andre om løysningar for straumtilførsel som sikrar moglegheit for vekst og utvikling av nye etableringar og vekst lokalt.
6. Arbeide for meir utsleppsfril transport og stø opp om alternative transportløyser som lyntog Bergen-Haukeli – Oslo for å avlaste biltrafikk.
7. Arbeide for ein kontinuerleg utvikling av robuste føringsvegar for fiber og nettkapasitet som sikrar framtidens behov.
8. Kommunen vil fokusere på samkøring av arbeidsreiser og tenestereiser (haik-ordning) for eigne tilsette, og vurdere fellestransport mellom Hovden og Bykle tilpassa arbeidstider, og vidareutvikle infrastruktur som styrker kollektivtransportmoglegheiter internt i kommunen.
9. Tilrettelegging og arealdisponering som reduserer transportbehov internt i kommunen.
10. Samarbeid med fylkeskommunen og Agder kollektivtrafikk (AKT) og andre om eit best mogleg kollektivtilbod i døme frekvens, komfort, pris og tilgjengelegheit, korrespondanse med ekspressbuss-ruter (RV9-E134) Hovden- Haukeli – Kristiansand, med korresponderande kollektivtilbod til Oslo, Bergen og Haugesund/Stavanger..
11. I samarbeid med fylkeskommunen og AKT, etablere gode lokale pendlartilbod /bestillingsordning «Bygderute» for ulike målgrupper mellom Bykle og Hovden, inkludert skibuss/ nattbuss (helg). Alternativt etablere lokal transportteneste, minibuss/taxi-ordning som del av «ambulerande vaktmeister og sjåførteneste» for eldre. Kartlegge behov og kostnader for ulike driftsmodellar og eventuell regional med-finansiering.
12. Kommunen vil ta ei leiande rolle i å leggje om til utsleppsfril biler og maskiner i eiga verksemd. Ved utskifting av eldre materiell, skal mest mogleg av nye bilar skal vere utsleppsfril.
13. Kommunen skal også fremje og etterspørje varer og tenester med fokus på miljø i sine innkjøp.
14. Stimulere til bruk av utsleppsfril teknologi – maskiner og utstyr i næringslivet.

Næringsareal, tomter og lokale

Næringslivet treng føreseielegheit. God dialog og rask tilbakemelding er viktig. Ferdig regulerte næringsareal og attraktive næringslokale er blant dei største konkurransefortrinna ein kommune kan ha for å sikre nye etableringar.

Tiltak

1. Tilstrekkelege næringsareal ferdig regulert og eigna næringsområde for lokale verksemder, og for unne tiltrekkje seg nye etableringar.
2. Vurdere reguleringsendringar i sentrumsområda med tanke på å fortette/transformere eksisterande og optimalisere næringsareal og tilgjengelegheit og lokalisering av verksemder innanfor handel, sal, servering, kontor og servicenæringar. Ein ønskjer meir posehandel i sentrumskjernen i Hovden, og at det blir krav om næringslokale i 1.etasje i nye sentrumsbygg / nye reguleringar i Hovden sentrum.
3. Lett tilgjengeleg oversikt over ledige næringsareala og -lokalar med kontaktinformasjon
4. Jamleg og god dialog med næringslivet om deira behov for areal.
5. Påverke til at private aktørar og grunneigarar regulerer næringsområde i medhald av kommuneplanen sin arealdel til eigen bruk og eventuell utleige av næringsareal i ulike bransjar.
6. Samarbeide med næringsaktørane om kartlegging av behov for ulike bu-tilbod (etterspurnad / pris / standard/ storleik) for sesongarbeidskraft med gjennomgangsbustadar for å kunne rekruttere arbeidskraft og vurdere sambruk med annan utleige utanom sesong. Vurdere etablering av fleire eige-for-leige prosjekt ved behov.
7. Etablere større næringsareal for store etableringar og industri på eigna stader, og aktivt medverke til at ulike type etableringar blir lokalisert på eigna stad og utanfor bustadområde.
8. Regulere og opparbeide areal for kraftkrevjande etableringar nær produksjonsstaden – i Nordbygda.
9. Synleggjere etablerte næringsområde / -næringsparkar med gode informasjonsskilt.
10. Revitalisere og synleggjere Coworx-fasilitetar og kontorfellesskap med fellesfunksjonar og tilbod for fleire.
11. Aktiv påsjå at næringsområda, som Harteavatn industriområde, framstår ryddige og ordna – og følgje opp kommunale leigeavtaler ved misleghald.
12. Vurdere etterbruk av «gråareal» som framtidige næringsområde i samband med ny arealdel av kommuneplan. Ein bør og drøfte areal til nye næringar som helseturisme / helseinstitusjonar og lokaliseringsskriteria.
13. I og rundt Hovden sentrum ventar ein at private aktørar kan ta ei sterkare rolle med regulering av næringsareal til ulike føremål, medan ein tilsvarande ser at kommunen må ta ei meir aktiv rolle i og rundt Bykle, og at kommunen må vurdere etablering av råbygg med tanke på framtidige leigetakarar i nedre del av kommunen.
14. Kommunen er attraktiv for ulike beredskapsorganisasjonar som øvingsområde og trening i felt. Ein bør også vurdere lokalisering / øvingsanlegg som kan skape ny aktivitet i kommunen.

5 Resultat-/ effektmål - næringsarbeidet innan 2035

Kommunar som legg godt til rette for næringsutvikling bidreg til at verksemder får viktige konkurransefortrinn. For å lukkast er det viktig å være tett på næringslivet, tilpasse seg raskt og sørge for kort veg mellom idé og handling. I samskapinga må alle gjere godt arbeid kvar dag for å få ønskja resultat.

For kommunen er det også ønskeleg å kunne rapportere og evaluere effektane av arbeidet. Kommunen vil framover legge inn i si rapportering vurdering av måloppnåing mot følgjande resultatmål.

Innan 2035 skal kommunen ha medverka til:

- Auka tilfredsheit med det kommunale næringsarbeidet.
- 10 nye verksemder med marknadsfokus utover kommunen. I dette ligg;
 - Nye næringar(koder) som ikkje finnes i Bykle pr nå for å auka variasjon i næringslivet.
 - Nye etableringar av kraftkrevjande verksemder
 - Nye produkt/prosessar/verksemder som spring ut av innovasjonsarbeid i eksisterande verksemder.
- 50 nye arbeidsplassar i privat sektor. I dette ligg;
 - 15 nye kompetansearbeidsplassar.
- Lokalt landbruk er i vekst, tilfanget av lokalmat er aukande, og graden av sjølvforsyning i kommunen er på 50 %.
- Samanlikna med 2024-tala – 10 % auka samla omsetning og resultat, og 7 % auka sysselsetting i eksisterande verksemder
- Kvar år skal kommunen har gjennomført 3 temadagar/samlingar for lokalt næringsliv og vitja minst 10 verksemder.
- Alle løyvingar og aktørar /næringssatsingar skal vere promotert og synleggjort for å understøtte omdømebygginga av ein næringsattraktiv kommune.



Saksmappe: 2025/313
Sakshandsamar: SSH
Dato: 13.08.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
66/25	Formannskap	19.08.2025
89/25	Kommunestyret	28.08.2025

Søknad om støtte - Elvate AS

Kommunedirektørens si tilråding

Bykle kommune løyver 25 % av kostnadar til marknadsføring og opplæring av personell som omsøkt med inntil kr 1.051.250 til Elevate AS. Løyvinga blir ytt på vanlege vilkår og med inndekking frå næringsramma og med tilleggskrav om forretningsadresse i kommunen, jf. saka.

Formannskap si handsaming av sak 66/2025 i møte den 19.08.2025:

Handsaming

Saka vart drøfta

Tilleggsforslag frå Hedda Helene Schaanning AP:

"Tilleggssetning til innstilling: Kommunen kan krevje tilbake midlane om firmaet bytter

adresse ut av kommunen innen 5 år og ønsker dette prinsippet innarbeidd i reglementet."

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Tilleggsforslaget frå Hedda Helene Schaanning vart samrøystes vedteke

Vedtak

Bykle kommune løyver 25 % av kostnadar til marknadsføring og opplæring av personell som omsøkt med inntil kr 1.051.250 til Elevate AS. Løyvinga blir ytt på vanlege vilkår og med inndekking frå næringsramma og med tilleggskrav om forretningsadresse i kommunen, jf. saka.

[...] Kommunen kan krevje tilbake midlane om firmaet bytter adresse ut av kommunen innen 5 år og ønsker dette prinsippet innarbeidd i reglementet.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Elevate er eit nytt selskap med utspring i gamle Nesland Anlegg AS. Elevate ønskjer å akselerere det grønne skiftet innafor anleggsbransja med import av heilelektriske anleggsmaskiner. Selskapet har store ambisjonar om å ta ein posisjon for å fremje omstilling og bidra til reduserte utslepp innafor anleggssektoren, i første omgang i Noreg og Sverige. Dei har inngått avtale om import frå maskinprodusenten XCMG.

Bakgrunn for saka

Eigarane av Hovden hytteservice har etablert Elevate som ei re-etablering / nytt selskap etter gamle Nesland Anlegg AS. Eigarane vil ta ein nasjonal posisjon og akselerere det grønne skiftet i anleggssektoren gjennom import og sal av heilelektriske anleggsmaskinar. Dei søker om støtte til marknadsføring og opplæring av personell i den nye verksemda, med ca 25 % av budsjetterte kostnadar til dette.

Formelt grunnlag

Formannskapet har fullmakt til løyvingar inntil kr. 500.000 i medhald av delegeringsreglementet. Søknadar /løyvingar utover dette blir avgjort av kommunestyret sjølv.

Økonomiske og andre vurderingar og konsekvensar

Elevate AS har store ambisjonar om høg omsetting og vekst i ein ny marknad.

Dei ønskjer å etablere ny lokal kompetanse baset på ny teknologi og utvikle eit nytt og unikt kompetansefelt i Bykle. Vekstambisjonane er 10-20 arbeidsplassar og høg omsetning allereie første driftsår, med monalege verknader for kommunen i form av arbeidsplassar og skatteinntekter direkte og indirekte.

Elevate AS ønskjer å gå i front med å tilby løysingar (maskiner og kompetanse) som bidreg til at miljøavtrykk frå bransjen blir monaleg redusert framover.

Kommunedirektøren syner til gjennomgangen av virkemiddelbruk innanfor næring, og arbeidet med ny strategisk næringsplan. Ein har kartlagt at etablert praksis med mange små løyvingar har liten effekt både med tanke på auka lokal verdiskaping og sysselsetting. Gjennomgang syner at ein har hatt lite kommersielt fokus i tildelingane. I ordskiftet har ein drøfta at det er grunnlag for dreining mot meir effektiv og målretta bruk av næringsramma framover.

I kommuneplan sin samfunnsdel har kommunen signalisert ei dreining og prioritering av innsats mot å utvikle eit meir variert næringsliv, meir satsing på bransjeutvikling og spin-off av å vere ein kraftkommune, og spele på lag med våre fortrinn med mykje rein energi.

I utkast til ny strategisk næringsplan er kommunen sitt hovudfokus i arbeidet med næringsutvikling framover å leggje meir til rette for vekst i lokale verksemdar med vekstpotensial, innovasjon og nye etableringar innanfor nye framveksande næringar. Ein har og føreslege at næringsramma framover skal bli disponert meir basert på kommersiell fagleg vurdering, og at ein skal prioritere søknadar som har potensial for vekst og verdiskaping. Under satsingsområdet infrastruktur og mobilitet er det eit eige tiltak som heiter:

14. Stimulere til bruk av utsleppsfrí teknologi – maskiner og utstyr i næringslivet.

Kommuneplanen er vedteken, medan strategisk næringsplan ikkje formelt handsama/vedteken per no.

Kommunen står likevel fritt til å endre praksis uavhengig av dette, og basert på konkret vurdering av einskildsaker og tydinga av saka.

Kommunedirektøren vurderer at dette er ei slik sak som både understøtter ønskja dreining innanfor næringsutvikling, og i seg sjølv er så vidt viktig i høve potensial og påreknelege verknadar for sysselsetting, verdiskaping og ringverknadar for kommunen har stor tyding.

Kommunedirektøren legg og vekt på eigarane sine solide bransjekunnskap og posisjon i høve anleggssektoren og at dei har dugleg kommersiell tyngde, og tydeleg lokal forankring.

Ut i frå ei konkret vurdering av det kommersielle potencialet og ovanfor nemnte tilhøve innstiller kommunedirektøren positivt til disponere monaleg løyving av rest-ramma for 2025 i denne saka. Ein gjer samstundes merksam på at det då i praksis vil vere lite att til eventuelle andre små søknadar resten av året.

I nye retningslinjer for næringsstøtte vil kommunedirektøren føreslå at det blir nytt vilkår til alle om at dei som mottek slik støtte skal ha forretningsadressa i Bykle kommune, og at ev flytting / avvikling dei neste åra kan medføre krav om heil eller delvis tilbakebetaling av støtte. dei neste fem åra. Ein legg dette til grunn og i denne saka.

Tilhøve til kommuneplanen

Etableringa understøtter mål og strategiar om breiare næringsliv mv.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Søknad om tilskudd til etablering av Elevate AS i Bykle kommune.pdf
- 2 Cost Report Market 2025 2026.pdf
- 3 Presentation Elvate Agder.pdf
- 4 Firmaattest Elvate AS.pdf

Melding om vedtak blir sendt til:





SERVICE

Elvate AS strävar efter att ha ett omfattande och välutvecklat servicenätverk som täcker stora delar av Norge.


Vårt dedikerade team med produktchef och certifierade servicetekniker finns tillgängliga över hela landet för att säkerställa snabb och effektiv service direkt på plats.

Oavsett var i Norge du arbetar, kan du lita på att vi finns där för att minimera driftstopp och maximera produktivitet.


Vi ser även möjligheter att certifiera vissa av våra större kunder för att säkerställa att man kan ha egen kontroll över sin flotta enligt gällande direktiv från maskinleverantören.



A row of various Komatsu excavators, including large crawler models and smaller skid steer models, all in green and black. The large crawler excavators are positioned in the foreground, while the smaller skid steer models are in the background. The Komatsu logo is visible on the arms of the larger machines.



1





GARANTIER

Våra nya maskiner levereras med en omfattande 5-års garanti eller 10 000 timmar beroende på vad som inträffar först.

Detta ger dig trygghet och säkerhet i ditt maskinköp, samtidigt som det minskar dina ägandekostnader och risker för oväntade reparationer.

Garantiärenden hanteras och prövas via ett väl dokumenterat arbetssätt och rutiner för att säkerställa den eventuella bristen eller kvaliteten i produkten.



INNOVATION

Elvate AS är ständigt i framkant när det gäller att utveckla och förbättra vår eftermarknad.

Vi använder innovativa metoder och digitala verktyg för att optimera service, underhåll och reservdelshantering.

Vår strävan är att alltid ligga ett steg före och erbjuda de bästa lösningarna för våra kunder.

Våra medarbetare genomgår kontinuerlig kompetensutveckling för att hålla sig à jour med den senaste teknologin och serviceprocedurerna.

Detta garanterar att du alltid får support från kunniga experter som är uppdaterade på de senaste innovationerna inom XCMG och elektriska maskiner.





TELEMATIC






Vår avancerade molnlösning gör det möjligt för dig att övervaka och kontrollera alla maskiner i realtid.

Du kan enkelt se maskinstatus, utnyttjandegrad, batteristatus och felkoder via en användarvänlig plattform.

Denna digitala tjänst ger dig full kontroll och möjliggör proaktivt underhåll, vilket ytterligare förbättrar maskinernas tillgänglighet och lönsamhet.

Man tar enkelt ut en komplett miljörapport med den data man vill rapportera.





XCMG



XE19-EV
2,2 ton



XE27CREV
2,7 ton



XE215-EV
25 ton



XE270-EV
30 ton



XC908-EV

2,8 ton



XC918-EV

7 ton



XC948-EV

14 ton



XC968-EV

20 ton



XC975-EV

24 ton 279



XC988-EV

29 ton

XC9108-EV

35 ton





XCMG



XDR80-EV
44 ton
80 ton lastkapacitet



GR350EP
35 ton



EV Modeller som kommer under 2025

Minigrävare XE60-EV (6,5 ton)

Bandgrävare XE135-EV (15 ton)

Bandgrävare XE380-EV (38 ton)

Hjulgrävare XE155-EV (16 ton)





Organisasjonsnummer: 998 276 764

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Stiftelsesdato: 17.04.2012

Registrert i
Foretaksregisteret: 21.04.2012

Foretaksnavn: ELVATE AS

Tidligere foretaksnavn: NESLAND ANLEGG AS

Forretningsadresse: Røyrvikvegen 6
4755 HOVDEN I SETESDAL

Kommune: 4222 BYKLE

Land: Norge

Telefon: 37 93 95 51

E-postadresse: post@hovdenhytteservice.no

Aksjekapital NOK: 60 000,00

Daglig leder: Jo Breivegen

Styre:
Styrets leder: Jo Breivegen
Løyningsvegen 31
4754 BYKLE

Styremedlem: Yngve Breivegen

Signatur: Styrets leder og ett styremedlem i fellesskap.

Revisor: Godkjent revisjonsselskap
Organisasjonsnummer 965 820 310
IREVISJON AS
Skippergata 2A
4611 KRISTIANSAND S

Vedtektsfestet formål: Entreprenørvirksomhet innen bygg og anlegg, transportvirksomhet, kjøp og salg av stein og sandmasse, kjøp og salg av maskiner og driftsmidler, utleie av maskiner og driftsmidler, samt deltakelse i andre selskaper.



Brønnøysundregistrene

Foretaksregisteret, Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Organisasjonsnummer: 974 760 673
Internett: <http://www.brreg.no>

Firmaattest

Telefon: 75 00 75 00

Firmaattesten inneholder opplysninger registrert i Foretaksregisteret om et bestemt foretak identifisert med organisasjonsnummer.

Opplysningene omfatter forhold som er registrert i Foretaksregisteret pr. utskriftsdato.

Meldepliktige forhold som ikke er meldt, og som er i strid med det som er registrert, kan ikke gjøres gjeldende overfor tredjemann, med mindre denne kjente til eller burde kjent forholdet, jf foretaksregisterloven § 10-1.

Enhver har rett til å gjøre seg kjent med det som er registrert i Foretaksregisteret. Dette gjelder imidlertid ikke fødselsnummer.